

Masteroppgåve ved Institutt for
Sosiologi og Samfunnsgeografi,
Universitetet i Oslo
Haust 2008

Demokratisk handlingsrom

- eit studie av nasjonaliseringa av
dei bolivianske gassressursane og demokratisk utvikling

av Heidi Lundeberg



Framsida:

Fotografi av Heidi Lundeberg

frå ein vegblokade i Bolivia våren 2007.

Innholdsfortegning

Akronym.....	iii
Liste over figurar.....	iv
Forord.....	v
1. Innleiing.....	1
1.1 Fyrtårnet Bolivia	1
1.2 Problemstilling	2
1.3 Ressursriktom og fattigdom	4
1.4 Gangen i oppgåva.....	6
2. Teoretiske perspektiv på ressursforvaltning og demokrati.....	8
2.1 Hegemoni og politisk handlingsrom	10
2.2 Demokrati og staten som utviklingsaktør.....	16
2.5 Oppsummering: Demokratisk handlingsrom	20
3. Metode	22
2.1 Bakgrunn og vitenskapsteoretisk tilnærming.....	22
2.2 Casestudie.....	23
2.3 Datainnsamling.....	24
2.4 Analyseprosess	27
2.5 Relasjon mellom forskar og informant.....	28
2.6 Ethiske vurderingar	31
2.7 Truverd og gyldigheit.....	32
4. Minimalistisk demokrati.....	34
4.1 Elitedemokrati	34
4.2 Sivilsamfunnsorganisasjonar og utanomparlamentarisk kamp	35
4.5 Desentralisering.....	38
4.6 Regjeringspartiet MAS og vertikal ansvarlegheit	40
4.7 Nyliberalisme og fattigdom.....	42
4.7 Oppsummering: Sosioøkonomisk utvikling – ei demokratisk utfordring.....	44
5. Nasjonalisering av gassressursane	46
5.1 Eit politisk handlingsrom blir skapt	46
5.1.2 Nyliberalisme og ressursforbanning.....	47

5.1.3 Sosiale rørsler og hegemoni	48
5.1.4 Regimeskifte.....	52
5.1.5 Historisk blokk	52
5.2 Nasjonaliseringa og økonomiske ressursar	54
5.2.1 Lov 3058 om hydrokarbon	54
5.2.2 1. mai dekretet	55
5.2.3 Kontraktane	56
5.2.4 Regimeskiftet ber frukter	58
5.3 Kven får dei største gåvene og kven vinn den store skatten?.....	62
5.4 Interessekamp om ressursane	64
5.4.1 Desentralisert forvaltning til lokal utvikling	64
5.4.2 Regional gassressurs og økonomisk autonomi.....	67
5.4.3 Statleg forvaltning og industrialisering	68
5.5 Oppsummering: Statleg kontroll gjev politisk handlingsrom	69
6. Nasjonalisering og demokratisk utvikling	71
6.1 Folkeleg kontroll og sosioøkonomisk utvikling	71
6.2 Interessekamp og sosioøkonomisk utvikling	73
6.3 Styringsnivå og demokratisk utvikling	75
6.4 Aust mot vest eller rik mot fattig?.....	77
6.5 Oppsummering: Nasjonalisering, folkeleg kontroll og politisk likskap	80
7. Demokratisk handlingsrom.....	82
7.1 Statleg kontroll over naturressursar mogleggjer demokratisk utvikling	82
7.2 Kontekstuelle analyser av ressursforvaltning	86
7.3 Olje for Utvikling	88
7.3 Upløgd jord - nye innfallsvinklar	89
7.3.1 Sivilsamfunn som politisk arena	89
7.3.2 Elitekamp	90
7.3.3 Regional integrering	90
7.3.4 Mitt bidrag	91
Referanseliste.....	92
Nettsider	97
Vedlegg 1: Liste over intervju	
Vedlegg 2: Intervjuguide	

Akronym

ASP	Asamblea Soberana del Pueblo (Politisk parti)
BNP	Brutto Nasjonalprodukt
CEADES	Colectivo de Estudios Aplicados al Desarrollo Social (NGO)
CEDIB	Centro de Documentación e Información Bolivia (NGO)
CIDOB	Confederación de Pueblos Indígenas de Bolivia (urfolksorganisasjon)
COB	Confederación Obrera Boliviana (landsorganisasjonen i Bolivia)
CPSC	Comité Pro Santa Cruz (sivilsamfunnsorganisasjon)
CSTUCB	Conf. Sindical Única de Trabajadores y Campesinos Boliviana (bondeorg.)
FDI	Foreign Direct Investment (direkte utanlandsinvesteringar)
FEJUVE	Federación de Juntas Vecinales (organisasjon for nabolagskomitear)
FSTPB	Federación Sindical de Trabajadores Petroleras Bolivia (fagforeining oljearb.)
LPP	Ley Participación Popular (desentraliseringslov)
MAS	Movimiento al Socialismo (politisk parti)
MIR	Movimiento de Izquierda Revolucionaria (politisk parti)
MKM	Millioner kubikkmeter
MNR	Movimiento Nacional Revolucionario (politisk parti)
NGO	Non Governmental Organization (ikkje statleg organisasjon)
NOK	Norske kroner
OPEC	Organization of the Petroleum Exporting Countries (org. for oljeeksport land)
PDVSA	Petróleos de Venezuela S.A (venezuelansk statleg oljeselskap)
PNUD	Programa de las Naciones Unidas para el Desarrollo (UNDP Bolivia)
PODEMOS	Poder Democrático y Social (politisk parti)
RBD	Right Based Development (rettsbasert tilnærming til utvikling)
TNS	Transnational Corporations (transnasjonale selskap)
UNDP	United Nations Development Program (Foreina Nasjonars utviklingsprogram)
UNHCHR	United Nations High Commissioner of Human Rights (Høgkommissær MR)
YPFB	Yacimientos Petrolíferos Fiscales Boliviano (boliviansk statleg oljeselskap)

Liste over figurar

Figur 1: Kart over Bolivia inndelt etter regionale grenser.....	5
Figur 2: Forhold mellom demokrati og menneskerettar.....	18
Figur 3: Fordeling av overskot i gass- og olje næringa ifølgje 1.mai dekretet.....	57
Figur 4: Fordeling av overskot i gass- og olje næringa ifølgje kontraktane.....	57
Figur 5: Statens skatteinntekter frå gassektoren.....	59
Figur 6: Fordeling av gåver ifølgje Lov 3058.....	63
Figur 7: Fordeling av skatt ifølgje Lov3058.....	63

Forord

Denne oppgåva har blitt til med hjelp frå ei rekkje fine folk. Eg vil takke veileidarane mine Kristian Stokke og Elin Sæther for motivasjon og imponerende emne til å strukturere mine rotete tankar. Eg hadde gleden av å skrive oppgåva mi ved Norsk Utanrikspolitisk Institutt og vil rette ein stor takk til NUPI for kontorplass og trivelege dagar, avdelingsleiar Stein Sundstøl Eriksen for teoretisk innsikt og givande samtaler, bibliotekar Tore Gustavsson for alle artiklane som har haldt meg oppdatert på utviklinga i Bolivia, og medarbeidarar Axel Borchgrevink, Øyvind Eggen og Anita Haslie for god hjelp og godt selskap. Takk til informantane Julia Ramoz, Ines Avalos, William Donaire, Isac Avalos, Henry Tito, Adolfo Chavez, Pedro Montes, Segundina Flores, David Reynoso, Antonio Aranibar, Gustavo Morales y Nelida Faldón. Gracias a todas y todos. Til slutt vil eg takke ei rekkje venner som har vore til stor hjelp. Takk til Kristen Nordhaug og Einar Braathen for gjennomlesing og nyttige kommentarar; takk til syster Randi for korrekturlesing; takk til Per Ranestad for gode kontaktar, engasjerande samtaler og stor inspirasjon; og takk til kjære John Åge for støtte, tålmod og armkrok.

Takk til sosiale rørsler, organisasjonar og enkeltpersonar som kjempar for demokratisk utvikling og rettferd til trass for fattige kår og undertrykking. Ei anna verd er mogleg.

1. Innleiing

Denne oppgåva handlar om nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane og moglegheitene for demokratisk utvikling. Bolivia er rikt på strategiske naturressursar, likevel lever majoriteten i fattigdom. Eg ynskjer med oppgåva å diskutere korleis Bolivia med statleg kontroll over den strategiske gassressursen har skapt eit politisk handlingsrom for demokratisk utvikling.

1.1 Fyrtårnet Bolivia

Dei siste åra har Latin-Amerika vore prega av politiske omveltingar. Sosiale rørsler rundt om i heile regionen har mobilisert mot nyliberale reformer og for fordjuping av demokratiet, og i ei rekkje land har venstreorienterte parti fått regjeringsmakt. Haldningsanalysen Latinobarómetro¹ viser at latinamerikanarane er misnøgd med privatiseringsbølga som har fylgt med den nyliberale politikken, at folk i regionen ynskjer ein meir aktiv stat². Undersøkinga viser aukande tilslutning til myndigheitene i Bolivia, Venezuela og Ecuador som har sett i verk omfattande sosiale reformer dei siste åra.

La Guerra del Gas, gasskrigen i Bolivia, står som eit av dei klaraste bileta på den misnøya, folkelege mobiliseringa og politiske endringa som har karakterisert delar av regionen. I 2003 tok fattige bolivianarar til å protestere mot det nyliberale regimet og ei ressursforvaltning som synast å prioritere transnasjonale selskap over den bolivianske befolkninga. Sosiale rørsler mobiliserte for nasjonalisering av den strategiske ressursen. Tusenvis av folk frå ulike sosiale sektorar demonstrerte i vekevis for at ressursrikdomen skulle tilfalle den bolivianske befolkning. Opprøret gav resultat og i dag er ressursen under statleg kontroll. Gassressursane er lovfest som statleg eigedom, eit nasjonaliseringsvenleg parti har fått regjeringsmakt, skattelegginga av sektoren har auka betydeleg og ein nasjonal gassindustri blir bygd opp. Ei undersøking gjort av UNDP viser at bolivianarane meiner det går rett veg med det nye gassregimet (PNUD 2007). Ifølgje undersøkinga meiner det store fleirtalet av befolkninga at gassressursane tilhøyrer det bolivianske folk, og at landet utvikla seg i rett retning då president Evo Morales presenterte nasjonaliseringsdekretet 1. mai 2006.

¹ Latinobarómetro vert utgitt av The Economist og brukast i FN systemet.

² Morgenbladet 21/12-2007

Med nasjonalisering av gassressursane står Bolivia fram som eit fyrårn i regionen, og også internasjonalt.

Nasjonalisering av olje- og gassressursar er ein internasjonal trend. Dei siste åra har fleire land som Venezuela og Russland nasjonalisert ressursane sine. I dag er omlag 80 prosent av verdas olje- og gass ressursar kontrollert av statlege selskap (Blum 2005). Noreg tener som døme på kva statleg styring over olje- og gassressursar kan bety for økonomisk, teknologisk og sosial utvikling. Om lag ein tredjedel av inntektene til den norske stat kjem frå oljesektoren³. Statleg kontroll og oppbygging av ein nasjonal oljeindustri mogleggjorde høg skattlegging av sektoren. Den nasjonale oljeindustrien gjev arbeidsplassar og i dag er 100 000 tilsett i sektoren⁴. Gjennom eit statleg oljeselskap har ein hatt moglegheit til å støtte opp om norsk leverandørindustri (Olje og Energidepartementet 2002), samtidig som konsesjonskrav om at utanlandske selskap skulle dele kunnskap med norske selskap la grunnlaget for høgteknologiske forskingssenter. Sett frå eit norsk historisk perspektiv er det derfor interessant å sjå at land i Sør med omfattande fattigdom og behov for sosiale reformer nasjonaliserar sine strategiske olje- og gassressursar. Kan statleg kontroll over sektoren for land i Sør bli eit like viktig verkemiddel som det har vore for Noreg?

1.2 Problemstilling

Med denne oppgåva vil eg svare på problemstillinga **Korleis er det med nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane skapt eit demokratisk handlingsrom?** Med følgjande forskingsspørsmål vil eg svare på problemstillinga:

- Kva er demokrati, og kva kjenneteiknar forholdet mellom sivile og politiske rettar på den eine sida og sosiale og økonomiske rettar på den andre sida?
- Korleis er det med nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane skapt eit politisk handlingsrom, korleis blir dette handlingsrommet nytta, og korleis utspelar interessekampen om den strategiske ressursen seg?
- Korleis er nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane knytt til demokratisk utvikling?

³ www.npd.no 18.09.07

⁴ NRK Dagsnytt 28.10.07

Demokrati er eit mykje debattert omgrep og eg ser det derfor som naudsynt å avklare korleis eg vil bruke det i denne oppgåva. Demokrati er ein prosess og eg vil derfor bruke omgrepet *demokratisk utvikling*. Demokratisk utvikling byggjer på prinsippa om folkeleg kontroll og politisk likskap (Beetham 2000). Prinsippet om folkeleg kontroll grunnar i ideen om at folk bør styre over sine egne liv, og også derfor over kollektive avgjersler som vedkjem dei. Politisk likskap refererar til prinsippet om at alle menneske skal ha like rettar fordi dei er like mykje verdt. Menneskerettane står sentralt i statar sitt strev etter å etterleve dei demokratiske prinsippa. Ved å garantere borgarane sivile og politiske rettar, som røysterett, ytringsfridom og organisasjonsrett, vil staten leve opp til prinsippa om folkeleg kontroll og politisk likskap. Desse rettane utgjer kjernen i den liberaldemokratiske modellen, men kritikarar av liberaldemokratiet påpeikar at sivile og politiske rettar står i gjensidig avhengigheitsforhold til sosiale og økonomiske rettar som rett til arbeid og utdanning (Beetham 2000). Sosioøkonomisk utvikling spelar altså ei rolle for demokratisk utvikling og demokrati er avgjerande for sosioøkonomisk utvikling.

Nasjonalisering er ein kontekstavhengig politisk prosess. Det vil seie at nasjonalisering tek ulik form og får forskjellige følgjer i ulike land og sektorar. I boliviansk kontekst har nasjonaliseringa dreia seg om å ta eigedomsretten og kontrollen over gassressursen tilbake til staten. Den bolivianske stat har ikkje ekspropriert noko, men framforhandla nye avtaler med dei gasselskapa som opererer i landet, for å sikre staten inntekter frå sektoren. Gjenoppbygging av det statlege gasselskapet og ein boliviansk gassindustri har også stått sentralt i nasjonaliseringsprosessen. Høge skattesatsar og subsidiering av eit statleg selskap bryt med den marknadsliberalistiske politikken som har karakterisert landet dei siste tiåra. Den bolivianske stat har med nasjonaliseringa av gassressursane tatt tilbake eit politisk handlingsrom. Eg definerar *politisk handlingsrom* som staten sine moglegheiter og avgrensingar. Nasjonalisering er eit uttrykk for ynskje om statleg kontroll over ressursforvaltninga, men nasjonalisering kan ikkje utelukkande forståast som ein statleg prosess, då stat og sivilsamfunn påverkar kvarandre gjensidig (Migdal et al. 1994). Nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane illustrerar dette stat-i-samfunn perspektivet fordi gassressursane vart nasjonalisert som følge av mobilisering i sivilsamfunnet. I sivilsamfunnet føregår det ein kontinuerleg kamp over ressursar, og utfallet av denne interessekampen påverkar politiske prosessar på statleg nivå. Gassressursen var kjelde til interessekamp før nasjonaliseringa og er framleis det. Eg ser det derfor som sentralt

å diskutere interessekampen som utspelar seg om gassressursane, og korleis denne interessekampen påverkar forvaltninga av dei strategiske ressursane.

Med utgangspunkt i desse diskusjonane vil eg diskutere forholdet mellom demokratisk utvikling og nasjonalisering av dei bolivianske gassressursane, kva nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane har å gjere med demokratisk utvikling. Eg vil diskutere korleis det politiske handlingsrommet som er skapt med nasjonaliseringa påverkar Bolivia sine moglegheiter og avgrensingar til å sikre dei demokratiske prinsippa om folkeleg kontroll og politisk likskap – korleis det med nasjonaliseringa er skapt eit demokratisk handlingsrom. Omgrepet *demokratisk handlingsrom* refererer såleis til staten sine moglegheiter og avgrensingar til demokratisk utvikling.

1.3 Ressursriksdom og fattigdom

Bolivia er eit land rikt på naturressursar. Nest etter Venezuela har Bolivia dei største naturgassreservane i Latin-Amerika (Spronk & Webber 2007), og er ein betydeleg gassleverandør på den regionale energimarknaden. Storparten av den strategiske naturressursen blir eksportert til nabolanda Argentina og Brasil der energiforbruket er i stadig vekst (intervju viseminister William Donaire, Ministerio de Hidrocarburos). Naturgassen er den største eksportvara i Bolivia og representerar store verdiar for landet (La Razon 04.03.07). Ressursen vert eksportert som rågass og fraksjonerast til bruksgassar i andre land. Bolivia har også betydelege oljereservar, men desse har foreløpig utgjort ein liten del av den bolivianske hydrokarbonsektoren. Det føreligg planer om å auke utvinninga av olje, men førebels er det naturgass det handlar om (intervju viseminister William Donaire, Ministerio de Hidrocarburos). Trass i store reservar er forsyningane til den interne gass- og oljemarknaden utilstrekkelege (intervju viseminister William Donaire, Ministerio de Hidrocarburos). Gassreservane er lokalisert i den søraustlege delen av Bolivia. Fylkeskommunane Santa Cruz og Tarija har storparten av reservane, medan Pando og Beni har ein mindre del.

Paradoksalt nok er dette ressursrike landet prega av fattigdom. Med eit bruttonasjonalprodukt (BNP) i 2006 på 61 milliardar NOK⁵ blir Bolivia rekna for å vere det fattigaste landet i Sør-Amerika (Singer 2007). Bolivia er også eit av dei landa som kjem dårlegast ut i forhold til sosioøkonomisk ulikskap. Den fattigaste tidelen får 0.3 prosent av landets BNP medan den

⁵ <http://web.worldbank.org> 25.02.08

rikaste tidelen får over 47 prosent (UNDP 2006). På verdensbasis er det berre eit fåtal afrikanske land som kjem dårlegare ut i forhold til ulikskap enn Bolivia. Dei 0.3 prosent den fattigaste tidelen av befolkninga får sett i samanheng med det låge BNP gjev oss ei forståing av kor lite pengar som er i omløp i det fattigaste sjiktet.



Figur 1: Kart over Bolivia inndelt etter regionale grenser

Kjelde: <http://memory.loc.gov> 14.04.08

Det er imidlertid ikkje bare denne tidelen som slit med fattigdom. Ifølgje UNDP⁶ lever over 60 prosent av den bolivianske befolkninga i byslum. I tillegg kjem den rurale fattigdomen, på landsbygda lever 90 prosent i fattigdom (Ejdesgaard Jeppesen 2002). Ifølgje Rivero (2006) er det i rurale strøk at forskjellen mellom fattig og rik er størst. Måling av fattigdom kan diskuteras. Ved å bryte ned UNDP sin utviklingsindikator blir biletet klarare⁷: 23 prosent av befolkninga er underernærte, forventale levealder er 64 år, 65 av 1000 barn dør dei fyrste fem leveåra, det er bare 0,4 legar per 1000 innbyggjarar og omlag 13 prosent av den vaksne befolkninga er analfabatar. Arbeidssituasjonen til folk seier også mykje om den sosiale situasjonen. I Bolivia arbeider 70 prosent i uformell sektor (Rivero 2006).

Korleis kan eit land rikt på naturressursar vere prega av så stor fattigdom? Empiriske studier viser at Bolivia ikkje er eit unntak når det kjem til forholdet mellom ressursriksdom og fattigdom. Tvert imot kjem mange av dei ressursrike landa i Sør dårlegare ut i forhold til velferd, økonomisk vekst, fred og demokrati enn land utan slik ressursriksdom (Karl Lynn 2004). Det er imidlertid også døme på ressursrike land som gjer det bra i forhold til utvikling og demokrati. Denne oppgåva er eit bidrag i debatten om ressursriksdom og utvikling. Med det bolivianske caset vil eg diskutere korleis statleg kontroll over naturressursar påverkar forholdet mellom ressursriksdom og demokratisk utvikling.

1.4 Gangen i oppgåva

I Kapittel 2, *Teoretiske perspektiv på ressursforvaltning og demokrati*, vil eg presentere mitt analytisk rammeverk. Kapitlet består av utdrag frå ei rekkje debattar som mogleggjer ei analyse av forholdet mellom demokratisk utvikling og nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane. I fyrste del av kapitlet vil eg diskutere korleis ein kan gjere kontekstuelle analyser av ressursforvaltning. Ressursforvaltning er ein politisk prosess, og analyser av interessekamp er derfor grunnleggande for å forstå ressursforvaltning og forholdet mellom ressursriksdom og utvikling. Hegemoniomgrepet og teoriar om sosiale rørsler er nyttige for å forstå forholdet mellom interessekamp og statleg politikk. I den andre delen vil eg diskutere demokratiomgrepet og staten som utviklingsaktør. Sentralt står diskusjonen om korleis sivile og politiske rettar står i gjensidig avhengigheitsforhold til sosiale og økonomiske rettar. Eg vil

⁶ www.globalis.no 08.04.08

⁷ www.globalis.no 08.04.08

med diskusjonane i det analytiske rammeverket presentere omgrepet demokratisk handlingsrom som refererar til politisk handlingsrom (moglegheiter og avgrensingar) for demokratisk utvikling.

I kapittel 3, *Metode*, vil eg diskutere metodiske dilemma og reflektere over styrker og svakheiter ved datainnsamling og analyseprosess. Det empiriske materialet som ligg til grunne for analysen er henta frå artiklar og intervju gjort med sivilsamfunnsorganisasjonar og myndigheiter i Bolivia i 2007. Intervjuguide og oversikt over intervju er vedlagt. Eg vil i metodekapitlet reflektere over korleis intervju vart gjennomført, korleis eg som forskar påverka informantane og mi fortolking av intervju.

I Kapittel 4, *Minimalistisk demokrati*, vil eg diskutere enkelte sider ved demokratisk utvikling i Bolivia. Formålet med kapitlet er å kontekstualisere diskusjonen om forholdet mellom nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane og demokratisk utvikling. Kapitlet tek utgangspunkt i demokratidiskusjonen i teorikapitlet, og fokus ligg i forholdet mellom sivile og politiske rettar og sosiale og økonomiske rettar.

Nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane er kjelde for diskusjon i kapittel 5 *Nasjonalisering av gassressursane*. Her vil eg fyrst diskutere bakgrunnen for nasjonaliseringa og korleis sosiale rørsler mogleggjorde endringsprosessane, deretter vil eg diskutere kva nasjonaliseringa inneber med fokus på økonomiske ressursar, og til slutt vil eg diskutere korleis interessekampen om ressursrikdomen utspelar seg. Nasjonaliseringa er resultat av interessekamp, og ressursrikdomen vil fortsetje å vere kjelde til interessekamp i tida framover.

I kapittel 6, *Nasjonalisering og demokrati*, vil eg knytte diskusjonen om demokratisk utvikling og nasjonalisering opp mot kvarandre. Eg vil diskutere korleis nasjonaliseringa er knytt til demokratisk utvikling på ein direkte måte ved at ressursforvaltninga med nasjonaliseringa fell inn under demokratisk valde organ, og på ein indirekte måte ved at nasjonaliseringa har resultert i betydelege finansielle verdiar som kan nyttast til sosioøkonomisk utvikling. Avslutningsvis vil eg diskutere korleis dei ulike interessene rundt ressursrikdomen påverkar forholdet mellom nasjonaliseringa og demokratisk utvikling.

I kapittel 7, *Demokratisk handlingsrom*, vil eg presentere konklusjonen min. Her oppsummerar eg fyrst dei sentrale funna og knyt dei opp til forskingsspørsmåla. Bolivias moglegheiter til demokratisk utvikling og forholdet mellom ressursrikdom og utvikling avheng av staten sitt politisk handlingsrom. Eg vil på grunnlag av konklusjonen kome med ei tilråding til det norske bistandsprogrammet Olje for Utvikling.

2. Teoretiske perspektiv på ressursforvaltning og demokrati

I denne oppgåva vil eg diskutere korleis det med nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane er skapt ein moglegheit for demokratisk utvikling. Bolivia er rikt på gassressursar og ein skulle tru at ressursrikdommen i seg sjølv representerte ein moglegheit til utvikling. Forholdet mellom ressursrikdom og utvikling er imidlertid meir kompleks enn som så. Ressursrike land tenderar faktisk til å slite meir med utvikling og demokrati enn land som ikkje har denne rikdommen. Ressursrike land har fallande økonomisk vekst (Sachs & Warner 1995), autoritære styresett (Wantchekon 2002) og er prega av fattigdom og konflikt (Karl Lynn 2004). Såkalla ressursfattige land hadde ein økonomisk vekst som var fire gonger så stor som ressursrike land i perioden frå 1970 til 1993 (Karl Lynn 2004). I Afrika er oljelanda prega av autoritære regime, som Kamerun og Gabon, medan land utan oljeressursar, til dømes Benin og Mali, ser ut til å ha lettare for å gjennomgå ein demokratiseringsprosess (Wantchekon 2006). Oljeeksporterande land har stor fattigdom, dårlege helsetenester og skulevesen, og høg barnedødelighet. I Nigeria, til dømes, har delen av befolkninga som lever på under ein dollar dagen auka frå 27 prosent i 1980 til 66 prosent i 1996 til trass for at ressursen har generert 300 milliardar dollar dei siste 25 åra (Karl Lynn 2004). Delen som går på ungdoms- og vidaregåandeskule i OPEC-land er lågare enn gjennomsnittet på verdsbasis. Oljeinntekter kan skape konfliktar som elles ikkje ville ha oppstått og kan nøre opp under eksisterande konfliktar (Karl Lynn 2004). Desse forholda byggjer opp under tesen om at ressursrikdom representerar ei forbanning. Ved fyrste blick kan det sjå ut som om Bolivia også er ramma av ressursforbanning: landet er rikt på gassressursar, men majoriteten av befolkninga lever i fattigdom.

Fire forklaringsmodellar har ifølgje Karl Lynn (2004) dominert debatten om ressursforbanning. For det fyrste kan olje og gass ved å presse opp valutakursen, gjere andre sektorar lite konkurransedyktige og myndigheitene mister insentiv til å investere i andre sektorar då dei tener så godt på olje og gass. For det andre vert land som baserar si inntekt på gass og olje avhengige av gode prisar på den internasjonale marknaden. Prissvingingar og langvarig deflasjon har ein negativ påverknad på offentleg planlegging og budsjettering. For det tredje er olje og gass ein kapitalintensiv industri som skaper få arbeidsplassar og dei få som blir tilsette må ha høgkompetanse. Den fjerde forklaringa vektlegg godt styresett og tek utgangspunkt at ressursforbanninga ikkje har ramma alle ressursrike land. USA, Canada,

Noreg og Australia ligg på topp både i forhold til ressursriksdom og inntekt per innbyggjar. Sjølv om oljen er ein av grunnane til at Noreg ligg på fyrste plass på UNDP si utviklingsrangering, har oljen i Noreg, og i dei andre landa som har unngått ressursforbanninga, utgjort ein relativ liten del av statsbudsjett og eksport (Karl Lynn 2004). Mehlum et al. (2006) viser til at "institusjonskvaliteten determinerar kor vidt land unngår ressursforbanninga eller ei. Kombinasjonen av grådige institusjonar og ressursriksdom fører til låg vekst, medan produksjonsvennlege institusjonar hjelper landa med å utnytte sine naturressursar" (Mehlum et al. 2006:16. Mi oversetjing). Råvareeksport er lite inntektsbringande samanlikna med eksport av vidareforedla varer. Vidareforedling skaper større eksportinntekter, nye arbeidsplassar og næringsmessige ringverknadar.

Ressursforbanningsteoretikarane tek ikkje inn over seg kompleksiteten i ressursforvaltning. Den fjerde forklaringsmodellen som vektlegg godt styresett tek delvis omsyn til kompleksiteten ved å vise til at enkelte land har unngått forbanninga, men godt styresett kan ikkje reduserast til ei teknokratisk sak. "Dette ignorerar det faktum at statsbygging, inkludert oppbygginga av ein effektiv statsadministrasjon, er ein politisk prosess, som ikkje kan forståast uavhengig av dei maktrelasjonane staten finn seg i" (Sundstøl Eriksen & Nordhaug 2006). Ressursforvaltning er ein kontekstavhengig politisk prosess. "Kamp om kontroll og bruk av ressursar er allment utbreitt, og kartlegging av makt og autoritet er til god hjelp for analytikaren" (Turner & Hulme 1997:3. Mi oversetjing). Ut ifrå eit slik politisk perspektiv er interessant å studere nasjonalisering av naturressursar, fordi nasjonalisering er eit uttrykk for ei ressursforvaltning som vektlegg staten som forvaltar. Nasjonalisering illustrerar Turner & Hulme (1997) sitt poeng om at ressursriksdom er kjelde til interessekamp (kamp om kontroll og bruk). Fokus i denne oppgåva er derfor å diskutere korleis nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane påverkar forholdet mellom ressursriksdom på den eine sida og utvikling og demokrati på den andre sida.

Formålet med dette kapitlet er å skape eit analytisk rammeverk som mogleggjer ei politisk kontekstanalyse av ressursforvaltning. Kapitlet er todelt. Eg vil fyrst diskutere korleis kontekstuelle analyser av politiske prosessar kan gjerast. Eg vil her legge vekt på hegemoniomgrepet, korleis politisk handlingsrom blir produsert og forholdet mellom desse prosessane og utviklingspolitiske paradigmeskifte. Deretter vil eg diskutere kvifor kontekstuelle analyser av politiske prosessar er viktig i forhold til demokratisk utvikling. Vekta ligg her på demokratiomgrepet og staten som utviklingsaktør.

2.1 Hegemoni og politisk handlingsrom

Eit nyttig omgrep for å strukturere den teoretiske diskusjonen er politisk handlingsrom. Omgrepet er mykje bruka i litteraturen om stat og globalisering for å diskutere korleis staten mister makt som følge av globalisering (sjå Wade 2003). Staten som har vore den dominerande romlege organiseringa dei siste hundreåra vert utfordra av endringar i romleg organisering av internasjonal økonomisk politikk - globalisering (Agnew & Corbridge 1995). Statars suverenitet har aldri vore absolutt, internasjonal flyt av varer, kapital og menneske er ikkje noko nytt fenomen, andre periodar, til dømes slutten av 1800- talet, vore prega av større flyt enn vår samtid (Smith et al. 1999). Globalisering er ei ny epoke i den same kapitalismen som har karakterisert verda sidan 1492, men globalisering er ein ny måte å organisere internasjonal økonomisk politikk (Harvey 2000). Endringane tok til på slutten av 1970-talet, då det etter ein periode med statscentrert økonomisk politikk skjedde eit utviklingspolitisk paradigmeskifte til liberale tilnærmingar. Det liberale utviklingspolitiske paradigmet vart introdusert for postkoloniale statar gjennom internasjonale finansinstitusjonar. Land som var prega av gjeldskrise og inflasjon implementerte nyliberal utviklingspolitikk gjennom strukturtilpassningsprogram (Linné Eriksen 2006)). Med mål om å bygge ned staten og opne opp for utanlandske investeringar (FDI) vart offentleg verksemd privatisert, og skattenivå, offentleg sektor og handelspolitiske barrierar som toll og subsidier redusert. Transnasjonale selskap (TNS) og FDI skulle skape økonomisk vekst, medbringe teknologisk utvikling og skape arbeidsplassar; og streng fiskal politikk skulle stagge inflasjonen. Internasjonale investorar og TNS er karakterisera av geografisk fleksibilitet og kan flytte verksemd og investeringar frå stad til stad rundt om i heile verda (Dickens 1998). Selskapa og investorane etablerar seg der dei får best vilkår og konkurransen om å tiltrekkje seg TNS og FDI har derfor resultert i liberalisering i form av låge skattar, tollsatsar og andre utviklingspolitiske verktøy som staten nytta seg av i tiåra etter andre verdskrig. Liberaliseringa har omfatta ei rekkje sektorar inkludert hydrokarbonsektoren der statlege selskap har vorte privatiserte til fordel for TNS som har betala ein låg skatt til dei ressursrike statane dei opererer i. Ved å investere eller ikkje investere på visse geografiske stader har TNS og FDI fått betydeleg utviklingspolitisk makt (Dickens 1998), medan staten sitt politiske handlingsrom har blitt innskrenka:

Globaliseringa inneber at statens føresetnadar for handling endrar seg på ein slik måte at den bare kan fremje økonomisk vekst ved å føre ein liberal økonomisk politikk. I

tidlegare periodar, under den keynesianske gullalderen, annsåg ein at både statens og kapitalens interesser best kunne fremjast gjennom ein økonomisk politikk med ikkje-liberale element, som til dømes kontroll av kapitalrørsler (Sundstøl Eriksen 2002:103. Mi oversetjing).

Staten sitt utviklingspolitiske handlingsrom er altså innskrenka som følge av nyliberal organisering av internasjonal politisk økonomi. Det nyliberale utviklingsparadigmet vektlegg marknadliberalisme, og TNS og utanlandske investorar vert sett som viktige utviklingspolitiske aktørar, fordi dei vil sikre sårt tiltrengt kapital og teknologi, medan staten vert sett på som ein ineffektiv økonomisk aktør. Empiriske studier viser imidlertid at vegen til utvikling er meir kompleks enn som så. Som Linné Eriksen (2006) påpeikar er det ikkje mangel på liberalisering som kjenneteiknar fattige afrikanske land. Dei fleste land i Afrika er tvert imot kjenneteikna av liberalisering, privatisering og handel på tvers av landegrensene. Nyliberal organisering av internasjonal politisk økonomi har ikkje utelukka skapt utvikling. Enkelte land har gjennomgått økonomisk vekst i løpet av dei siste tiåra, men frå eit globaliseringskritisk perspektiv har gapet mellom Sør og Nord auka, dei rike i Nord har fått det betre medan fattige i Sør har fått det verre under det nyliberale utviklingsparadigmet (Linné Eriksen 2006). Utviklingspolitiske verkemiddel for omfordeling som skattlegging og statleg initierte sosiale reformer, bryt med det nyliberale utviklingsparadigmet. Dersom dei ressursrike statane ikkje har rom til å skattlegge TNS vil dei ikkje tene noko på ressursrikdomen, ressursrikdomen vil rett og slett tilfalle TNS. Statane vil heller ikkje få noko igjen av ressursrikdomen i form av verdiskaping og arbeidsplassar fordi "all historisk erfaring tyder på at industrialisering i økonomisk tilbakeliggande land bare kan oppnåast gjennom statleg intervensjonisme" (Sundstøl Eriksen 2002:102. Mi oversetjing).

Den nyliberale politikken vart introdusert for gjeldstyngde statar gjennom overnasjonale organisasjonar og nyliberal forvaltning av naturressursar kan derfor forståast som eit resultat av press ovanfrå, eksternt for staten. Som Lefebvre (1991) påpeikar må imidlertid politiske prosessar forståast som eit tredimensjonalt rom. Ein stat sitt politiske handlingsrom påverkast av diskursar ovanfrå, men også av fysiske strukturar og diskursar nedanfrå. I Diskurs er "ein bestemt måte å snakke om og forstå verda (eller ein del av verda) på" (Winther Jørgensen & Phillips 1999:9. Mi oversetjing). Ifølgje Lefebvre (1991) inneber romlege analyser å studere kva som er *i rommet*, korleis ein snakkar *om rommet*, og relasjonen *mellom* desse. I forhold til ressursforvaltning kan ein sei at ei analyse av statens handlingsrom inneber å studere statens ressursforvaltning og debatten om denne.

Romomgrepet opnar for å studere ressursforvaltning i eit maktperspektiv, fordi rom vert skapt i spenninga mellom ulike interesser. Relasjonen mellom diskursar ovanfrå og nedanfrå og korleis desse relaterar seg til fysiske strukturar kan illustrerast med Gramsci sitt hegemoniomgrep.

Hegemoni refererar til økonomisk, politisk, kulturell og moralsk kontroll. Gramsci definerar hegemoni som ein strategisk posisjonskamp mellom ulike blokkar (i Cox 2005). Dei dominerande klasser, som Gramsci kallar for ein historisk blokk, søker å halde på makta ved å skape ei felles forståing av produksjonsmåte og sosialt liv. Denne felles forståinga omfattar også folk som ikkje tilhøyrer dei dominerande klassene. Slike forståingar som blir sett på som sunn fornuft, legg føringar for korleis ein lever og korleis ein snakkar om livet. Etterkvart som ei forståing vinn hegemoni, vert den materialisera gjennom lovverk og produksjonsform.

Hegemoni er imidlertid ikkje absolutt og uendeleg. Alternative forståingar vil alltid utfordre hegemoniet. Det vil alltid vere folk som ikkje deler denne forståinga og som ved å presentere alternative forståingar utfordrar den historiske blokken og søker å vinne dominans. Ein utfordrande blokk veks fram når ei underordna klasse (til dømes mannlege arbeidarar) etablerar hegemoni over andre underordna klasser (til dømes bønder og kvinner). Hegemoni kan jamførast med Lefebvre (1991) sitt omgrepsspar diskursar ovanfrå og diskursar nedanfrå. Diskursar ovanfrå refererar til den historiske blokken, medan diskursar nedanfrå refererar til dei alternative forståingane som utfordrar hegemoniet. Ifølgje Lefebvre (1991) avheng produksjonen av nye rom, eller hegemoniskifte, av overgang frå ein produksjonsmåte til ein annan. Liberalisering og nasjonalisering kan forståast analogt med slike produksjonsmåtar, fordi dei representerar to ulike måtar å organisere økonomisk politikk på. Liberalisering og nasjonalisering står i kontrast til kvarandre ved at det eine paradigmet vektlegg fri marknadspolitikk medan det andre vektlegg regulering av marknaden. I det liberale paradigmet spelar private aktørar ei sentral utviklingsrolle medan staten er den sentrale aktøren ved nasjonalisering. Slike produksjonsmåtar er ikkje tilstandar, men må forståast som prosessar som er under kontinuerleg endring. Frå eit romleg perspektiv er ulike produksjonsmåtar resultat av interessekamp om fysiske strukturar. Med liberalisering og nasjonalisering blir derfor nytt rom produsert. Dette perspektivet samsvarar med globaliseringskritikarane sitt poeng om at staten sitt politiske handlingsrom er endra som følgje av økonomisk liberalisering.

Utifrå Gramsci sitt hegemoniomgrep kan me forstå det nyliberale utviklingsparadigmet som resultat av ein interessekamp. Nyliberal utviklingsdiskurs har vunne

dominans og resultatet er ein globalpolitisk konsensus om at økonomisk liberalisering er naudsynt. Hay (i Kiely 2007) omtalar globalisering som ein hegemonisk diskurs som avpolitiserar avgjersler, nytta for å rettferdiggjere ein viss type politikk og fråskrive einkvar alternativ politisk kurs. Etterkvart som ein diskurs vinn hegemoni vert den materialisert gjennom lovverk og produksjonsform.

Ifølgje Cox (2005) pågjøng den mothegeomoniske kampen på statleg nivå. Sjølv om det nyliberale hegemoniet er eit verdsomfattande fenomen, er staten den einaste arenaen for mot-hegemonisk kamp: "Den nasjonale konteksten er fortsett den einaste staden der ein historisk blokk kan etablerast, sjølv om verdsøkonomi og verdspolitiske forhold materielt sett påverkar moglegheitene for slike initiativ" (Cox 2005:45). Dei siste åra har det imidlertid vokse fram globale sosiale rørsler, sosiale rørsler som overgår statlege og regionale grenser (Castells 2004). Samla rundt World Social Forum ser det ut til at globaliseringskritiske rørsler i større grad fører mothegemonisk kamp på globalt nivå, men foreløpig er det ikkje etablert nokon historisk blokk som utfordrar det nyliberale hegemoniet på globalt nivå. Empirisk sett er det fortsett staten som er den arenaen der nye historiske blokkar vert etablert.

Med ulike landecase argumenterar Weiss (2003) for at statar fortsett nyttar seg av utviklingspolitiske verkemiddel som skattelegging og sosiale velferdsgoder til trass for at slike verkemiddel bryt med prinsippet om marknadliberalisme. "Statar fortsett med å fremje nye vekstsektorar; subsidiere teknologiske innovasjonar og oppgraderingar; investere i infrastruktur; finansiere utdanning og opplæring, inkludert aktiv arbeidsmarknadspolitikk; og regulere industri og finans på ulike måtar for å styrke den nasjonale konkurranseemna - alt i sterk kontrast til føresetnadane som følgjer av den innskrenka statsforståinga [nyliberalisme]." (Weiss 2003:296. Mi oversetjing). Slike utviklingspolitiske verkemiddel står i kontrast til prinsippet om marknadliberalisme og desse døma illustrerar mothegemonisk praksis mot det nyliberale hegemoniet.

Mothegeomonisk kamp føregår imidlertid ikkje utelukkande på statleg nivå. Frå eit stat-i-samfunn perspektiv føregår den strategiske posisjonskampen både på statleg nivå og i sivilsamfunnet, fordi staten ikkje er autonom. Sivilsamfunn blir ofte definert som alt sosialt liv som fell utanfor stat og marknad, men frå eit stat-i-samfunn perspektiv er forholdet mellom sivilsamfunn og stat samansatt. "Samfunn påverkar statar like mykje som, eller meir enn, statar påverkar samfunn." (Migdal et al. 1994:2. Mi oversetjing). Ifølgje Migdal et al. (1994) er ikkje staten monolitisk, men fragmentert. Forfattarane argumenterar derfor for eit fokus på ulike nivå, og eit fokus på forholdet mellom det lokale og sentrale nivået. Sidan

skiljet mellom stat og samfunn er samansatt er det derfor viktig å studere omfanget og mangfaldet av koplingane mellom stat og samfunn. I og med at påverkinga mellom stat og samfunn er gjensidig, bør studiar av statskapasitet utfyllast med studiar av staten sin sosiale formasjon. Stat-i-samfunn teoretikarar argumenterar for teoriinformerte empiriske og komparative studier. Tilnærminga lyfter tre hovudproblemstillingar: "(i) staten sin kapasitet til å gjennomføre økonomiske og sosiale utviklingstiltak og å legitimere sin politiske dominans; (ii) betydninga av ulike sosiale rørsler, i utforminga av staten og politikken; og (iii) moglegheitene og avgrensingane for ei gjensidig styrking av staten og samfunnet" (Stokke 1999:109. Mi oversetjing). Stat-i-samfunn perspektivet er ein kritikk til moderniserings-teoretikarar og avhengigheitsteoretikarar sin tendens til å redusere politikk til økonomiske variablar. "Statlege handlingar er politiske val. Sjølv om det alltid er knytt restriksjonar til val, er det uansett val." (Kohli & Shue 1994:302. Mi oversetjing). Frå eit slikt perspektiv må også ressursforvaltning forståast som eit politisk val basera på interessekamp i sivilsamfunn og stat og forholdet mellom desse.

Sivilsamfunn er ikkje noko homogent fenomen, men består av aktørar med ulike interesser og ulike ressursar. Sjølv om alle har tilgang til det politiske terrenget sivilsamfunnet representerar, så er det ikkje ein arena fri for maktrelasjonar. Sivilsamfunnet er ikkje fritatt frå problem som miljøødelegging, rasisme og andre ekskluderingsformer, men eit arena prega av skeive maktrelasjonar der enkelte aktørar har betre tilgang til materielle godar og kulturelle og politiske ressursar enn andre. Sivilsamfunn må derfor forståast både som eit terreng og eit mål for demokratisk kamp (Kohli & Shue 1994). Menn nyter større autoritet enn kvinner, kapitalistar har meir pengar enn arbeidarar og skriveføre har større makt enn analfabetar. Dei som innehar relativ makt vil ikkje miste den og dei som har mindre makt kjempar for å tileigne seg meir. Sivilsamfunnet er derfor eit terreng for maktkamp. Utifrå eit stat-i-samfunn perspektiv vil interessekamp som utspelar seg i sivilsamfunnet forplante seg i statsapparatet både på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, fordi dei interessene som vinn terreng i sivilsamfunnet vil få tilgang til statsapparatet. Frå eit hegemoniperspektiv kan ein sei at ein historisk blokk utviklasti i sivilsamfunnet og tek etter kvart over statsmakt. Akkurat som sentrale myndigheiter kan vere dominert av ei interessegruppe, kan regionale og lokale myndigheiter vere dominert av ei interessegruppe. Lokale myndigheiter er derfor ikkje meir representative eller demokratiske enn nasjonale myndigheiter. Som Crook & Manor (1998) påpeikar er det knytt ei urealistisk forventning til at desentraliseringspolitikk skal endre samfunn som i utgangspunktet er dominert av autoritære styresett. På same vis er

internasjonale institusjonar dominert av visse interesser. Weiss sitt poeng om at statar nyttar seg av utviklingspolitiske verkemiddel som bryt med det nyliberale utviklingsparadigmet illustrerar at ulike interessegrupper kan dominere på ulike nivå. Til dømes kan ei interessegruppe dominere statsapparatet på nasjonalt nivå, medan ei anna interessegruppe kan dominere på lokalt nivå, hegemoni er ikkje absolutt.

Strategisk posisjonskamp mellom ulike interessegrupper tek ofte form av sosiale rørsler. Sosiale rørsler kan definerast som: ”uformelle nettverk basert på delt tru og solidaritet som mobiliserar omkring konfliktsaker gjennom stadig bruk av ulike protestformer” (Della Porta & Diani 1999:16. Mi oversetjing). I boka *Cultures of Politics. Politics of Cultures* tek Alvarez et al. (1998) oss med på ei reise frå sosiale rørslers kulturelle politikk til offisiell politisk kultur og tilbake. Forfattarane opererer med eit dialektisk syn på kultur og politikk, på meining og praksis, på diskurs og materialitet og deira forståing går derfor godt saman med hegemoniomgrepet til Gramsci og romomgrepet til Lefebvre. ”Me tolkar kulturell politikk som dei prosessane som blir sett i verk når ulike sosiale aktørar forma av, og kroppsleggjort av ulike kulturelle meiningar og praksis kjem i konflikt med kvarandre [...] Kultur er politisk fordi meiningar er grunnleggande for prosessar som, indirekte eller direkte, søker å omdefinere sosial makt.” (Alvarez et al. 1998:7. Mi oversetjing). Kulturell politikk omfattar blant anna deltaking i politiske debattar, alternative tolkingar av politikk som motstrider den dominerande politiske kulturen, utfordring av eksisterande politisk praksis og så bort etter. Alle samfunn er prega av ein dominerande politisk kultur, eller som Gramsci ville ha sagt eit hegemoni. Med kulturell politikk søker sosiale rørsler å endre den dominerande politiske kulturen. Forholdet mellom kultur og politikk illustrerar forholdet mellom diskursar ovanfrå og nedanfrå i Lefebvre (1991) sitt romomgrep og den strategiske posisjonskampen i Gramsci sitt hegemoniomgrep. Omgrepet sosial rørsle illustrerar korleis mothegeemonisk praksis føregår og korleis ein historisk blokk dannast. Ved å utfordre den dominerande politikkkforståinga skaper sosiale rørsler alternative offentlege rom: rom der alternative interesser kan reproduserast. På 1950-, 60- og 70-talet la fagrørsla grunnlaget for dagens sosiale rørsler ved å skape eit alternativt offentleg rom der konflikstar vart synleggjort og alternativ uttenkt. Sjølv om sosiale rørsler ikkje er fritatt frå interne problem som demokratisk underskot, ekskludering og liknande, så må ikkje den demokratiske sigeren ved konstruksjonen og reproduksjonen av slike alternative offentlege rom undervurderast.

Latinamerikanske sosiale rørsler illustrerar den samansette relasjonen mellom stat og sivilsamfunn. Stat og samfunn heng nært saman og er ikkje autonome einingar. Eit casestudie

frå Brasil viser at over 70 prosent av dei som er aktive innanfor sosiale rørsler, identifiserar seg med eller er medlem i eit politisk parti (Alvarez et al. 1998). Til trass for mistillit til det partipolitiske systemet syns folk at representative institusjonar er viktige arenaer for å promotere politisk endring. "[...] deltakarar i sosiale rørsler kan ikkje seiast å ha 'snudd ryggen til' politiske parti og regjeringsinstitusjonar" (Alvarez et al. 1998:21. Mi oversetjing). Tvert imot er definisjonskampen om det politiske systemet heilt essensiell for mange sosiale rørsler. Kravet frå bolivianske sosiale rørsler om nasjonalisering av gassressursane illustrerar dette.

Nasjonalisering er eit uttrykk for ynskje om statleg regulering og bryt derfor med det nyliberale hegemoniet. Med nasjonalisering skapast det eit politisk handlingsrom for ressursrike statar fordi statleg kontroll mogleggjer bruk av utviklingspolitiske verkemiddel som skattlegging. Eg vil no diskutere kvifor statar sitt politiske handlingsrom er viktig for demokratisk utvikling.

2.2 Demokrati og staten som utviklingsaktør

Demokrati kjem av det greske demos (folket) og xratos (styre) og betyr folkestyre (Luckham et al. 2003). Omgrepet har i stor grad vore assosiert med institusjonar som skal sikre demokrati, som parlament og kommunestyre. Demokrati kan imidlertid ikkje definerast utifrå slike institusjonar eller politiske prosjekt, fordi desse er resultat *av* og reiskap *for* demokrati (Beetham 2000). Skiljet mellom demokratiomgrepet og institusjonar som skal sikre demokrati er eit skilje mellom mål og middel. For å diskutere demokrati må me sjå nærmare på prinsippa som ligg bak. Omgrepet er basera på ideane om at alle har interesser som vert påverka av kollektive avgjersler, at alle er like mykje verdt, at alle evner å førestille seg kva som er det beste for seg sjølv og andre, og at ei kvar kollektiv avgjersle best kan takast etter offentleg debatt. Demokrati er altså eit sett av idear om korleis kollektive avgjersler skal takast (Beetham 2000).


I følgje Beetham (2000) er det to prinsipp som utgjer kjernen i demokratiomgrepet. Prinsippa følgjer eit bestemt menneskesyn: alle menneske er like mykje verdt og mennesket er autonomt og har derfor rett til å bestemme over sitt eige liv. Eit samfunn som tek i vare menneskets autonomi må sikre folkeleg kontroll over kollektive avgjersler. Menneskeleg likeverd sikrast med politisk likskap som betyr at alle skal ha lik tilgang til sivile og politiske rettar. Folkeleg kontroll og politisk likskap er altså dei demokratiske hovudprinsippa.

Stundom kjem desse prinsippa i konflikt med kvarandre og folk sine interesser kan vere motstridande. Ein må derfor spørje seg om kor vidt desse prinsippa er utopiske ideal, umoglege å praktisere? Operasjonalisering av prinsippa er ei stor utfordring, men målet må vere å finne løysningar som fører oss så langt opp mot prinsippa som mogleg. Eg vil derfor bruke omgrepet demokratisk utvikling.

Demokrati føreset sivile og politiske rettar som yringsfridom, organisasjonsrett og røysterett. Ifølgje Beetham (2000) er også kulturelle, sosiale og økonomiske rettar viktige i forhold dei demokratiske prinsippa, fordi dei står i gjensidig avhengigheitsforhold til sivile og politiske rettar. Rettane avheng av kvarandre ved at fattige folk utan sosiale, økonomiske og kulturelle rettar ikkje får praktisert dei sivile og politiske rettane (Beetham 2000). Kulturelle rettar er knytt til demokratiomgrepet på ein annan måte enn sosiale og økonomiske rettar. Eg vil fokusere på forholdet mellom sosiale og økonomiske rettar og demokratisk utvikling, medan forholdet mellom kulturelle rettar og demokratisk utvikling ikkje vil bli vidare diskutert i denne oppgåva. Forholdet mellom kulturelle rettar og demokratisk utvikling er i høgste grad relevant i studier av Bolivia der urfolk, som utgjer majoriteten av befolkninga, har vore politisk og økonomisk ekskludert. Denne oppgåva handlar imidlertid om nasjonalisering av gassressursar som fyrst og fremst knytt til sosiale og økonomiske rettar. Eg vurderar det derfor som mindre relevant å inkludere diskusjonen om kulturelle rettar og har av omsyn til oppgåvas størrelse valt å avgrense diskusjonen på denne måten.

Utan lese- og skriveferdigheiter vert det vanskeleg å delta i offentleg debatt, utan arbeid og inntekt har ein ikkje ressursar til å organisere seg og dei som lever i ekstrem fattigdom vil ikkje prioritere turen til valurna når arbeidet for å skaffe mat og vatn tek all tid. Sosial og økonomisk ekskludering fører altså til politisk ekskludering (Beetham 2000). Fattigdom er ein trussel mot demokratiet. Og som Sachs (i Graham 2005) uttrykker det, ville det ha vore trist dersom den einaste retten folk hadde var å gå ut av sine bortgøymde rønner ein gong kvart femte år for å røyste, for så å dra tilbake til dårlege bustadar og manglande utdanning og jobbar. Opp gjennom tidene har ulike regime forsøkt å fremje sosiale og økonomiske rettar gjennom autoritære modellar, men følgjer av dei sivile og politiske rettane som openheit, ansvarlegheit, og fordeling av makt, synest å ivareta sosiale og økonomiske rettar på ein betre måte. Sosiale og økonomiske rettar kan bare sikrast gjennom demokratiske modellar (Beetham 2000). Avhengigheitsforholdet er altså gjensidig: sivile og politiske rettar kan bare sikrast dersom sosiale og økonomiske rettar vert respektert, på same måte som sosiale og økonomiske rettar avheng av sivile og politiske rettar. Forholdet mellom

demokratisk utvikling og menneskerettar kan illustrerast på følgjande måte (Beetham 2000:94. Mi oversetjing):



Figur 2: Forhold mellom demokratisk utvikling og menneskerettar

Kjelde: Beetham 2000

Innan vestleg politisk tenking og praksis har sivil og politisk fridom vore opphøgd over økonomisk og sosial fridom (Jones & Stokke 2005). Ein opererar i dag med uttrykka fyrste- og andregenerasjon rett. Fyrstegenerasjon sivile og politiske rett er rekna som lettare å gjennomføre enn andregenerasjon økonomiske og sosiale rett, fordi fyrstnemnte 'bare' krev avhaldenheit mot rettsbrot, medan sistnemnte krev offensiv handling og ressursar frå staten si side. Som omgrepsparet tilseier rådar det også ei forståing av at sosiale og økonomiske rett følgjer av sivile og politiske rett. Bare sivile og politiske rett er sikra har folk grunnlag for å framarbeide sosiale og økonomiske rett på eiga hand. Dette synet kan sjåast i samanheng med eit liberalt økonomisk syn der økonomisk rett vert sett som del av den private sfære medan sivile og politiske rett tilhøyrer den offentlege sfære. Demokratiomgrepet har altså i stor grad vore assosiert med liberale politiske rett og den kalde krigen og Sovjetunionens fall bidrog ytterlegare til denne forståinga (Beetham 2000). Tilhengjarar av liberaldemokratiet hevdar at sosiale og økonomiske rett ikkje er ein naudsynt del av demokratiet, at konstituering og implementering av slike rett tvert imot kan verke vridande på demokratiet. Følgjande prinsipp utgjer kjernen i liberaldemokratiet: (i) individuelle rett som ytringsfridom; (ii) institusjonelt skilje mellom utøvande, dømmande og lovgivande makt; representativ forsamling; (iii) avgrensa stat (skilje mellom privat og offentleg); (iv) samt eit

epistemologisk premiss om at det ikkje finst noko endeleg svar på kva som er godt for samfunnet (Beetham 2000). Den liberaldemokratiske institusjonaliseringa av demokrati har møtt mykje kritikk. På grunnlag av Beetham si demokratiforståing kan ein hevde at liberaldemokratiet er eit minimalistisk demokrati, fordi garantering av sivile og politiske rettar er umogleg utan at befolkninga er sikra sosiale og økonomiske rettar. Ut frå eit liberaldemokratisk syn vil slike rettar følgje av sivile og politiske rettar.

Ei tilnærming som utfordrar det liberaldemokratiske rettsregimet er rettsbasera utvikling (RBD). RBD ”integrerar normene, standarane og prinsippa frå det internasjonale menneskerettsrammeverket i utviklings- planane, politikken og prosessane” (Frankovits i Jones & Stokke 2005:9. Mi oversetjing). Frå eit RBD perspektiv er staten ein sentral utviklingsaktør. Ifølgje tilnærminga må myndigheiter garantere sine innbyggjarar eit minimum av dei ulike rettane i menneskerettserklæringa (Jones & Stokke 2005). RBD står i kontrast til det dominerande utviklingsparadigmet som vektlegg politisk og økonomisk liberalisering (Jones & Stokke 2005). Medan staten innanfor RBD er ein sentral utviklingsaktør som skal garantere menneskerettar, er målet innan liberaliseringsparadigmet å bygge ned staten. ”[...] nyliberal politikk har skapt eit nytt type forhold mellom staten og det sivile samfunn, og utvikla ein definisjon av det politiske området og dei som deltek i dette - basert på ei minimalistisk stats- og demokratiforståing.” (Alvarez et al. 1998:1. Mi oversetjing).

Latinamerikansk politisk historie illustrerar ulike rettstilnærmingar. På 1900-talet skilte Latin Amerika seg ut som ein region der ”statane utvida sosiale rettar under sterkt kontrollerte politiske rettar og underutvikla sivile rettar” (Radcliffe 2004:194. Mi oversetjing). Dei siste tiåra har regionen vore prega av eit liberalt rettsregime i form av nyliberal økonomisk politikk og liberaldemokrati. Den liberaldemokratiske modellen legg vekt på sivile og politiske rettar og det nyliberale regime legg til rette for eit ’marknadsborgarskap’ (Chase 2002) der enkeltindividet står fritt til å handle på den globale marknaden. Dei sosiale rørslene som har prega regionen dei siste åra kritiserar desse rettstilnærmingane og mobiliserar for ei RBD tilnærming der både sivile og politiske rettar og sosiale og økonomiske rettar garanterast. Dei krev eit politisk, økonomisk og kulturelt borgarskap (Alvarez et al. 1998).

2.5 Oppsummering: Demokratisk handlingsrom

Formålet med dette kapitlet har vore å utvikle eit analytisk rammeverk for diskusjonen om korleis det med nasjonalisering av strategiske naturressursar skapast ein moglegheit til demokratisk utvikling. Ei rekkje empiriske studiar viser at ressursriktom ikkje fører til demokratisk utvikling, men snarare verkar som ei forbanning for folka i dei landa der ressursane er lokalisert. Litteraturen som diskuterar ressursforbanningstenen vektlegg teknokratiske forklaringsmodellar som prissvingingar, inflasjon og byråkratisk kapasitet. Eg har imidlertid argumentera for kontekstuelle analyser av ressursforvaltning. Ressursriktom er kjelde til interessekamp og forholdet mellom ressursriktom og demokratisk utvikling må derfor studerast i forhold til politisk kontekst.

Politisk handlingsrom er eit nyttig omgrep å strukturere analyser av politiske prosessar rundt. Omgrepet er mykje bruka i litteraturen om stat og globalisering for å diskutere korleis staten sitt politiske handlingsrom er innskrenka som følgje av den nye organiseringa av internasjonal økonomisk politikk – nyliberalisme. Dette perspektivet er høgst relevant i forhold til ressursforvaltning. Sidan 1970-talet har statar rike på naturressursar gjennomført nyliberale reformer med mål om å bygge ned staten, stagge inflasjon og skape økonomisk vekst. Dei har privatisert statlege selskap, redusert skatt og opna grensene for fri flyt av varer, tenester og kapital for å tiltrekkje seg TNS og FDI. Frå eit nyliberalt perspektiv tilfører TNS og FDI land i Sør kapital og teknologi som skal stimulere produksjon og handel og gje økonomisk vekst. Empiriske studier viser imidlertid at økonomisk liberalisering har gjeve ulike konsekvensar for forskjellige land og sosiale grupper. Globaliseringskritikarane hevdar at fattige i Sør ikkje har fått ein betre situasjon med økonomisk liberalisering. Ifølgje globaliseringskritikarane er det problematisk at staten sitt politiske handlingsrom vert innskrenka til fordel for TNS og FDI fordi staten har ei utviklingspolitisk rolle som private aktørar ikkje kan fylle. Utviklingspolitiske verkemiddel som skatt bryt med prinsippet om marknadsliberalisme. Redusering av skattlegging har stått sentralt i det nyliberale utviklingsparadigmet. TNS har derfor utvunne og eksportert naturressursar utan å betale noko særleg skatt. Slik har verdien som naturressursane representerar strøymd ut frå dei ressursrike landa. Den nyliberale politikken har blitt implementert i dei ressursrike landa gjennom internasjonale finansinstitusjonar og kan derfor forståast som ein tvungen politikk.

Staten sitt politisk handlingsrom avheng imidlertid ikkje utelukkande av politiske trendar frå internasjonalt hald. Politisk handlingsrom vert produsert i spenninga mellom diskursar ovanfrå, men også diskursar nedanfrå og fysiske strukturar. Det utspelar seg til ei

kvar tid interessekamp rundt ressursrikdom. Det vil alltid vere ei interessegruppe som dominerar, og som derfor bestemmer korleis ressursrikdomen forvaltast, men rådande ressursforvaltning blir kontinuerleg utfordra av alternative forståingar av produksjonsmåte og sosialt liv. Interessekampen kan illustrerast med hegemoniomgrepet. Interessekampen føregår i sivilsamfunnet og sosiale rørsler spelar ei sentral mohegemonisk rolle. Sosiale rørsler er nettverk av organisasjonar og enkeltpersonar som har eit felles fiendebilette og mobiliserar saman for ei felles løysing. Når slike sosiale rørsler får stor nok oppslutning dannast det ein ny historisk blokk, eit nytt hegemoni. Kort sagt: når interessegrupper får stor oppslutning for si forståing av produksjonsmåte og sosialt liv vinn dei terreng i forhold til andre interessegrupper og får hegemonisk makt.

Nasjonalisering er eit uttrykk for ynskje om økonomisk regulering og står derfor i sterk kontrast til den marknadsliberalismen som har karakterisert internasjonal politisk økonomi dei siste tiåra. Nasjonalisering forstått som statleg kontroll gjev Bolivia politisk handlingsrom i forhold til bruk av utviklingspolitiske verkemiddel som industrialisering, konsesjonsavtaler med krav om miljøstandard og sysselsetting av boliviansk arbeidskraft, og skatteauke. Dette er utviklingspolitiske verkemiddel som bryt med det nyliberale utviklingsparadigmet fordi det står i strid med kravet om fri flyt av kapital, varer og tenester.

Demokrati er ein prosess basera på prinsippa om folkeleg kontroll og politisk likskap. Desse prinsippa kan berre sikrast dersom borgarane er garantera sivile og politiske rettar. Sivile og politiske rettar er institusjonalisert gjennom liberaldemokratiet. Desse rettane står imidlertid i gjensidig avhengigheit til sosiale og økonomiske rettar fordi folk bare kan nyte sivile og politiske rettar fult ut dersom dei kan lese og skrive og har tid og ressursar nok til å delta i politiske prosessar. Rike og velutdanna folk kan i større grad nytte seg av sivile og politiske rettar enn fattige. Eit substansielt demokrati avheng derfor av sosioøkonomisk utvikling. Fattigdom er frå dette perspektivet ei demokratisk utfordring. Fattigdomsreduksjon avheng av finansielle ressursar og utviklingspolitiske verktøy som skaper omfordeling. Med nasjonalisering av naturressursar kan staten bruke slike utviklingspolitiske verkemiddel. Det skapast altså med nasjonalisering av strategiske naturressursar eit politisk handlingsrom for sosioøkonomisk utvikling, fordi kontroll over strategiske naturressursar kan gje staten finansielle ressursar som kan brukast til sosiale reformer. Sosioøkonomisk utvikling er essensielt for demokratisk utvikling. Det skapast derfor med nasjonalisering av strategiske naturressursar eit politisk handlingsrom for demokratisk utvikling – eit demokratisk handlingsrom.

3. Metode

I dette kapitlet vil eg gjere greie for korleis eg har gjennomført forskingsprosjektet og reflektere over metodiske styrker og svakheiter ved dei vala eg har tatt. Eg vil fyrst gjere greie for utgangspunktet for oppgåva. Deretter vil eg gjere greie for mitt forskingsprosjekt som eit casestudie. Litteraturen om casestudie gjev eit formålsteneleg omgrepsapparat for å diskutere val av metode. Deretter vil eg gjere greie for innsamling av data og analyseprosess før eg vil diskutere i kva grad eg har ivaretatt etiske omsyn og korleis forholdet mellom forskar og informant påverkar forskingsprosjektet. Avslutningvis vil eg drøfte oppgåva opp mot dei to metodiske kriteria troverd og gyldigheit.

2.1 Bakgrunn og vitenskapsteoretisk tilnærming

Det var to grunnar til at eg i utgangspunktet valde nasjonalisering av gassressursar og demokratisk utvikling i Bolivia som tema for oppgåva. For det fyrste var eg imponert over fattige folks politiske kraft i form av sosiale rørsler. Nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane var eit resultat av enorm folkeleg mobilisering. Eg var nysgjerrig på kor fattige folk tok denne krafta frå, og korleis politisk ekskluderte tileigna seg betydeleg politisk makt. For det andre har eg vore personleg engasjert i Bolivias utvikling sidan eg budde og arbeida som frivillig i landsbyen Marquina i 2001.

Forskarens vitenskapsteoretiske posisjon påverkar forskingsprosjektet. "Forskarens vitenskapsteoretiske forankring har [...] betyding for kva ho eller han søker informasjon om, og dannar eit utgangspunkt for den forståinga forskaren utviklar" (Thagaard 2003:33. Mi oversetjing). Oppgåva mi er skriven utifrå ei kritisk politisk tilnærming. Ifølgje Painter (Stokke 1999) eksisterar det maktrelasjonar og maktutøvingar i alle sosiale relasjonar og institusjonar. Derfor "må både formell politikk knytt til den politiske sfære og uformell politikk i kvardagslivet forståast som sosial praksis" (Stokke 1999:33. Mi oversetjing). Kritisk politisk geografi spring ut av forskjellige vitenskapsteoretisk tilnærmingar. Kritiske geografar hentar sin inspirasjon frå marxistisk materiell strukturforståing, struktureringsteoretiske forståingar av aktørars handlingar og poststrukturalistisk vektlegging av konstruksjonar av stad og identitet. Enkeltpersonar og grupper brukar ulike politiske strategiar utifrå tilgang til ikkje-materielle og materielle ressursar, og deira sjølvforståing (Stokke 1999). Synet på alle sosiale relasjonar som maktrelasjonar og maktutøvingar omfattar også forskning. Utifrå eit

kritisk vitenskapsteoretisk perspektiv er det viktig å vere reflektert over forskarens posisjonaltet. Vitenskapsteoretisk bakgrunn legg føringar på val av studieobjekt, kva ein legg merke til, korleis ein framstiller studieobjektet og så bort etter. Som forskar er eg med på å støtte opp om eller kritisere eit fenomen. Eitkvart forskingsprosjekt vil forsterke eller endre maktrelasjonar. Eg ser oppgåva som eit kritisk bidrag i debatten om ressursforvaltning. Formålet med oppgåva er å vise at ressursforvaltning er eit politisk fenomen som kan føre til demokratisk utvikling så vel som ressursforbanning.

2.2 Casestudie

Sosiale fenomen er kontekstavhengige (Flyvbjerg 2006). Formålet med samfunnsvitenskaplege studier er derfor ikkje å utvikle lover, men å lære. Flyvbjerg meiner casestudie er den forskingsstrategien som gjev mest lærande effekt. Casestudiar er ein godt eigna metode for kontekstavhengige analyser, fordi casestudiar mogleggjer djup og fullstendig forståing av fenomen og kontekst (Flyvbjerg 2006). Det er ein forskingsstrategi ein nyttar seg av for å auke forståinga av eit spesifikk case. Casestudie handlar om val av studieobjekt. Stake (2000) skil mellom tre ulike måtar å gjere casestudiar på. Ein kan samanlikne ulike case, studere eit case for å få innsikt i eit større fenomen, eller studere eit case fordi det har ei lærande effekt i seg sjølv. Mitt case har ei lærande effekt i seg sjølv, men er også eit interessant case for å få innsikt i forholdet mellom ressursforvaltning og demokratisk utvikling meir generelt. Casestudie vert ofte satt opp mot spørjeundersøking og kritisert for å gje manglande grunnlag for slik generalisering, men ifølgje Stake (2005) er generalisering uunngåeleg då lesaren alltid vil forstå eit fenomen på grunnlag av tidlegare erfaringar og samanlikne det ho les med andre erfaringar ho har gjort seg. Eit nytt case blir alltid ein variasjon av dei casa lesaren har kjennskap til. Stake kallar dette naturleg generalisering. Forskaren kan formalisere generaliseringa ved å setje caset i ulike kontekstar, samanlikne med liknande case og sjå caset i ljøs av abstrakte teoriar (Stake 2005). Eg har derfor samanlikna caset med andre case og studera det i ljøs av teoretiske debattar. Den bolivianske nasjonaliseringa er på mange måtar unik, men samstundes kan ein trekkje linjer til forholdet mellom ressursforvaltning og demokratisk utvikling i andre land. Eg vil vidare gjere greie for og drøfte den metodiske kvaliteten ved ulike stadier i forskingsprosjektet.

2.3 Datainnsamling

Ulike kjelder har ulike fordelar som kan utfylle kvarandre. Eg har i hovudsak nytta meg av intervju og dokument, men også spørjeundersøkingar og observasjon. I enkelte delar av analysen har dette resultert i datatriangulering ved at eg har samanlikna data om eit tema frå ulike kjelder. Mesteparten av dataene vart samla inn under eit tre månadar langt feltarbeid i Bolivia våren 2007.

Før eg drog på feltarbeid førebudde eg meg ved å lese eg alt eg kunne finne av akademiske artiklar og populærvitskapleg litteratur omkring temaet mitt. Samtaler med norske aktørar som opererer i Bolivia gav meg også innsikt i den generelle politiske situasjonen⁸. Ut frå eit forskingsetisk perspektiv var det viktig for meg at eg ikkje skulle stille unødvendige spørsmål under intervjuet som eg kunne ha funne svar på andre stader. Ved å lese seg opp om eit emne vil forskaren kunne reise nye problemstillingar og identifisere hol i eksisterande litteratur. Feltarbeid er ein unik moglegheit til å skaffe til vegs ny informasjon som ikkje er tilgjengeleg i sekundære kjelder.

Intervju er ein av dei viktigaste datakjeldene i casestudiar. Intervju gjev moglegheit til å skaffe mykje informasjon om spesifikke tema, ulike aktørars synspunkt og tolkingar av eit fenomen, og så bort etter. Eg føretok i alt 23 kvalitative forskingsintervju i tillegg til ein del uformelle samtaler. Uformelle samtaler er samtaler utan intervjuguide, som gjev nyttig tilleggsinformasjon. Kvalitative forskingsintervju er ein mellomting av ustrukturerte samtaler der forskaren tilpassar intervjuet etter dei temaa informanten tek opp og strukturerte intervju der spørsmål og rekkjefølgje av spørsmåla er fastlagt på førehand (Thagaard 2003). Eg tok utgangspunkt i intervjuguidar, men var open for å gå ut av intervjuguiden for å følgje opp interessante tema som den enkelte informant tok opp. Styrken ved slike intervju er at ein får ”fyldig og omfattande informasjon om korleis andre menneske opplever sin situasjon” (Thagaard 2003:83. Mi oversetjing).

Ettersom nasjonaliseringa av gassressursane er ein prosess som omfattar både stat og sivilsamfunn gjorde eg intervju i begge kategoriar. Val av informantar innanfor desse kategoriane føregjekk etter snoballmetoden. Før eg reiste til Bolivia sendte eg førespurnad til norske Latin-Amerika forskarar og Utanriksdepartementet om kontaktinformasjon til aktuelle informantar. Ulike trådar førte meg til Per Ranestad i Norsk Folkehjelp som gav meg

⁸ Samtaler med Per Ranestad i Norsk Folkehjelp, Lise Ulvedal i SAIH med fleire.

kontaktinformasjon til paraplyorganisasjonen Programa NINA Unidas som viste seg å vere svært verdifull. Når eg kom til Bolivia tok eg kontakt med denne paraplyorganisasjonen som igjen gav meg kontaktinformasjon til mange av dei sentrale sivilsamfunnsorganisasjonane. Kwart intervju opna nye dører. På same måte fekk eg kontakt med offisielle myndigheiter. Eg fekk intervjuavtale med tidlegare president i Superintendencia de Hidrocarburos gjennom Latin-Amerikagruppene i Noreg. Under dette intervjuet fekk eg vidare kontakt med sitjande direktør i Superintendencia som sette meg i kontakt med sentrale personar i hydrokarbondepartementet og det statlege gasselskapet Yacimiento Petrolífero Fiscales Bolivia (YPFB). Eg lærte meg at det lønner seg å ta kontakt direkte på mobiltelefonen til vedkomande, og ikkje gå vegen gjennom sekretærar. Kwart intervju kravde fleire telefonar og av og til møtte ikkje informanten opp sjølv om avtale var gjort. Ein av dei sentrale eigenskapane eg måtte ha som forskar var derfor tålmod.

For å få innsikt i nasjonaliseringsprosessen og den bolivianske gassektoren i dag intervjuar eg sentrale personar i sektoren. Eg gjorde intervju med viseministeren på hydrokarbondepartementet og direktøren på Superintendencia de Hidrocarburos. Eg gjorde også forsøk på å intervju presidenten eller andre i det statlege gasselskapet YPFB, men utan hell. Eg snakka med presidenten i YPFB fleire gonger på telefon og han var veldig positiv til å gjere eit intervju med meg, men var stort sett utanbys eller hadde full agenda. Då eg til slutt tok turen til selskapets hovudkontor så fekk eg beskjed om at ingen ville snakke med meg fordi dei mistenkte meg for å vere spion for den transnasjonale gassindustrien. Denne reaksjonen illustrerar det spente politiske klimaet i Bolivia. Forsøket på å få eit intervju var derfor ei interessant erfaring i seg sjølv. Vidare gjorde eg intervju på finansdepartementet for å kartleggje forvaltninga av skatteinntektene; med parlamentarikarar for å forstå den formelle politiske prosessen bak nasjonaliseringa og relasjonane mellom styresmakter og sivilsamfunn; og med representantar i grunnlovgivande forsamling for å få innsikt i den offentlege debatten om gassforvaltning. .

Resten av informantane mine kan kategoriserast som sivilsamfunnsrepresentantar, som igjen kan kategoriserast i følgjande tre grupper: grasrotorganisasjonar, NGOar og akademikarar. Av dei største og mest slagkraftige grasrotorganisasjonane intervjuar eg representantar for fire stykk: den landsdekkande bondeorganisasjonen Confederación Sindical Única de Trabajadores y Campesinos Boliviana (CSUTCB), kvinneorganisasjonen Federación Sindical de Mujeres Campesinas – Bartolina Sisa (som eg vil omtale som Bartolina Sisa i oppgåva), nabolagsorganisasjonen Federación de Juntas Vecinales (FEJUVE)

i høglandsbyen El Alto og urfolksorganisasjonen Confederación de Pueblos Indígenas de Bolivia (CIDOB) basert i låglandet. I tillegg gjorde eg intervju med landsorganisasjonen Confederación Obrera Boliviana (COB) og oljearbeidarforeininga Federación Sindical de Trabajadores Petroleras Bolivia (FSTPB). Av forskingsbaserte NGOar intervjuar eg nokre av dei organisasjonane som har arbeida mest med gasspolitikk, Cedla i La Paz, Colectivo de Estudios Aplicados al Desarrollo Social (CEADES) i Santa Cruz og Centro de Documentación e Información Bolivia (CEDIB) i Cochabamba, og ei rekkje mindre NGOar som eg vart anbefalt å snakke med, samt den bolivianske avdelinga av den internasjonale organisasjonen UNDP. I tillegg gjorde eg intervju med dei to akademikarane som er mest profilerte i forhold til debatten om gassressursane i Bolivia. Eg søkte å intervju folk så langt opp i organisasjonane som mogleg. Eg lykkast i å få intervju med øvste leiar i grasrotorganisasjonane CSUTCB og CIDOB, og landsorganisasjonen COB, og fungerande leiar i Bartolina Sisa. FEJUVE har ein meir flat struktur der fleire ”dirigentar” sit i leiinga. Eg intervjuar ein av desse. Blant NGOane valde eg å gjere intervju med forskarar som arbeider spesielt med gassforvaltning. I dei offentlege forvaltningsinstitusjonane fekk eg også intervju med leiinga. Intervju med sivilsamfunnsorganisasjonar er referert i teksten med organisasjonsnamn då informantane her uttalar seg på vegne av organisasjonen, og ikkje som enkeltpersonar, medan offisielle politikarar og akademikarar er referert med namn, verv og institusjon.

Det er ein svakheit at eg ikkje har intervjuar Comité Pro Santa Cruz (CPSC) som er ein sentral sivilsamfunnsaktør i utforminga av gassforvaltninga og viktig premissleverandør i debatten. Eg såg ikkje CPSC si sentrale rolle før eg kom heim frå feltarbeidet og tok til å analysere datamaterialet mitt. Likevel vil eg hevde at dette ikkje utgjer noko stort problem då CPSC sine interesser er godt representert i boliviansk, men også norsk og internasjonalt media via reportasjar, artiklar og intervju⁹. Organisasjonens struktur og saker er også godt skildra i akademiske artiklar (sjå Eaton 2007 og Rochlin 2007). Eg har altså nytta meg av sekundære kjelder i diskusjonen om denne organisasjonen. Sett frå eit etisk perspektiv er det problematisk å ikkje la alle aktørar kome til ordet, men på den andre sida kan ein sjå det som viktig å gje ei stemme til dei aktørane som ikkje kjem til i media.

⁹ Til dømes: www.dagbladet.no 16.12.07 og New York Times 20.12.07

Eg tok utgangspunkt i intervjuguidar som fungera som rettesnor for intervjuet. Intervjuguidane var fyrst og fremst ein måte å hugse sentrale tema som eg ville ha svar på. Eg hadde ein intervjuguide til intervju med sivilsamfunnsorganisasjonar, ein for intervju med offisielle politikarar og ein for intervju med akademikarar. Desse er vedlagt. Under intervju med offisielle politikarar la eg også til spørsmål spesielt tilsikta deira virke. Under intervju med viseminister i hydrokarbondepartementet vektla eg industrialiseringsprosessen, under intervju med rådmann i El Alto Kommune vektla eg nasjonaliseringa sett frå eit kommuneøkonomisk perspektiv, og så bort etter.

Sidan mykje av den akademiske litteraturen om utviklingsproblematikk kjem frå Nord er det ei fare for å gjere etnosentriske studier. Ut frå eit postkolonialt perspektiv var dert derfor eit mål for meg at delar av det analytiske rammeverket og sekundære kjelder eg bruka i analysen skulle hentast frå latinamerikansk litteratur. Eg kjøpte ein del bolivianske bøker rundt tema sosiale rørsler, demokratisering, desentralisering og nasjonalisering.

Under feltarbeidet las eg nasjonale aviser og bolivianske tidsskrift, og såg nyhende på boliviansk fjernsyn for å halde meg mest mogleg oppdatert under feltet. Eg var også så heldig at eg fekk deltatt på ein konferanse om nasjonalisering av naturgass på Universitetet i Sucre¹⁰, lansering av UNDP rapporten om tilstanden til den bolivianske stat¹¹ og eit opent møte grunnlovgivande forsamling haldt i El Alto¹². Desse arrangementa, samt andre seminar, var svært nyttige. Kva nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane eigentleg inneber er omdiskutert. Under feltet skjønna eg fort at det var usemje om kor store inntekter staten fekk som følge av nasjonaliseringa. Eg oppsøkte derfor finansdepartementet og hydrokarbondepartementet for å få innsikt i rekneskapet.

2.4 Analyseprosess

Dette er ei empirisk basert oppgåve der teoriar spelar ei forklarande og strukturerande rolle. Oppgåva kan kallast eit teoretisk informert casestudie. Eg har bruka teoriar instrumentelt for å forklare eller diskutere caset mitt.

Utifrå globaliseringskritisk litteratur opererte eg med ei arbeidshypotese om at nasjonaliseringa hadde skapt eit politisk handlingsrom, men det var i stor grad empirien som

¹⁰ Condiciones Determinantes para la Inversion y el Desarrollo en la Industria del Petroleo y Gas, 25.-26. april 2007, Universidad San Francisco Xavier, Chuquisaca.

¹¹ El estado del Estado, 17.april 2007, La Paz

¹² Opent møte med grunnlovgivande forsamling i El Alto 17. mars 2007

forma analysen. Med data frå intervju, rapportar, aviser og bøker gjorde eg greie for den bolivianske gasspolitikken. Ved å samanlikne dagens gassforvaltning med tidlegare gassregime kunne eg definere nasjonaliseringsprosessen. Taldata frå finansdepartementet støtta opp om det kvalitative forskingsmaterialet og viste seg svært nyttig i samanlikninga mellom tidlegare gassforvaltning og dagens gassregime. Under feltarbeidet fekk eg innsyn i den offentlege debatten om gassforvaltninga. At sivilsamfunnet i det heile tatt var engasjert i forvaltninga kom som ei overrasking då eg trudde den offentlege debatten om gassressursen hadde stilna etter regimeskiftet. Med eit lovverk som identifiserar gassressursen som statleg eigedom, auka skattelegging av sektoren og eit nasjonaliseringsvenleg parti i regjeringsposisjon har dei sosiale rørslene som mobiliserte for nasjonalisering fått innfridd delar av krava sine. Den offentlege debatten om ressursforvaltninga illustrerte imidlertid at ressursforvaltning er ein prosess som stadig er i endring som følge av interessekamp. Meiningsmangfaldet var høgst relevant for oppgåva mi. Etterkvart som eg gjorde og transkriberte intervju såg eg eit mønster av meiningar om gassforvaltninga. Då intervjuet var ferdig transkribert laga eg ei enkel matrise der eg systematiserte intervjuet etter kva institusjon dei ulike sivilsamfunnsorganisasjonane meinte ville vere den beste forvaltaren og kva sektor dei meinte ressursane skulle investerast i. Det vart i alt tre kategoriar med meiningar. Ut frå denne matrisa såg eg eit mønster i kva type sivilsamfunnsaktørar som var samde og ueinige i spørsmålet om gassforvaltninga.

2.5 Relasjon mellom forskar og informant

Det er viktig å vere reflektert over korleis relasjonen mellom forskar og informant påverkar forskingsprosjektet, om forskaren i utgangspunktet har ein relasjon til feltet eller om ho er utanforståande. Eit godt intervju avheng av ein god intervjuar. Ifølgje Kvale (1996) er ein god intervjuar kjenneteikna av at ho har kunnskap om temaet; ho er informerande om intervjuet til informanten; ho stiller tydelege spørsmål; ho er ein god lyttar; ho er sensitiv overfor informanten; ho er open for uventa vendingar under intervjuet og stiller oppfølgingsspørsmål; ho veit kva ho vil med intervjuet; ho er kritisk til informantens svar; ho hugsar svara slik at ho kan følgje opp seinare i intervjuet; og ho tolkar svara undervegs. Intervjuaren må altså vere oppriktig og ekte engasjert, og skape ei tillitsfull og fortruleg atmosfære (Thagaard 2003), samstundes som ho må klare å distansere seg frå informanten slik at ho kan stille seg kritisk og tolkande til det ho blir fortald. Det er forskarens utfordring å skape ein balansert

intervjusituasjon der forholdet mellom forskar og informant kjenneteiknast av både fellesskap og ulikskap. Kjennskap til feltet kan vere ein styrke fordi forskaren vil ha større forståing for informantanes situasjon, medan forskaren som utanforståande lettare kan sjå nyansar og lettare kan stille seg kritisk til informantane sine svar.

Sosiale kategoriar som europear, kvit, velstående, student, kvinne og ung gjorde meg til ein utanforståande i forhold til feltet mitt. Under intervju med myndigheitene var eg ein utanforståande sidan eg verken har kunnskap om eller erfaring med offentleg forvaltning av olje- og gasssektoren. Som den uvitande og unge forskaren var det ei utfordring å ha kontroll over intervjuet. På den andre sida var desse informantane velstående mestisar og den sosiale ulikskapen var derfor relativt liten samanlikna med intervjuet eg gjorde med ulike sivilsamfunnsaktørar. Under intervju med grasrotorganisasjonar var eg som kvit og velstående ein utanforståande, då det i stor grad er fattige urfolk som driv desse organisasjonane. Etnisk bakgrunn er eit sensitivt og alvorleg spørsmål i Bolivia og manglande respekt på bakgrunn av hudfarge går begge vegar. På den andre sida hadde eg i desse intervjusituasjonane meir kunnskap om, og forståing for, deira virke enn i intervjuet med myndigheitene. Innsikt i informanten sin situasjon gjer dialogen betre og oppfølgingsspørsmål lettare. Eg har erfaring frå sosiale rørsler som arbeider mykje med dei same sakene som sivilsamfunnsorganisasjonane i Bolivia. Erfaringa viste seg verdifull i forhold til å skape tillit til - og forståing av informantane. Intervjuet med NGOar baud på minst utfordringar i forhold til min posisjon som forskar. Eg hadde god kjennskap til deira arbeid, både tematisk og organisatorisk, og det sosiale gapet var lite sidan informantane var relativt velstående mestisar. Sider ved meg som i enkelte intervjusituasjonar førte til eit fellesskap med informanten gjorde meg altså til ein utanforståande i andre intervjusituasjonar, og vice versa.

Som intervjuar ynskjer ein å styre intervjuet og har derfor behov for ein viss grad av autoritet, men som kvinneleg forskar kan det vere vanskeleg å inneha denne autoriteten (Thagaard 2003). Det er ikkje eit forhold forskaren kan endre på, men eit forhold det er viktig å vere bevisst om. I slike intervjusituasjonar der forskaren har mindre autoritet enn det ho gjerne vil ha for å styre intervjuet, er det fint å ha ein intervjuguide. Intervjuguiden hjelper forskaren å stille dei spørsmåla ho ynskjer svar på når informanten styrer intervjuet i ei anna retning. Min posisjon som kvinneleg forskar gav meg også fordelar i forhold til å få intervjuavtaler og oppnå tillit til trass for sosiale forskjellar. Sidan kvinner vert oppfatta som mindre autoritære enn menn kan kvinnelege forskarar bli oppfatta som uskuldige og informantane kan lettare opne seg enn med ein mannleg intervjuar.

Mi felterfaring støttar opp under Thagaard (2003) si vektlegging av oppriktig og ekte engasjement. Bolivias utvikling, olje- og gassforvaltning og folkeleg mobilisering som den viktigaste kjelda til endring er tema eg er personleg engasjert i og som eg arbeider med frivillig i Noreg. Dette engasjementet skapte fellesskap til informantane. Fellesskapet er ikkje utelukkande positivt; informantane påverkar i stor grad forskarens forståing av fenomenet, og kjensla av fellesskap kan svekkje forskarens emne til kritisk tenking. Som norsk student såg eg likevel informantane sine svar som ein utanforståande og stilte meg kritisk til svara.

Det er ikkje bare forskarens sosiale kategoriar som påverkar intervjusituasjonen. Informanten påverkast også av forskarens åtferd. Som europear i utviklingsland vert ein alltid møtt som turist. Ein skil seg ut på alle moglege måtar og det kan vere vanskeleg å skape fokus rundt dei temaa ein er interessert i. Ein kan imidlertid ta ein del forhandsreglar for å minimere merksemda rundt eigen person. Kjennskap til studieområdet er eit godt utgangspunkt. Eg har tidlegare budd i Bolivia og fått kjennskap til sosiale kodar ved å bu og leve med lokalbefolkninga. Vidare er det ”viktig å ikkje stikke seg ut med fine materielle ting” (Hesselberg 1998:36. Mi oversetjing). Eg bruka enkle klede, lét kameraet ligge på hotellet, tok kollektiv transport, betalte med lokal valuta og åt gatemat. Offisielle språk i Bolivia er spansk, aymara og quechua. Sidan eg beherskar spansk relativt godt nytta eg meg ikkje av tolk. Det å snakke informantens språk er ein måte å skape fellesskap på. Eg fekk under fleire intervju skryt for språkkunnskapen min, ofte i humoristiske vendingar som ”du snakkar betre spansk enn tidlegare president Goni”. Eg lærte meg også enkelte helsingfraser på quechua og aymara. Å starte ei samtale med ei helsingfrase på folks morsmål gjev ei svært god stemning. Å snakke om politiske prosessar krev imidlertid ein annan språkkunnskap enn daglege samtaler. Informantane brukte ord og uttrykk eg ikkje hadde kjennskap til, noko som kan ha ført til manglande oppfølgingsspørsmål. Eg trur imidlertid ikkje dette utgjorde noko stort problem då eg ut frå kontekst skjønna kva informantane sa. Eg følte det var god flyt i intervju, og alle intervju vart tatt opp som digitale lydfile, noko som gav meg moglegheit til å slå opp ukjende ord i etterkant av intervju slik at eg fekk eksakt forståing av informantanes svar. Etter kvart auka det politiske ordforrådet mitt og dei siste intervju vart gjennomført utan språklege problem. Hesselberg (1998) påpeikar at bruk av opptakar kan skremme informanten frå å svare ærleg i frykt for at opptaket vil bli brukt mot henne. Eg opplevde ikkje bruk av opptakar som noko problem. Eg spurte alltid informanten før intervjuet om det var greit at eg brukte opptakar og samlege informantar svarte at det var heilt i orden. Ingen bad meg slå av opptakaren under politisk sensitive spørsmål, og informantane mine verka generelt

sett komfortable i situasjonen. Bruk av opptakar gav meg høve til å fokusere heilt og fullt på informanten noko som gav positivt utslag i forhold til dialogens natur og eventuelle oppfølgingsspørsmål. Bruk av opptakar gjev ein unik moglegheit til å høyre intervjua fleire gonger, bruke detaljerte svar i analysen og sitere ordrett.

2.6 Etiske vurderingar

”Eit intervjubasert forskingsprosjekt er eit moralsk føretak: den personlege samhandlinga i eit intervju påverkar informanten, og intervjuet produserar kunnskap som påverkar vår forståing av den menneskelege situasjonen” (Kvale1996:109. Mi oversetjing). Ifølgje Kvale er det tre omsyn ein må ta for å gjennomføre eit etisk forsvarleg forskingsprosjekt: informert samtykke, konfidensialitet og konsekvensar. *Informert samtykke* inneber at informanten skal vere informert om forskingsprosjektets form og formål, og kva fordelar og ulemper forskingsprosjektet kan ha for informanten. Deltaking i forskingsprosjektet skal vere frivillig og informanten skal kunne trekkje seg frå prosjektet. Eitkvart intervju og bruken av dette må føregange på informantanes premiss. Eg innleia kvart intervju med å presentere meg og mitt prosjekt. Under intervjua presenterte eg arbeidshypotesen min for å få informantane si meining, og for å klarare vise dei mi haldning til caset. Eg vil hevde at informantane vart godt informert om prosjektet. Som Kvale (1996) påpeikar vil eit forskingsprosjekt basert på halvstrukturerte intervju truleg endre seg etter kvart som ein får ny kunnskap om caset, og det etiske prinsippet om informert samtykke vil derfor vere vanskeleg å etterleve. Sjølv om caset mitt vart utforma undervegs har eg ikkje endra kjernen i-, og formålet med prosjektet. Etter kvart intervju etterlet eg kontaktinformasjon og gjorde det klart at informanten når som helst kunne trekkje seg frå prosjektet. Samlege informantar vart også spurt om dei ville godkjenne sitat før oppgåva bli publisert. Alle ynskte å nytte seg av denne retten, og sitat vart derfor sendt på e-post til informantane i god tid før publisering.

Konfidensialitetskravet omfattar informanten sin rett til privatliv. Informanten har rett til å vere anonym og skal informerast om denne retten. I etterkant av alle intervju spurte eg informanten om ho ville vere anonym, men det var kun ein informant som ynskte det. Sidan dette intervjuet ikkje gav meg nokon informasjon eg ikkje fekk under andre intervju har eg ikkje bruka dette intervjuet.

Den tredje delen i Kvale sine etiske retningslinjer: *konsekvensar*, omfattar informantens risiko og vinningar ved forskingsprosjektet. Målet er at forskingsprosjektet skal

gje informanten fleire fordelar enn ulemper. ”Dette inneber forskarens ansvar for å reflektere over dei moglege konsekvensane for personane involvert i studiet, men også den gruppa dei representerar” (Kvale 1996:116. Mi oversetjing). Eit intervju bør innebere ein viss grad av resiprositet. I dei fleste tilfelle vil intervjuet vere av størst verdi for forskaren, men informanten bør også få noko ut av det. Informanten kan ved å bli intervjuet sjå sine egne erfaringar i nye perspektiv og få ny kunnskap av intervjuaren. Fleire av mine informantar spurte etter dei norske erfaringane som oljenasjon og korleis me hadde utvikla vår velferdsstat. Denne interessa gav meg moglegheit til å gje noko tilbake. Etter enkelte intervju følte eg for å fortelje informantane kvifor sivilsamfunnsorganisasjonar i Europa no følgjer spent med på utviklinga i Bolivia. Dei sosiale rørslene som kravde nasjonalisering av gassressursane nyter stor respekt blant sosiale rørsleri Nord. Informantane viste at dei sette pris på denne anerkjenninga. Under andre intervju verka det rett og slett som om informanten syns det var stas å få snakke om det ho brydde seg mest om, men resiprositetsprinsippet er ikkje uproblematisk. Dersom intervjuet vert for intimt og informanten føler stor tillit kan ho gje informasjon ho seinare vil angre på. Eg valde derfor å ”gje noko tilbake” fyrst etter at intervjuet var avslutta. Enkelte gonger vart eg sitjande lenge med informantane og snakke etter at intervjuet var ferdig. Det etiske dilemmaet om konsekvensar omfattar også bruk av tileigna kunnskap i ein vidare politisk kontekst (Kvale 1996). Mange av informantane mine representerar fattige folk som kjempar for ei meir rettvis verd. Eit etisk spørsmål som reiser seg i møte med slike informantar er kor vidt oppgåva bør vere til hjelp for desse organisasjonane. Dette etiske dilemmaet løyste seg på mange måtar av seg sjølv då eg har intervjuet representantar frå organisasjonar med motstridande meiningar om gassforvaltninga og eg kunne då vanskeleg bidra til dei enkelte organisasjonanes kamp. Mitt mål har derfor vore at oppgåva mi på ingen måte skal vere til skade for desse organisasjonane sin kamp.

2.7 Truverd og gyldighet

Reliabilitet og validitet er omgrep bruka for å vurdere kvaliteten ved eit forskingsprosjekt. Eg vil bruke Thagaard (2003) sitt omgrep truverd og Hesselberg (1998) sitt omgrep gyldighet som refererer til omgrepsparet reliabilitet og validitet.

”Forskaren må argumentere for truverd ved å gjere greie for korleis dataene er blitt utvikla i løpet av forskingsprosessen” (Thagaard 2003:178. Mi oversetjing). Prinsippet om truverd omfattar både kvaliteten på dataene og korleis forskaren brukar desse. For å oppnå

akseptabelt truverd må forskaren gjere greie for kva som er direkte informasjon henta i felt og kva som er forskarens egne vurderingar av denne informasjonen (Thagaard 2003). Eit studie skal gjennomførast på ein slik måte at andre forskarar kan gjennomføre det same studiet og kome fram til dei same konklusjonane, men som blant anna Flyvbjerg (2006) påpeikar, er all forskning subjektiv, og det vil derfor vere umogleg å skilje mellom ”direkte data” og forskarens egne tolkingar. Heile forskingsprosessen frå val av studieobjekt, val av spørsmål og kjelder, analyse og formidling, er resultat av forskarens egne val. Kor vidt det er mogleg å dokumentere prosedyrane er derfor kjelde til diskusjon. Einkvar forskingskontekst vil vere unik. Eit forskingsprosjekt kan derfor ikkje fullt ut gjentakast av andre forskarar. Ein kan også spørje seg om truverd bør vere eit ideal i kvalitativ forskning. Ein kan tvert imot hevde at ein ikkje får god kvalitativ forskning dersom ein skal ta omsyn til kriteriet om truverd. Målet må derimot vere å reflektere over egne tolkingar for å gje lesaren høve til å stille seg kritisk til forskingsprosjektet. Gyldigheitskriteriet er såleis meir relevant i kvalitativ forskning.

”Gyldigheit inneber både at forskaren stiller seg kritisk til egne tolkingar og at prosjektets resultat kan bekreftast av annan forskning” (Thagaard 2003:180. Mi oversetjing). Ei kvar tolking vil vere ei av mange moglege. Forskaren må argumentere for si tolking ved å vise at denne er meir relevant enn andre tolkingar. Det er ein føresetnad at tolkingane dokumenterast godt for at andre forskarar skal kunne bekrefte tolkingane. Ifølgje Thagaard handlar dette om å gjere greie for framgangsmåtar i prosjektet og relasjonar i felten. Bevisste val er derfor ein føresetnad for gyldigheit.

Eg har diskutert korleis relasjonen mellom meg som forskar og informantane påverkar forskingsprosjektet. Eg har søkt å gjere greie for framgangsmåten i forskingsprosjektet ved å oppgje kjelder i teksten. Den informasjonen eg har fått frå feltarbeid er referert som intervju, uformell samtale, skriftleg dokument eller arrangement. Ved bruk av intervju har eg søkt å ikkje ta sitat ut av samanhengen eller utelate motstridande meiningar. Litt av informasjonen eg baserar analysen på er tileigna gjennom observasjon i felt. I desse tilfella har eg referert til erfaring i felt ved hjelp av fototar. Mykje av datagrunnlaget er også henta frå akademiske artiklar, slike sekundære kjelder er oppgitt med referanse i teksten. Alle intervju er tatt opp som lydfile og transkribert. Oversikt over skriftlege kjelder frå felt inngår i referanselista og oversikt over intervju er vedlagt. Vedlagt intervjuguidar gjev også lesaren moglegheit til å vurdere innsamling av datamateriale.

4. Minimalistisk demokrati

Formålet med dette kapitlet er å kontekstualisere diskusjonen om korleis det med nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane er skapt ein moglegheit for demokratisk utvikling. Sidan demokrati ikkje er ein tilstand, men ein prosess som utviklar seg ulikt frå stad til stad, ser eg det som formålsteneleg å gjere greie for nokre trekk ved den demokratiske utviklinga i Bolivia. Korleis nasjonaliseringa av gassressursane påverkar den demokratiske utviklinga i landet avheng av korleis dei demokratiske prinsippa blir ivaretatt i utgangspunktet. Eg vil diskutere nokre av dei demokratiske endringsprosessane som har gått føre seg i Bolivia dei siste åra i forhold til dei demokratiske prinsippa folkeleg kontroll og politisk likskap, og slik leggje eit grunnlag for diskusjonen i det siste analysekapitlet om forholdet mellom nasjonalisering og demokratisk utvikling.

Etter ein periode med militære diktatur opna Bolivia i 1982 for demokratiske val. Statsmakta er tredelt mellom lovgivande, dømmende og utøvande makt og sivile og politiske rettar er grunnlovsfeste. Ifølgje Beetham (2000) er dette karakteristikkar som kjenneteiknar den liberaldemokratiske modellen. Han påpeikar imidlertid at liberaldemokratiet er ei minimalistisk institusjonalisering av demokratikonseptet. Sjølv om befolkninga formelt sett er garantert sivile og politiske rettar gjennom den bolivianske grunnlova, betyr det ikkje at befolkninga i praksis nyt desse rettane. For det fyrste er det langt frå teori til praksis, sjølv om det bolivianske folk er garantert sivile og politiske rettar gjennom grunnlova, er det rom for ulike tolkingar av korleis rettane skal garanterast og det er heller ikkje alltid slik at lovverk vert implementert. For det andre står sivile og politiske rettar i eit gjensidig avhengigheitsforhold til sosiale og økonomiske rettar, praktisering av sivile og politiske rettar impliserar derfor eit visst sosioøkonomisk nivå.

4.1 Elitedemokrati

Representative demokratimodellar er bygd på ideen om at folkeleg kontroll kan sikrast med folkevalde representantar organisert i politiske parti. Dei politiske partia skal i teorien representere, og styre på vegne av, befolkninga. I Bolivia har imidlertid ikkje partia representert den fattige majoriteten i landet, men snarare den økonomiske eliten (Salman 2006). Bolivia har derfor blitt karakterisert som eit elitedemokrati, kjenneteikna av ei elite som har styrt landet medan det store fleirtalet har vore økonomisk og politisk ekskluderte

(Gwynne & Kay 2004). Sidan det vart opna for demokratiske val i 1982, har tre parti dominert det partipolitiske landskapet: Movimiento Nacionalista Revolucionario (MNR), Acción Democrática y Nacionalista og Movimiento de Izquierda Revolucionaria (MIR) (Singer 2007). Med ulike regjeringskonstellasjonar hadde desse partia regjeringsmakt fram til presidentvalet i 2005, og det var desse partia som dominerte kongress, senat og det vesle som fanst av utøvande makt på lokalt nivå. Partia, som på folkemunne vert kalla for dei tradisjonelle partia, er kritisert for manglande forankring i grasrota (Salman 2006). Dei har i stor grad rekruttert velstående, mannlege mestisar, noko som har gjenspegla seg i dei sentrale verva i partia. Dei har også representert politisk kontinuitet: ”Over tid, har desse partia nærma seg kvarandre i forhold til økonomisk og sosial politikk” (Singer 2007:201. Mi oversetjing).

4.2 Sivilsamfunnsorganisasjonar og utanomparlamentarisk kamp

Sjølv om majoriteten av befolkninga har vore ekskludert frå dei formelle politiske kanalane, har imidlertid bolivianarar praktisert sivile og politiske rettar gjennom utanomparlamentariske kanalar. Det bolivianske sivilsamfunnet er kjenneteikna av eit mangfald av organisasjonar. Folk er organisert gjennom fagforeiningar, bondeorganisasjonar, urfolksorganisasjonar, kvinneorganisasjonar, nabolagsorganisasjonar og borgarkomitear.

Urfolksbønder over heile landet er organisert i bondeorganisasjonen Confederacion Sindical Unica de Trabajadores Campesinos Bolivia (CSUTCB), urfolksskvinner frå heile landet er organisert i Bartolina Sisa, urfolk i låglandet er organisert i Confederación de Pueblos Indígenas de Bolivia (CIDOB), aymarabønder er organisert i Consejo Nacional de Ayllus y Markas del Qullasuyu, og nybrottsbøndene er organisert i Confederación Sindical de Colonizadores de Bolivia. Desse organisasjonane vert på folkemunne kalla dei fem store fordi dei til saman organiserar store delar av befolkninga med urfolksbakgrunn. Organisasjonane organiserar imidlertid ulike urfolksgrupper, CIDOB organiserar guaraní og andre urfolksgrupper som tradisjonelt har levd i områda i og rundt regnskogen, medan dei andre organisasjonane fyrst og fremst organiserar dei to største urfolksgruppene quechua og aymara. Quechua og aymara organisasjonane har sine hovudkontor i høg fjellsbyen La Paz, medan CIDOB har sitt hovudkontor i låglandsbyen Santa Cruz. I tillegg kjem ei rekkje mindre grasrotorganisasjonar som Movimiento Sin Tierra og Asamblea del Pueblo Guaraní. Desse kan kategoriserast som grasrotorganisasjonar på grunn av den lokale forankringa, den tilsynelatande store oppslutninga, landsdekkjande aktivitet og organisasjonanes grunnlag i

grupper som har vore ekskludera frå formelle politiske kanalar. Medlemskap vert definert ut ifrå folks sympati med dei sakene organisasjonane fører og ikkje utifrå register. Medlemsmassen er dynamisk då ulike folk støttar opp om ulike saker og ulike kampanjar mobiliserar ulik mengde folk¹³. Det er derfor vanskeleg å sei kor stor oppslutninga om desse organisasjonane er, men svært mange sympatiserar med organisasjonane. Sjølv om organisasjonane i utgangspunktet organiserar den rurale delen av befolkninga, lever ein del av medlemmane i urbane område fordi mange bolivianarar har flytt frå bygd til by for å finne arbeid.

Sjølv om desse organisasjonane er enkeltståande og i visse saker står mot kvarandre, samarbeider dei godt både i forhold til nasjonale og lokale saker. Dei arrangerar ofte konferansar saman og står ofte saman i demonstrasjonar¹⁴. Eit døme er det nære samarbeidet dei har hatt i prosessen med ny grunnlov. Dei har levert felles forslag til grunnlovgivande forsamling (Asamblea Nacional de Organizaciones Indígenas, Originarias, Campesinas y de Colonizadores de Bolivia 2007) og mobilisert for desse ilag. Samla sett har desse grasrotorganisasjonane lokale og regionale lag i heile landet. På 1950-talet og fram til privatiseringspolitikken tok til, stod fagrørsla i Bolivia sterkt grunna eit godt organisert gruvearbeidarsamfunn. Sidan mange arbeidsplassar vart lagt ned som følge av privatiseringspolitikken på 90-talet og majoriteten av den bolivianske arbeidsstokken i dag arbeidar i uformell sektor er landsorganisasjonen COB relativt liten¹⁵. Likevel står enkelte av dei regionale fagforbunda som organiserar folk i uformell sektor sterkt, til dømes var Confederación Obrera Regional i El Alto ein av dei sentrale organisasjonane bak gasskrigen (Lazar 2006). Andre stader står nabolagsforeiningane sterkt, eg vil kome tilbake til desse foreiningane i neste kapitlet.

Det er også eit mangfald av NGOar i Bolivia., desse organisasjonane er ikkje-statlege organisasjonar som er profesjonelle av karakter. I boliviansk samanheng består slike organisasjonar av eit lønna sekretariat, ofte med finansiell støtte frå internasjonale donorar. Kor profesjonelle, store og rike desse organisasjonane er varierar, og det vil derfor vere nokre organisasjonar som kan falle inn under både NGOkategorien og grasrotorganisasjonskategorien. Formålet med å kategorisere organisasjonane på denne måten

¹³ Uformelle samtaler under feltarbeid.

¹⁴ Erfaring frå feltarbeid.

¹⁵ Uformelle samtaler under feltarbeid

er å skilje mellom medlemsbaserte organisasjonar som baserar seg på frivillig arbeid og organisasjonar som baserar seg på eit lønna sekretariat. Eg vil bruke omgrepet sivilsamfunnsorganisasjon som felles nemnar for dei to kategoriane. Det store mangfaldet av sivilsamfunnsorganisasjonar tyder på at den bolivianske befolkninga i praksis nyt retten til å organisere seg, ein av dei sentrale sivile og politiske rettane.

Fleire av dei sivilsamfunnsorganisasjonane eg intervjuar understreka kor vanskeleg det var å kome til orde i aviser, radio og fjernsyn (intervju CSUTCB og Cedla). Som eg vil kome tilbake til står fleire av mediakanalane i relasjon til næringslivsinteresser. Organisasjonane eg snakka med hevda at media ikkje ville dekkje deira sak, men bare var kanalar for høgrepolitiske interesser som støtta opp om det bolivianske næringslivet. Media er ein sentral kanal for praktisering av ytringsfridom og lukka mediekkanalar representerar derfor ei demokratisk utfordring for Bolivia. Ytringsfridom kan imidlertid praktiserast på mange måtar. I Bolivia er det alltid ein demonstrasjon. Kvar einaste dag samlast folk ein stad i landet for å demonstrere for store og små saker. Under feltarbeidet las eg dagleg om demonstrasjonar i riksavisene. Den mest bruka aksjonsforma i Bolivia er vegblokadar, også kalla for streik. I og med at majoriteten av befolkninga ikkje er tilsett i formell sektor, gjev vegblokadar større effekt enn streik slik me kjenner uttrykket. Vegblokkader blir bruka som politisk verkemiddel i forhold til makroøkonomiske krav som rekommunalisering, andre gonger i samanheng med lokale kampar for brønnboring eller straumnett til landsbyen eller bydelen. Sveltestreik er også eit mykje bruka aksjonsmiddel. Utstrakt bruk av aksjonsformer indikerar at den bolivianske befolkninga nyt ytringsfridom til trass for at dei ikkje får tilgang til mediakanalane. Tidlegare regime vart imidlertid kritisert for å møte demonstrasjonar med politivald. Som eg vil kome tilbake til resulterte samanstøyt mellom demonstrantar og politi i ei rekkje dødsfall. Å møte fredelege demonstrasjonar med politivald er eit brot på ytringsfridomen. Det ser imidlertid ut som om det nye regimet ikkje vel same strategi, under sitjande regime har foreløpig ingen demonstrantar bøtt med livet som følgje av samanstøyt med politi.

Van Cott (2005) meiner det store omfanget av sivilsamfunnsorganisasjonar og demonstrasjonar er eit resultat av manglande representativitet i det formelle politiske systemet, at folk har utvikla mistillit til dei formelle politiske kanalane med det resultat at utanomparlamentariske former for politisk kamp førekjem dagleg. Mistillit til det formelle politiske systemet er nok ein av grunnane til den utstrakte bruken av alternative politiske kanalar, men det politiske sivilsamfunnet må sjåast i vidare historisk kontekst. Bruk av

alternative politiske kanalar kom ikkje med dei demokratiske vala i 1982, eller med dei nyliberale reformene på 1980-talet, det politiserte sivilsamfunnet har sitt grunnlag i fagrørsla som stod sterkt i Bolivia frå 1950-talet og utover 1970-åra. Sentrert rundt gruvearbeidarane hadde Bolivia den sterkaste fagrørsla i Sør Amerika (Petras & Veltmeyer 2005). Mangfaldet av organisasjonar og demonstrasjonar har auka dei siste tiåra, men det var fagrørsla som la grunnlaget for dagens politiske sivilsamfunn ved å skape eit alternativt offentleg rom. Dette illustrerar Fraser (i Alvarez et al. 1998) sitt poeng om at dagens sosiale rørsler må studerast i historisk kontekst fordi det alternative offentlege rommet dagens sosiale rørsler opererer i er skapt som følge av tidlegare mobiliseringar.

4.5 Desentralisering

På 1990-talet vart det implementert desentraliseringsreformer som endra det politiske landskapet. Reformene kom etter press frå Verdsbanken (Kohl & Farthing 2006). Sjølv om reformene kan kritisert på mange vis, vart det med reformene skapt eit politisk rom for tidlegare ekskluderte grupper. I etterkant av reformene har fattige urfolk som tidlegare praktiserte sivile og politiske rettar gjennom uformelle kanalar, også deltatt i det formelle politiske systemet.

Reformene gjekk i hovudsak ut på å overføre 20 prosent av det nasjonale budsjettet til kommunale myndigheiter i lag med auka politisk ansvarsområde (Kohl & Farthing 2006). 85 prosent av midlane skulle brukast til ny infrastruktur som skulle leggje grunnlaget for lokalt næringsliv og økonomisk vekst. Tidlegare hadde det bare vore arrangert kommunale val i dei større byane, med dei nye lovene vart 250 nye kommunar konstruert. Plutselig vart det behov for tusenvis av styrerepresentantar i urfolkskommunane. Målet med reformene var å (i) effektivisere styresett ved å standardisere kommunal planlegging og administrasjon; (ii) auke investeringar i infrastruktur i dei rurale kommunane; (iii) og auke politisk truverd ved å redusere korrupsjon (Kohl & Farthing 2006). Nabolagsorganisasjonar fekk ansvaret for å utforme lokale utviklingsplanar, sikre lokal oversikt, mobilisere nabolaga til offentleg arbeid, og søke støtte frå kommunane. For å forhindre korrupsjon vart det etablert overvakande komitear som har vetorett over kommunale budsjett og finansielle rapportar.

Utifrå det demokratiske prinsipp om folkeleg kontroll skulle ein tru at reformene resulterte i demokratisk utvikling. Desentraliseringsreformene vart imidlertid møtt med hard kritikk. Nokre karakteriserte reformene som "korrupsjonsdesentralisering". Sjølv om

overvakingskomiteane relativt ofte frys dei kommunale kontoane som følgje av korrupsjonsavdekking, så har ikkje kontrollinstitusjonane fungert så godt i praksis. Etablering av komiteane var prega av hastverk og dei er derfor kritisert for manglande representativitet og manglande teknisk kompetanse (Kohl & Farthing 2006). Ifølgje McNeish (1999) vart reformpolitikken utført utan omsyn til lokale og nasjonale maktstrukturar. Nokre stader betydde reformene moglegheit til samfunnsorganisering og tilgang til finansielle midlar, medan andre stader vart lokale maktforhold forsterka eller den nye styringsstrukturen gav makt til dei "undertrykte". Deltakingsretorikken står i motsetnad til fattige folk si kraft til å setje i verk sosial endring på eiga hand. Myndigheitene snakka om å opne demokratiske rom og å legge til rette for representering, men i dei fleste tilfelle søkte myndigheitene å kontrollere folkeleg deltaking og kanalisere den i institusjonaliserte område og former som ikkje truga lokale elitar og statlege maktbalansar (Stiefel & Wolfe i McNeish 1999). Den bolivianske desentraliseringa illustrerar Crook & Manor (1998) sitt poeng om at desentralisering i seg sjølv ikkje medfører demokratisk utvikling. Elitar kan like fort dominere lokale som nasjonale maktapparat. Ansvarsområde vart heller ikkje fylgt opp med tilstrekkelege finansielle midlar. Dei store bykommunane klarte seg relativt bra med skatteinntekter frå næringslivet, medan dei små, rurale kommunane ikkje kom seg ut av den økonomiske periferien (Kohl & Farthing 2006). Desentraliseringsreformene var ifølgje McNeish (1999) ein viktig komponent i det nyliberale paradigmet og ekspanderinga av kapitalismen:

Finansieringa av programma for folkeleg deltaking og administrativ desentralisering, skaper ei attraktiv pakke som skjuler dei konservative intensjonane om å auke statleg kontroll og skape grunnlag for det stabile demokratiet som er naudsynt for å tiltrekkje seg utanlandske investeringar (McNeish 1999:275. Mi oversetjing).

Likevel vart det med reformene skapt ein institusjonell struktur som kan sikre det demokratiske prinsippet om folkeleg kontroll og lokale val opna eit politisk rom for tidlegare ekskluderte grupper:

Det er ingen tvil om at LPP [desentraliseringsreformene], med fordeling av offentlege ressursar og makt, har skapt ei endring, og at dette representerar ei fundamental endring i det bolivianske samfunn. LPP gjev også lokale organisasjonar ei rolle i å ta avgjersler og retten til å kontrollere planlegging og ressursbruk i kommunestyra. Maktstrukturane som har eksistert gjennom Bolivia si historie har imidlertid resultert i ei gradvis marginalisering, politisk ekskludering og fattiggjering av befolkninga med urfolks bakgrunn. Når, eller om, bolivianske bønder deltek i det politiske rommet som

er skapt som følgje av lovene, deltek dei på ulike premiss (Ejdesgaard Jeppesen 2002:47. Mi oversetjing).

4.6 Regjeringspartiet MAS og vertikal ansvarlegheit

Som Migdal et al. (1994) påpeikar påverkar stat og sivilsamfunn kvarandre gjensidig. Politiske parti er ein sentral kanal for sivilsamfunnets påverknad av staten. Eg vil diskutere den partipolitiske strukturen i Bolivia i forhold til representativitet og vertikal ansvarlegheit. Vertikal ansvarlegheit ("accountability") refererar til moglegheiten for sivilsamfunnet til å påverke politiske avgjersler, og er såleis eit viktig omgrep i diskusjonen om folkeleg kontroll. Med desentraliseringsreformene fekk dei tradisjonelle partia konkurranse frå dei grasrotbaserte partia som presenterte ein alternativ økonomisk, kulturell og sosial politikk. "LPP [desentraliseringsreformene] og følgjande desentralisering har gjort kommunale val til ein arena for grasrotbasert demokratisk opposisjon til tradisjonelle urbane politiske parti" (Kohl & Farthing 2006: 146. Mi oversetjing). Desentraliseringsreformene opna opp for nye parti som baserte seg på grasrotorganisering og alternativ sosial og økonomisk politikk. Eit interessant døme er regjeringspartiet Movimiento al Socialismo (MAS).

MAS er ikkje eit politisk parti i tradisjonell forstand, men ei samling av sosiale rørsler. MAS har sine røter i bonderørsler i dalområdet Chaparé. Albro (2005) har gjort ei historisk studie av partiet og meiner at rørsleane i dette området vaks fram på 1980 talet som ein reaksjon mot USA sin internasjonale narkotikapolitikk. Væpna styrker, både bolivianske og amerikanske, har patruljert området sidan 1986 for å hindre dyrking av kokablاد. Kokablادet er hovudingrediensen i kokain, men bladet må gjennom ein kjemisk prosess for å kunne brukast som rusmiddel. USA ser det som naudsynt å ulovleggjere all dyrking av bladet for å få bukt med rusproblemet kokain medfører. Bladet dyrkast kun i enkelte område i Andesregionen. USA har sidan 1980 vore militært tilstades i regionen, noko styresmaktene i regionen har lagt til rette for. Kokablادet har vore ein sentral komponent i ernæring og kulturelt og religiøst liv i Andesregionen i tusenvis av år. Urfolksrørsler har derfor motsett seg den amerikansk initierte politikken som dei hevdar er eit overgrep mot urfolks kultur. 67 kokabønder er drepne og området har vore prega av krigsliknande tilstandar. Koka var den jordbruksvara som gav størst gevinst, og mellom 1970 og 1990 vart innbyggartalet i Chaparé tredobla grunna arbeidsmigrasjon. Då det statlege gruveselskapet Corporación Minera de Bolivia vart nedlagt i 1985 migrerte mange arbeidarar til Chaparé for å dyrke koka.

Befolkninga i Chaparé var godt organisert og i mangel på statleg ansvar fungera bondeforeiningane som sosial institusjonar. Etterkvart som krigsliknande tilstandar prega området vart foreiningane meir og meir militant. I 1988 tok noverande president Evo Morales over leiarvervet i foreininga for kokabøndene. Foreininga som i utgangspunktet var ein regional organisasjon, gjekk inn i den landsdekkande bondeforeininga CSUTCB. Nettverket i CSUTCB vart nytta til å bygge eit nasjonalt politisk parti og i 1995 vart partiet Asamblea Soberanía del Pueblo (ASP) stifta som ei direkte utviding av bonderørsla. ASP sin strategi var å samordne etnisk- og klassebasert opposisjon. Partiet gjorde det dårleg på nasjonalt nivå ved sitt fyrste val, men fekk stor oppslutning i Morales sin region Cochabamba. Valresultatet gav Morales ein god posisjon i CSUTCB, og med den sentrale posisjonen danna han eit nytt parti på grunnlag av ein fraksjon i ASP - dagens MAS (Albro 2005).

Partifolka er bodbringerar og talspersonar for grasrotorganisasjonar (Albro 2005). MAS er kjenneteikna av ein nedanfrå-og-opp politisk struktur. Fleire av informantane mine understreka at dei er representantar for partiet MAS, men at dei fyrst og fremst representerar sivilsamfunnsorganisasjonen sin (intervju parlamentsmedlem Julia Ramoz, senator Carlos Cuasace). Det forventast at partifolka rapporterar tilbake til organisasjonane sine. Desse representantane fungerer som ein kanal mellom organisasjonane og myndigheitene. Dei sørgjer for å lyfte organisasjonane sine kampsaker i regjering, senat og kongress, og skaffe dei den informasjonen dei ynskjer. Dei representantane eg møtte seier dei er opne for innspel og at dei kjenner eit stort ansvar for å vinne fram med organisasjonane sine saker. Basert på tidlegare erfaringar veit dei at dei blir kasta dersom dei ikkje oppfyller organisasjonane sine forventingar (intervju parlamentsmedlem Julia Ramoz, senator Carlos Cuasace). Grasrotorganisasjonar er nøgde med informasjonsflyten frå myndigheitene (intervju CSUTCB og CIDOB). Forankra i grasrotorganisasjonar er MAS organisert på ein måte som skal sikre vertikal ansvarlegheit. Med MAS har representantar frå grasrotorganisasjonane fått viktige posisjonar i nasjonalforsamling, regjering, grunnlovgivande forsamling og kommunestyre. Representant i nasjonalforsamlinga Julia Ramoz er eit godt døme (intervju). Julia Ramoz kom frå ein svært fattig familie i Tarija distriktet, tilfeldigvis fekk ho tilgang på skule som tenåring gjennom ein internasjonal organisasjon. Etterkvart vart ho aktiv i kvinneorganisasjonen Bartolina Sisa, starta opp eit lokallag, og vart leiar for den regionale avdelinga. Gjennom sitt engasjement i rørsla vart ho valt som regional representant for MAS på nasjonalt plan. Då partiet, i 2005, kom i regjeringsposisjon fekk Julia Ramoz ei sentral rolle i landets politiske utforming. Ho sit no i Kongressen og er ein av dei næraste kollegaene

til presidenten. Julia Ramoz har vore med på fleire av presidentens internasjonale reiser og er stadig talsperson for det nye regimet i boliviansk media. Ho vaks opp utan garanterte rettar, ho var ein av det store fleirtal av bolivianarar som er politisk og økonomisk ekskludert, og i dag er ho ein av landets mektigaste personar.

Kor vidt det bolivianske liberaldemokratiet har vorte meir representativt som følgje av den vertikale tilreknelegheita i partiet MAS avheng av kor representative og demokratiske grasrotorganisasjonane som utgjer partiet er. Grasrotorganisasjonane som støttar opp om og utgjer medlemsmassen i partiet omfattar sjølvstøtt ikkje heile den bolivianske befolkning, men desse organisasjonane organiserar grupper som tradisjonelt har vore økonomisk og politisk ekskluderte. Gjennom MAS får altså grupper som tidlegare har vore ekskluderte tilgang til formelle politiske kanalar. Ut frå eit demokratisk perspektiv er det også problematisk at mangfaldet av kritiske sivilsamfunnsorganisasjonar går saman om eit konsensusbasert partiprojekt. Partiprojektet har gjeve organisasjonane høve til å få igjennom sentrale saker. Samarbeidet kan også true mangfaldet av kritiske meininger, men fattige urfolk sin tilgang til det partipolitiske systemet har ikkje betydd slutten på utanomparlamentarisk arbeid (Petras & Veltmeyer 2005). Sosiale rørsler er fortsett ei viktig politisk kraft og massemobilisering er prioritert verkemiddel:

Grasrotgrupper og foreiningar hadde få moglegheiter til konfrontasjon før folkeleg deltaking [desentraliseringsreformene], no fremjar gruppene nokre av krava sine gjennom formelle politiske kanalar. Likevel har den politiske kulturen så vidt endra seg. Grasrotgrupper stolar fortsett på opposisjonelle metodar som dei utvikla hundrevis av år før LPP [desentraliseringsreformene]. Det er fortsett vanleg å sjå 50 eller 100 folk frå ein nabolagsorganisasjon som krev merksemd frå representantane ved inngangen av eit kommunehus (Kohl & Farthing 2006: 134. Mi oversetjing).

4.7 Nyliberalisme og fattigdom

Då dei demokratisk valde, men elitistiske partia inntok presidentpalasset på starten av 1980-talet var Bolivia prega av økonomisk krise (Kohl & Farthing 2006). Inflasjonen var historisk høg og landet hadde likviditetsproblem. Med manglande reinvesteringar hadde dei militære diktatura utover 1960- og 70- talet forsømt dei statlege mineral- og gasselskapa som var ei viktig finansiell kjelde for staten (Kohl & Farthing 2006). Den økonomiske utviklinga i Bolivia var ikkje unik, inflasjon og gjeldskrise dominerte heile regionen. Frå internasjonalt hald vart økonomisk liberalisering presentert som løysinga. Frihandel, privatisering, fri kapitalflyt og flytande valuta skulle stagge inflasjonen. Denne nyliberale politikken som vart

introdusert for Bolivia gjennom dei internasjonale finansinstitusjonane Det Internasjonale Pengefondet og Verdsbanken vart implementert på nasjonalt nivå av dei elitistiske partia. Ifølgje McNeish (2006) var Bolivia den beste eleven i klassa hos Verdsbanken. Dei statlege selskapa vart privatisert, nasjonal marknad vart opna for import og med ulike reformer vart offentleg sektor nedbygd. Samstundes tok staten opp stadig nye lån gjennom internasjonale finansinstitusjonar.

Med nyliberal økonomisk politikk lykkast myndigheitene å stagge inflasjonen, men den økonomiske veksten vart redusera. Center for Economic Policy Research konstaterar at ”for låg- og mellominntektsland har dei siste 25 åra vist sterkt redusert økonomisk vekst og tilbakegang i helse og utdanning, samanlikna med dei to tiåra før 1980” (Martinez 2007:20. Mi oversetjing). I Bolivia har den årlege veksten lege på 2,5 prosent sidan 2000 (Singer 2007). Eksportprofilen til dei små latinamerikanske landa utvikla seg ikkje som følgje av nyliberal økonomisk politikk, i 2004 baserte dei seg framleis på eksport av råvarer (Gwynne & Kay 2004). Bolivia vart nettoimportør og rekna i 2002-2003 med eit finansielt underskot på 8-9 prosent, importen vart fordobla og eksporten minka (Rivero 2006). Ifølgje Rivero auka handelsunderskotet dramatisk frå 32 millionar dollar i 1971 til 613 millionar dollar i 1999. FDI som skulle sørge for auka investeringar og oppblomstring av den nasjonale økonomien redda ikkje landet frå redusert økonomisk vekst og handelsunderskot. På slutten av 1980-talet hadde ikkje FDI auka med meir enn 5 prosent (Kohl & Farthing 2006). I 1999 og 2000, som vert rekna som toppåra i forhold til FDI på globalt plan, mottok regionen samla sett om lag 8 prosent av FDI (Gwynne & Kay 2004). Storparten av desse investeringane vart kanalisera til mellominntektslanda Brasil og Mexico. Myndigheitene tok opp stadig nye lån for bøte for handelsunderskot og redusert vekst, og landet vart stadig meir gjeldstyngd.

Den liberale økonomiske politikken såg heller ikkje ut til å lyfte landet opp frå fattigdom, tvert imot viser visse indikatorar at den sosioøkonomiske situasjonen i landet forverra seg under den nyliberale perioden. Ifølgje Rivero (2006) har arbeidsløysa i Bolivia fordobla seg frå 6 til 13 prosent det siste tiåret. Med privatiseringa miste 23 000 gruvearbeidarar, 10 000 offentleg tilsette og 25 000 lærarar jobben sin (Kohl & Farthing 2006). Lønningane stupte (frå 1985 til 86 gjekk lønningane ned med ein tredjedel) og det vart krise i vesle som fanst av industri, 120 fabrikkar vart nedlagt (Kohl & Farthing 2006). Resultatet var dramatisk vekst av uformell sektor og arbeidsmigrasjon. 70 prosent av den nasjonale arbeidsstokken er no engasjert i uformell sektor (Rivero 2006). Det vil sei at majoriteten av dei arbeidføre bolivianarane arbeider under dårlege forhold og usikker

inntekt. Omlag 2 millionar har emigrert til Spania, Argentina og USA på jakt etter jobb (Garat 2007). Sjølv om myndigheitene med dei nyliberale reformene lykkast i å stagge inflasjonen, resulterte ikkje dei politiske endringane i økonomisk vekst eller fattigdomsreduksjon. Den sosioøkonomiske situasjonen ser tvert imot ut til å ha forverra seg i løpet av dei siste tiåra. Omfattande fattigdom tyder på at sosiale og økonomiske rettar ikkje er garantera.

4.7 Oppsummering: Sosioøkonomisk utvikling – ei demokratisk utfordring

Frå å vere eit elitedemokrati på 1980- og 90-talet har Bolivia med nye parti gjennomgått ei demokratisk utvikling i form av meir representativitet og vertikal ansvarlegheit, som er viktige faktorar i forhold til dei demokratiske prinsippa om folkeleg kontroll og politisk likskap. Det store mangfaldet av sivilsamfunnsorganisasjonar og demonstrasjonar er døme på at befolkninga praktiserar sivile og politiske rettar som organisasjonsrett og ytringsfridom. Røysteretten ser også ut til å vere ivaretatt med eit breitt partilandskap og nasjonale og lokale val som er godkjente av internasjonale valobservatørar. Sjølv om det faktum at media bare er tilgjengeleg for visse sektorar representerer ein trussel for ytringsfridomen, har Bolivia gjennomgått ei politisk demokratisk utvikling siste åra.

Som Beetham (2000) påpeikar står imidlertid sivile og politiske rettar i gjensidig avhengigheitsforhold til sosiale og økonomiske rettar. I Bolivia ser det ut til at befolkninga nyt sivile og politiske rettar sjølv om dei ikkje nyt sosiale og økonomiske rettar. Tek så Beetham feil, er liberaldemokratiet tilstrekkeleg likevel? Utifrå ei liberaldemokratisk tilnærming til rettar er staten sitt ansvar utelukkande å garantere sivile og politiske rettar fordi innbyggjarane med sivile og politiske rettar vil kunne tilkjempe seg andre menneskerettar ved å organisere seg, lyfte saker i det parlamentariske system og mobilisere for oppslutting. På den eine sida er det nettopp det som har skjedd i Bolivia. Befolkninga har nytta seg av sivile og politiske rettar til trass for at dei lever i fattigdom, men på den andre sida har ikkje tiår med sivile og politiske rettar hjelpt folk ut av fattigdom. Og som Sachs (i Graham 2005) uttrykker det, ville det ha vore trist dersom den einaste retten folk hadde røyste ei gong kvart femte år, for så å dra tilbake til rønnene sine utan arbeid og utdanning. I boliviansk kontekst ser det ikkje ut til at sosiale og økonomiske rettar automatisk følgjer av sivile og politiske rettar. Sjølv om også den fattige delen av befolkninga har nytt ytringsfridom, organisasjonsrett og røysterett, har dei gjort det på heilt andre premiss enn den velstående delen av befolkninga. Fattige har ikkje hatt tilgang til dei same kanalane som velstående og har derfor skapt sine

eigne alternative kanalar. Demonstrasjonar, vegblokkader og sveltestreikar er langt meir ressurskrevjande enn partipolitiske møter og høyringar i parlamentet. Om sivile og politiske rettar er ivaretatt er ikkje eit ja-nei spørsmål, men eit gradspørsmål. Bolivianarane nyt sivile og politiske rettar i ulik grad. Velståande har eit heilt anna utgangspunkt for å nytte seg av slike rettar enn fattige. Med knappe ressursar er det vanskelegare å setje av tid til politisk mobilisering og som fattig får ein ikkje tilgang til mediakanalane. Politisk likskap er fyrst sikra når alle deltek i det politiske demokratiet på like premiss. Bolivianarane lever i så ulike sosioøkonomiske situasjonar at dei langt ifrå deltek i det politiske demokratiet på like premiss. Fattigdom og ulikskap er derfor ei demokratisk utfordring for Bolivia.

Frå tidleg 1980-tal og fram til regimeskiftet i 2005 vart det ført ein nyliberal økonomisk politikk i Bolivia med mål om få landet ut av den økonomiske krise det var i. Politikken stoppa inflasjonen, men den sosioøkonomiske situasjonen forverra seg i denne perioden. Frå eit RBD perspektiv har staten eit ansvar i å garantere innbyggjarane sosiale og økonomisk rettar, men som globaliserings skeptikarane påpeikar kan staten vanskeleg garantere slike rettar under eit nyliberalt hegemoni. Green argumenterar for at nyliberal økonomisk politikk ”har rive hjertet ut av demokratisering, og har gjort det som kunne ha blitt ei oppblomstring av politisk og sosial deltaking, til eit låg-krafts demokrati” (i Gwynne & Kay 2004:258. Mi oversetjing). Det er kravet om eit substansielt demokrati som har stått sentralt i dei folkelege mobiliseringane som har prega landet dei siste åra og som var utgangspunktet for nasjonalisering av gassressursane. Sosiale rørsler har mobilisert for ein stat som ikkje bare garanterar sivile og politiske rettar, men som også spelar ei viktig rolle som sosioøkonomisk utviklingsaktør.

5. Nasjonalisering av gassressursane

Nasjonalisering er eit uttrykk for ynskje om statleg kontroll og representerar såleis eit brot med det nyliberale hegemoniet og ei forståing av at statleg intervensjon er årsaka og ikkje løysinga, på manglande utvikling. Som diskutert i det analytiske rammeverket har staten sitt politiske handlingsrom blitt innsnevra som følge av økonomisk liberalisering, fordi utviklingspolitiske verkemiddel som skattlegging, subsidiering av lokal vidareforedling og offentleg finansierte velferdsprogram står i strid med prinsippet om marknadsliberalisme. Eg vil i dette analysekapitlet svare på det andre forskingsspørsmålet og diskutere korleis det med nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane er skapt eit politisk handlingsrom, korleis dette handlingsrommet er nytta, og korleis interessekampen om den strategiske ressursen utspelar seg.

Som Lefebvre (1991) påpeikar kan romlege analyser utførast ved å studere kva som er *i rommet*, korleis ein snakkar *om rommet* og relasjonen *mellom* desse forholda. Dette kapitlet er delvis strukturert etter ei slik romforståing. Eg vil fyrst diskutere korleis det med nasjonaliseringa er skapt eit politisk handlingsrom. Her står relasjonen mellom kva som er *i rommet* og korleis ein snakkar *om* det sentralt. Sidan nasjonalisering er ein prosess vil eg starte med historia om den folkelege mobiliseringa for nasjonalisering i 2003 og bakgrunnen for denne. Deretter vil eg drøfte kva det politiske handlingsrommet består av, altså kva som er *i rommet*. Eg vil her legge vekt på kva økonomiske ressursar som skapast med nasjonaliseringa og korleis desse forvalta. Til slutt vil eg diskutere korleis folk snakkar om rommet. Dagens forvaltning må sjåast i samanheng med interessekamp, ein interessekamp som føregår i sivilsamfunnet og i forholdet mellom sivilsamfunn og stat.

5.1 Eit politisk handlingsrom blir skapt

Ressursrikdom er kjelde til interessekamp og ressursforvaltning må derfor studerast som politiske prosessar. I dette underkapitlet vil eg diskutere den politiske kampen om dei bolivianske gassressursane, og overgangen frå eit regime som vektla økonomisk liberalisering til eit regime som vektlegg statleg kontroll. Eg vil sjå denne politiske endringsprosessen frå eit historisk og romleg perspektiv.

5.1.2 Nyliberalisme og ressursforbanning

Gassressursen er etter boliviansk grunnlov statleg eigedom, men etter privatiseringspress frå IMF (Martinez 2007) privatiserte president Gonzales Sanchez de Lozada (Goni) det statlege gass- og oljeselskapet YPFB og samlege statlege selskap innan elektrisitet, telekommunikasjon, jernbaneverk, flytransport og metallurgi på midten av 1990-talet (Rivero 2006). YPFB var på dette tidspunktet lite konkurransedyktig då lite hadde blitt reinvestert i selskapet. 70 prosent av overskotet gjekk til statskassa og sektoren var såleis ei viktig finansieringskjelde for staten, men strategien viste seg lite berekraftig i forhold til det statlege gasselskapet si konkurransekraft. I tråd med nyliberal utviklingsteori var regjeringa sin utviklingsstrategi på 1990-talet å tiltrekkje seg mest mogleg utanlandsk kapital. Privatisering av gasssektoren var bestemt av Lov 1689 som kan oppsummerast med tre punkt (Centro de Estudios Superiores Universitarios 2006). For det fyrste vart eigarskapet til ressursen omdefinert: så lenge ressursen låg under jorda var det staten sin eigedom, men så fort den kom over jordoverflata vart den selskapa sin eigedom. For det andre vart skatteinntektene til staten kraftig redusert. Reservane vart klassifisert som eksisterande og nye, dei eksisterande reservane skulle skatteleggast med 50 prosent, medan nye reserver skulle skatteleggast med 18 prosent. Sidan reservane som vart definert som eksisterande ikkje utgjorde meir enn 6 prosent, vart den nye skatteprosenten i praksis 18 prosent. For det tredje vart det etablert ein ny byråkratisk institusjon, superintendencia, som skulle ta seg av det administrative for sektoren. Slike institusjonar vart etablert i alle sektorar som følgje av privatiseringa. Institusjonane har møtt mykje kritikk: ”Desse organa er svært sentraliserte forvaltningseiningar, parlament, ikkje eingong presidenten, har direkte oversikt over desse” (Perreault 2006:156. Mi oversetjing). Den nyliberale hydrokarbonreforma avpolitisererte gassforvaltninga og flytte makt frå demokratiske institusjonar på to måtar. For det fyrste vart forvaltninga flytt frå selskap som i utgangspunktet var politisk styrte til TNS. For det andre vart forvaltninga av ressursrikdomen flytt frå demokratisk valde institusjonar (politisk styrte departement) til byråkratiske institusjonar som ikkje var underlagt politisk leiing (superintendencia). Privatiseringspolitikken stod derfor i strid med det demokratiske prinsippet om folkeleg kontroll.

Med privatisering og auka eksport lova Goni 500 000 nye arbeidsplassar og nasjonal økonomisk vekst på 11 prosent (Rivero 2006). Som eg har vore inne på opplevde imidlertid ikkje majoriteten av den bolivianske befolkninga noko vekst i perioden som fylgde. Ifølgje Rivero (2006) låg den årlege veksten frå privatiseringa tok til på 1990-talet og fram til 2002 i

snitt på 3 prosent, ein betydeleg nedgang samanlikna med 1960- og 70-talet. Eksporten auka heller ikkje i denne perioden. Grunna gjeld til internasjonale finansinstitusjonar gjekk staten i underskot. Underskotet vart finansiert med nye lån, og utanlandslåna auka i perioden 1997-2002 (Spronk & Webber 2007). I tråd med litteraturen om ressursforbanning kan ein seie at det var eit paradoks at eit land med slik ressursrikdom skulle lide av økonomisk underskot og påfølgjande fattigdom. Bolivia såg ut til å vere ramma av ressursforbanning: fattigdomen auka og den økonomiske veksten gjekk ned sjølv om landet var rikt på strategiske naturressursar. Store delar av den bolivianske befolkninga opplevde dette paradokset som djupt urettferdig. Paradokset vart imidlertid ikkje sett på som eitt teknokratisk problem, slik som ressursforbanningslitteraturen tilseier, men snarare som eit politisk og demokratisk problem.

5.1.3 Sosiale rørsler og hegemoni

Bolivia var prega av det nyliberale utviklingsparadigmet. Deregulering av gassektoren førte til at storparten av rikdomen flaut ut av landet med transnasjonale selskap. Folk tok til å organisere seg og mobilisere mot dei nyliberale reformene og eit politisk regime som såg ut til å arbeide for TNS og utanlandske investorar snarare enn landets befolkning. Mobiliseringa rundt renasjonalisering av gassressursane må sjåast i historisk og romleg kontekst. Som eg gjorde greie for i førre kapittel vart sivilsamfunnsorganisasjonar styrkte utover 1990-talet som følgje av desentraliseringsreformer og etablering av politiske parti som utfordra det nyliberale hegemoniet. Med reformer og nye parti vart det skapt nye kanalar for politisk påverknad. Ved tusenårsskiftet tok organisasjonar og enkeltpersonar til å mobilisere mot nyliberale reformer og for eit substansielt demokrati.

Sosiale rørsler er eit godt analytisk omgrep for å forstå mobiliseringa fordi det her er snakk om uformelle nettverk av organisasjonar og enkeltindivid som deler den same konfliktforståinga og mobiliserar saman for eit felles mål ved bruk av ulike aksjonsformer. Våren 2000 mobiliserte sosiale rørsler kraftig mot privatisering av vassektoren. Regjeringa hadde selt det kommunalt eigde vasselskapet i Cochabamba til det transnasjonale selskapet Bechtel. Selskapet auka avgiftene dramatisk, enkelte stader opp til 400 prosent utan å gjere større investeringar for å forbetre infrastrukturen (Finnegan i Kohl 2006). Med vegblokadar og streik "stengde" dei sosiale rørslene byen tre gonger og regjeringa svara med politivald. Det heile toppa seg den 8. april då regjeringa sette inn militære styrker for å stanse opprøret.

To dagar etter gav regjeringa etter for dei folkelege krava og braut kontrakten med Bechtel (Kohl 2006). Sigeren i Cochabamba gav folk tru på at dei nyliberale reformene kunne staggast. Den regionale kampen gav drivstoff til organisasjonar og rørslar på nasjonalt nivå. Ved presidentvalet i 2002 fekk presidentkandidaten Goni bare 22,5 prosent av stemmene (Singer 2007), medan dei nye partia som baserte seg på urfolksorganisasjonar til saman fekk 26 prosent av stemmene (Tedesco 2007).

Den store oppslutninga til desse partia reflekterte omfanget av mobilisering og samordning i den delen av sivilsamfunnet som stod i opposisjon til det nyliberale regimet. I februar 2003 blussa misnøyet opp på nytt. Det Internasjonale Pengefondet stilte krav om redusering av det nasjonale underskotet og president Goni svara med å innføre hardare skattar. Denne gongen stod politiet på demonstrantane si side då skattereforma også omfatta dei. Gatekampane vart svært valdlege då militæret vart satt inn mot politiet¹⁶. Etter tre dagar og 23 drepne trakk presidenten reformforslaget (Kohl 2006). Goni og det nyliberale regimet hadde på dette tidspunktet mista legitimitet og folk fortsette å mobilisere mot forslaget om å eksportere den bolivianske rågassen til USA via Chile. "Chile vart surrogatet for det globale økonomiske system som alltid har forsynt seg med boliviansk råvareeksport" (Kohl 2006:320. Mi oversetjing). Samordna gjennom Den Nasjonale Koordinator for Forsvar og Gjenvinning av Gass protesterte folk over heile landet mot eksport til USA via Chile. Mobiliseringa mot eksport via Chile og for nasjonalisering av dei bolivianske gassressursane kulminerte i oktober 2003. Tusenvis av demonstrantar fylte gatene, hovudstaden La Paz var omringa av vegblokkader og Goni møtte protestane med politivald. Etter veker med demonstrasjonar og vegblokkader trekte presidenten seg. Gasspolitikken vart sak nummer ein for visepresident Carlos Mesa (Singer 2007). Dei sosiale rørsleane hadde lukkast i å bryte det nyliberale hegemoniet. Nyliberal forvaltning av gassressursen vart ikkje lengre sett på som sunn fornuft.

Gasskrigen kan derfor karakteriserast som eit klimaks av dei sosiale protestane som tok til ved tusenårsskiftet. Vass- og gasskrigen var prega av dei same rettferdskrava, begge protestane handla om deltaking og transparens, og ei ressursforvaltning med mål om sosial utjamning (Perreault 2006). Sjølv om vass- og gasskrigen må sjåast i samanheng, har imidlertid gasskrigen gjeve andre følgjer enn vasskrigen. Dei to naturressursane er på ulikt vis relatert til kapitalisme og sosial reproduksjon, der vatn har ein materiell nytteverdi har gass i

¹⁶ Eg var på dette tidspunktet i Bolivia og fulgte samanstøyta gjennom boliviansk media.

tillegg ein særeigen bytteverdi. ”Viktigheita av naturgass som samlande faktor i sosial kamp er derfor like symbolsk som materiell” (Perreault 2006:166. Mi oversetjing). Samanlikna med vassressursen er naturgassen ein strategisk naturressurs, ein ressurs som kan omsetjast i finansielle verdiar og ved vidareforedling gje arbeidsplassar og ytterlegare inntekter.

Me argumenterar for at dei sosiale rørslene under gasskrigen skapte ei ramme og ein politikk basert på det faktum at naturgass er [...] ein ”strukturell signifikant” ressurs: ein viktig faktor i industrielle kapitalistiske økonomiar, skeivt og snauvt fordelt i verda, relativt enkel å etablere oligarkisk kontroll over, og ei sentral inntektskjelde for økonomisk utvikling og statsbygging (Spronk & Webber 2007:33 Mi oversetjing).

Kamerat, no vil vatnet bli vårt, men kva har me eigentleg vunne?...Mannen min må fortsett leite etter arbeid. Som kone og mor må eg gå på gata og selje ting, og borna mine må slutte på skulen fordi me ikkje har pengar. Sjølv om dei gjev oss gratis vatn, har ikkje situasjonen vår blitt betre (Oliviera & Lewis i Spronk & Webber 2007. Mi oversetjing).

Begge kampane handla om å ta ressursforvaltning tilbake på offentlege hender, men vasskrigen var ein lokal kamp. Kampen om vatn som offentleg gode i Cochabamba og seinare i El Alto resulterte i omstrukturering frå privat til offentleg vassforsyning, men vasspolitikken på nasjonalt nivå vart ikkje endra (Spronk & Webber 2007). I og med at gassressursane er definert som statleg eigedom i den bolivianske grunnloven er kampen om gassen ei nasjonal sak.

For å stille opprøret heldt den nye presidenten, Mesa, folkeavstemning over gasspolitiske endringar (Carvajal 2006). Spørsmåla var som følgjande: (i) Er du samd i oppheving av Lov om 1689 om hydrokarbon kunngjort av Gonzalo Sanchez de Lozada? (ii) Er du einig i at hydrokarbonressursane skal definerast som statleg eigedom? (iii) Er du einig i at YPFB skal gjenopprettast? (iv) Er du einig i president Carlos Mesa sin politikk om å bruke gassen som strategisk ressurs for å oppnå nyttig og suveren tilgang til Stillehavet? (v) Er du einig i at den bolivianske gass skal eksporterast med formål om å: dekkje forbruket til bolivianarane; fremje industrialiseringa av gass på nasjonalt territorium; dekkje skattar og/eller gåver frå oljeselskap på opp til 50 prosent av produksjonsverdien på olje og gass; og kanalisere ressursane frå eksport og industri, i fyrste omgang, til utdanning, helse, vegar og arbeidsplassar?

Carvajal (2006) har studert prosessen rundt folkeavstemninga og hevdar at dei sosiale rørslene ikkje var nøgde med prosessen. Presidenten hadde formulert spørsmåla utan å rådføre seg med sivilsamfunnet og spørsmåla var så vide at dei gav rom for mange tolkingar. Særleg

vart det andre spørsmålet kjelde til diskusjon. Dei sosiale rørslene og partiet MAS fortolka det som om eigeretten skulle omdefinierast til fordel for staten. Gjenoppretting av ressursen som statleg eigedom måtte frå deira synspunkt medføre nye kontraktar med dei selskapa som opererte i landet. Regjeringa til Mesa var av ei anna oppfatning, dei eksisterande kontraktane skulle gjelde ut tida (40 år). Dei sosiale rørslene var misnøgde med spørsmåla og mobiliserte for boikott av folkeavstemninga. Avstemninga fekk 60 prosent oppslutning. Av svara var 20 prosent blanke. På dei tre fyrste spørsmåla stemte det store fleirtalet ja, medan folk var delte i synet på det fjerde og femte spørsmålet. Den låge oppslutninga rundt dei siste spørsmåla kan forståast som eit resultat av partiet MAS si kampanje for å få folk til å røyste Nei på desse spørsmåla. Enkelte sivilsamfunnsorganisasjonar leverte eit papir med krav om nasjonalisering i staden for å svare på spørsmåla. Mangfaldet av tolkingar enda med at president Mesa lanserte omgrepet 'rasjonell nasjonalisering' eit omgrep som skapte endå større forvirring rundt kva det var regjeringa ville. Då regjeringa presenterte sitt nye lovforslag om hydrokarbonressursane vart det møtt med stor motstand i Kongressen som utarbeida eit alternativt lovforslag basert på svara i folkeavstemninga. Etterkvart vart det også avslørt at oljeselskapet Total E&P delvis hadde finansiert gjennomføring av avstemninga. President Mesa miste sitt truverd og gjekk til slutt av. Dei sosiale rørslene var ikkje tilfredse med 'rasjonell nasjonalisering', men kravde klar nasjonalisering av gassressursane, for statlege inntekter, arbeidsplassar og omfordeling (Carvajal 2006). Høgsterettsdommar Eduardo Rodriguez vart innsett som interimpresident. Han var nummer tre på varalista, men vart innsett på grunn av anerkjenning blant dei sosiale rørslene (Singer 2007).

Prosessen rundt folkeavstemninga illustrerar den politiske spenninga som prega landet i etterkant av gasskrigen. Regjeringspartiet MNR som i utgangspunktet hadde privatisert det statlege gasselskapet og kraftig redusert skattenivået i sektoren, partiet som hadde vore tru til internasjonale finansinstitusjonar og det nyliberale utviklingsparadigmet, prøvde i denne perioden å halde på regjeringsmakta ved å møte kravet om nasjonalisering. Partiet tok til seg nasjonaliseringsretorikken og forsøkte å fylle nasjonaliseringskonseptet med eit innhald dei kunne stå for politisk. Dei sosiale rørslene var imidlertid ikkje nógde med ei retorisk endring og var på dette tidspunktet skeptiske til forslaga som kom frå regjeringa. Dei sosiale rørslene som kravde nasjonalisering hadde på dette tidspunktet stor oppslutning for si forståing av gassressursane og forvaltning av desse. Det nyliberale hegemoniet vart utfordra og ein ny historisk blokk var i eime.

5.1.4 Regimeskifte

Presidentvalet 2005 representerte eit historisk vegskifte for landet. Singer (2007) har skrivne ein nyttig artikkel om valet. Under valkampen kom Goni og Mesa sitt parti MNR svært dårleg ut på forhandsmålingane med det resultatet at dei tradisjonelle partia vart omorganiserte. Sentrale politikarar stifta det nye partiet Poder Democratico y Social (PODEMOS) medan venstrefløya i partiet MIR etablerte partiet UN. Med desse nye partiformasjonane stilte politikarane frå dei tradisjonelle partia kandidatar til presidentvalet. Etter omorganiseringa stod kampen om presidentsetet mellom PODEMOS sin kandidat Jorge Quiroga og MAS sin kandidat Evo Morales. Begge var for nasjonalisering av gassressursane forstått som auka kontroll via konsesjonar, men kandidatane stilte med ulike forslag til korleis kontrollen kunne utførast. Morales lova skatteauke og nye kontraktar om utvinning og søk, medan Quiroga nøya seg med å love å endre forvaltninga av dei eksisterande skatteinntektene. Dei to kandidatane markerte også forskjell i forhold til utanrikspolitikken; Quiroga lova sterkare samarbeid med USA medan Morales flagga brot med frihandelspolitikk og USA sin kokapolitikk. Valkampen var svært polarisert. Quiroga åtvare folk mot ekstremisten Morales medan sistnemnte skulda Quiroga for å fortsetje den same politiske kursen. Til tross for at Quiroga kjøpte seg stor medieplass fekk Morales også god dekning gjennom sin profilerte urfolkspolitikk.

Valdagsmålingane viste svært høg valdeltaking. Om lag 85 prosent av befolkinga avla si stemme, den høgste valdeltakinga i Bolivia nokosinne. Morales vant ein soleklar seier med om lag 54 prosent av stemmene. For fyrste gong i Bolivias historie vart presidenten valt direkte. MAS fekk 55 prosent av parlamentsplassane, medan PODEMOS fekk fleirtal i Senatet. MAS gjekk opp i heile landet og fekk størst oppslutning i det vestlege høglandet. Morales vant over Quiroga med 40 prosentpoeng i La Paz, medan Quiroga fekk om lag 9 prosentpoeng meir enn Morales i Santa Cruz. Frå eit demokratisk perspektiv var valet historisk: Morales er ”den fyrste presidenten med primær urfolksbakgrunn; den fyrste presidentkandidaten valt med fleirtal av stemmene; og den fyrste presidenten valt utanfor rekkjene til dei tradisjonelle politiske partia” (Singer 2007:204. Mi oversetjing).

5.1.5 Historisk blokk

Det gjev meining å sjå utviklinga i Bolivia i ljøs av Gramsci sitt hegemoniomgrep. Dei sosiale rørselene som mobiliserte mot det nyliberale hegemoniet kan forståast som ein historisk blokk.

Desse rørslene bestod av organiserte og uorganiserte urfolk, bønder, kvinner, fattige i urbane strøk, tilsette i uformell sektor, gruvearbeidarar og så bort etter. Ei blanding av ulike sosiale grupper som samla seg om eit felles mål om substansielt demokrati og ein felles strategi om å ta ressursar tilbake på offentlege hender. Med konferansar, seminar, graffiti og demonstrasjonar presenterte desse sosiale rørslene ein alternativ diskurs som utfordra det nyliberale hegemoniet. Langsiktig og omfattande mobilisering skapte eit rom for alternativ tenking rundt ressursforvaltning. Etterkvart overbeviste dei sosiale rørslene majoriteten av den bolivianske befolkning om at renasjonalisering var mogleg og ynskjeleg. Den historiske blokken som danna seg rundt kravet om nasjonalisering og den mothegegoniske kampen illustrerar forholdet mellom kva som er *i* det politiske handlingsrommet og korleis ein snakkar *om* det. Medvet om og mobilisering for alternative forvaltningsmodellar kan resultere i politisk kursendring dersom oppslutninga vert stor nok.

Sidan 1980-talet har nyliberalisme har vore den dominerande politiske kulturen i Bolivia. Krav om offentlig forvaltning av vass- og gasssektoren har utfordra det nyliberale hegemoniet. Med vasskrigen og gasskrigen har sosiale rørslar kravd eit politisk, økonomisk og kulturelt borgarskap der borgarrettane under nyliberalt regime har vorte redusert til marknadsrettar. Nasjonaliseringsprosessen viser at når sosiale rørslar klarer å samle sine krav om strukturelt signifikante naturressursar, vert kampane intense, nasjonale, ideologiske og politiske (Spronk & Webber 2007). Nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane illustrerar at økonomisk liberalisering ikkje er ei naudsynt utvikling, men må forståast som eit politisk val. Det er tredje gong dei bolivianske gass- og oljereservane blir nasjonalisert (Centro de Estudios Superiores Universitarios 2006). På 1920-talet utvant amerikanske Standard Oil Company gass skattefritt. Utvinninga resulterte i store protestar. Protestane vann fram og den bolivianske stat kjøpte tilbake reservane og etablerte det statlege gasseselskapet YPFB. I 1955 pressa dei utanlandske selskapa skattane ned igjen til 18 prosent. Då dei store reservane i Gulfen vart oppdaga såg regjeringa sitt snitt til å renasjonalisere. Den statlege kontrollen over ressursane varde imidlertid ikkje lenge. I 1969 fekk Gulf Oil Company kontrollen over 90 prosent av gass reservane ved å betale den bolivianske stat ei skadeerstatning på 78 millionar dollar (Centro de Estudios Superiores Universitarios 2006). Boliviansk gasshistorie illustrerar at deregulering og reregulering går i bølger slik som globaliserings skeptikarane hevdar.

Bolivianske sosiale rørslar opererar i sivilsamfunnet, men som Migdal et al. (1994) påpeikar er skiljet mellom stat og sivilsamfunn samansatt. Mange av dei aktive sivilsamfunns-

aktivistane er også medlem av politiske parti, og delar av dei sosiale rørslene som kjempa for nasjonalisering i 2003 identifiserar seg med partiet MAS som i dag har regjeringsmakt. Partiet arbeider med mange av dei same sakene som dei sosiale rørslene, og tek dei vidare i regjeringa. For dei sosiale rørslene var ikkje lovnad om renasjonalisering godt nok. Mobiliseringa opp mot presidentvalet i 2005 og regimeskiftet viser at sjølv om sivilsamfunnet er kamparena, så er endring på statleg nivå eit mål. Det statlege apparatet er eit verktøy for interessegrupper i sivilsamfunnet.

Nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane var eit resultat av mobilisering i sivilsamfunnet. Sosiale rørslar kravde offentleg forvaltning av naturressursar fordi dei meinte at ressursane under den nyliberale forvaltninga ikkje kom befolkninga til gode.

5.2 Nasjonaliseringa og økonomiske ressursar

Det er omdiskutert kva nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane eigentleg inneber, altså kva som er *i* det politiske handlingsrommet som er skapt. Regjeringa har ein versjon, parlamentsopposisjonen ein annan, og ulike sivilsamfunnsaktørar og internasjonale finansinstitusjonar har sine versjonar. I dette kapitlet vil eg drøfte kva handlingsrom som er skapt som følgje av nasjonaliseringa med fokus på økonomiske ressursar. Den nye gasspolitikken er definert av følgjande tre institusjonar: Lov 3058 om gass og olje, dekretet frå 1.mai 2006, samt kontraktane mellom den bolivianske stat og selskapa som opererar i landet.

Temaet om hydrokarbon er ikkje bare eit demokratisk rom, men også eit økonomisk rom der landet mitt kan gå framover på sitt eige grunnlag, med sine egne pengar, med naudsynte prosjekt som helse, utdanning, vegar, landbruk og tekniske system. [...] For oss er hydrokarbonkonseptet veldig viktig for at me skal kunne lausrive oss frå den fattigdom og nød me lever i me bolivianarar (intervju Isac Avalos, CSUTCB).

5.2.1 Lov 3058 om hydrokarbon

Lov 3058 vart utarbeida av den midlertidige regjeringa til president Mesa og kunngjort av parlamentet i mai 2005 (Parlamento 2005). Lova determinerar gasselskapa sine økonomiske plikter i forhold til den bolivianske stat. I følgje lova skal eit selskap betale gåver og skatt med grunnlag i produksjonsinntektene. Produksjonsinntektene vert definert utifrå selskapa sitt årlege overskot. Den forskingsbaserte NGOen Cedla (intervju) hevdar at den nye

hydrokarbonlova legg til rette for at selskapa kan trekkje meir frå overskotet før skatt vert betalt, enn det den førre hydrokarbonlova (Lov 1689) gjorde, men uavhengig av korleis produksjonsinntekter vert definert gjev likevel Lov 3058 høgare skatteinntekter enn den førre lova. Under Lov 1689 var selskapa plikta til å betala 18 prosent av produksjonsinntektene i gåver til Bolivia. Av desse gjekk 12 prosent til dei fylkeskommunane der gassen vart utvunne, og 6 prosent til statskassa (intervju professor Roberto Fernandez). Med Lov 3058 vart skattepolitikken endra. Målet med den nye lova var at gassressursen skulle bidra i den nasjonale kampen mot fattigdom. Lova tilseier at hydrokarbonselskapa skal betale 32 prosent skatt i tillegg til gåvene på 18 prosent (Parlamento 2005). Dei statlege inntektene frå sektoren auka såleis frå 18 til 50 prosent med den nye lova i 2005. Gåver er ei form for finansiell kompensasjon som selskapa gjev til dei områda der dei utvinn hydrokarbonressursar, medan skatteinntekter vert kanalisert gjennom nasjonale myndigheiter.

5.2.2 1. mai dekretet

Fyrste mai 2006 annonserte president Morales at han ville nasjonalisere landets energiressursar. I løpet av ein seks månadars periode skulle kontraktane mellom dei transnasjonale selskapa og den bolivianske stat reforhandlast (Ministerio de Hidrocarburos & Energía 2007a). Formålet med dekretet var å styrke det statlege gasselskapet YPFB samt å auka statlege inntekter. Dekretet inneber ein tilleggsskatt for selskapa som opererar på dei to største utvinningsfelt, San Alberto og Sabalo (Centro de Documentación e Información Bolivia 2006a). 32 prosent av overskotet på desse felt skulle ifølgje dekretet gå til YPFB frå og med 1.mai 2006. Tilleggskatten var meint å vere ei konkretisering av lov 3058 som tilseier at YPFB skal gjenreisast (Parlamento 2005). Selskapa protesterte mot denne ordninga med å ikkje betale dei månadlege bidraga dei var forplikta til, men etter sterkt press frå regjeringa gav dei etter¹⁷.


¹⁷ La Razon 12.03.07

5.2.3 Kontraktane

I løpet av oktober og november 2006 vart 44 nye kontraktar underskrivne mellom den bolivianske stat og dei TNS som opererer i landet. Ifølgje NGOen Centro de Documentación e Información Bolivia (2006a) definerar kontraktane relasjonen mellom den bolivianske stat og dei TNS som eit "eigar-leigar" forhold. Staten eig naturressursen som selskapa får konsesjonar for å kartleggje og utvinne. Dåverande hydrokarbonminister Morales Oliviera illustrera forretningsrelasjonen med følgjande metafor: Bolivia eig ein deig som dei treng å omgjere til brød for å kunne selje og tene pengar på den. Landet betalar ulike selskap for å steike brødet. Metaforen er her bruka for understreke at det er den bolivianske stat som er herre over ressursen, selskapa er bare tenesteleverandørar for staten.


Ifølgje dei nye kontraktane skal produksjonsinntektene fordelast på fem faktorar: skatt, gåver, YPFB og investeringsutgifter og overskot til private selskap. Som Lov 3058 legg opp til skal 32 prosent gå til skatt og 18 prosent til gåver. Dei resterande 50 prosent skal i fyrste rekkje dekkje investeringsutgiftene selskapa har og deretter fordelast mellom dei private selskapa og YPFB. Kontraktane legg til rette for at selskapa kan inkludere ei rekkje utgifter i investeringsutgiftene, som til dømes lønningar, elektrisk straum, utgifter knytt til oppgradering og vedlikehald, forretningsreiser og etableringsskatt. Ulike sivilsamfunnsorganisasjonar har kritisert denne delen av kontraktane, og hevdar at dei nye kontraktane på dette området er dårlegare enn dei gamle (intervju Cedla, CEDIB). Denne praksisen er imidlertid vanleg i mange land, til dømes i Noreg, og kan slik sett karakteriserast som ein internasjonal standard heller ein svakheit ved dei bolivianske kontraktane. Kor stor del av produksjonsoverskotet investeringsutgiftene utgjer varierar derfor (intervju CEDIB). Når skatt, gåver og investeringsutgifter er trekt frå produksjonsoverskotet, skal resten fordelast mellom selskapa og YPFB, men som Centro de Documentación e Información Bolivia (2006a) påpeikar, er det uklart kor stor del som skal tilfalle kvar av desse partane. YPFB-skatten avheng av to variablar: at selskapa får tilbake alt dei har investert og mengda gass og olje dei fortsett å produsere. Ifølgje 1. mai dekretet skal 32 prosent av produksjonsinntektene tilfalle YPFB, men frå San Alberto vil bare 4 prosent tilfalle det statlege selskapet. Kontraktane er såleis ikkje ei fullstendig implementering av 1. mai dekretet. YPFB vil fyrst få 32 prosent av produksjonsinntektene når selskapa har dekt alle utgiftene sine og reduserar utvinninga i det nemnte området. I praksis vil det sei at når reservane er i ferd med å tømmast vil YPFB få høge skatteinntekter.

Figurane under viser den manglande koherensen mellom 1. mai dekretet og dei nye kontraktane. Kontraktane gjev staten mindre inntekter enn det dekretet legg opp til. Dette er eit faktum som har skuffa mange av dei sivilsamfunnsorganisasjonane som stod bak kravet om nasjonalisering. ”Det har gått eit år sidan 1. mai, og det er ingen nasjonalisering” (intervju FEJUVE).



Figur 3: Fordeling av overskot i gass- og olje næringa etter 1.mai dekretet

Kjelde: CEDIB 2006



Figur 4: Fordeling av overskot i gass- og olje næringa etter kontraktane

Kjelde: CEDIB 2006

Medan 68 prosent av befolkninga støtta opp om 1.mai dekretet var det bare 53 prosent som meinte landet var på rett veg då kontraktane vart underskrivne (PNUD 2007). Ein av dei aktørane som er minst nøgde med prosessen er landsorganisasjonen COB:

Me har sagt at denne nasjonaliseringa skal vere ei ekte nasjonalisering slik at desse ressursane kjem bolivianarane til gode, og det er ikkje det som har skjedd [...] Me ser inga nasjonalisering. [...] hydrokarbonressursane er fortsett i hendene til Petrobras. Så kva nasjonalisering kan me snakke om? Det er bare former [for kapitalisme]. Regjeringa må oppfylle krava frå oktober [gasskrigen] (intervju Pedro Montes, COB).


Som sitatet over illustrerer er det svært omdiskutert om regjeringa har gjennomført noko nasjonalisering eller ei. I ei festtale sa president Morales at ”me vil gjere krav på våre naturressursar utan å utvise nokon eller ekspropriere eigedom” (Morales sitera i Rochlin 2007:1331. Mi oversetjing). 1. mai dekretet vart ikkje fult ut implementert med dei nye kontraktane, likevel har den bolivianske stat oppnådd kontroll over ressursforvaltninga i form av skatt og oppbygging av nasjonal gassindustri.

5.2.4 Regimeskiftet ber frukter

Figur 5 viser korleis statens inntekter frå gass- og olje sektoren har auka siste åra. Som me kan sjå av diagrammet medførte Lov 3058 og den nye skatten ei fordobling av staten sine inntekter frå 2004 til 2005. 2006 markerar seg som eit år med eksplosiv vekst; staten sine inntekter frå sektoren fordobla seg på eit år og firdobla seg på to år. Denne aukinga skuldast delvis skatten på 32 prosent selskapa betalte YPFB frå 1.mai dekretet til kontraktane vart ratifisert. Det faktum at inntektene frå skatt og gåver også auka betydeleg kan skuldast prisauke og meir utvinning. Det kan også tenkjast at skatteinnkrevjinga vart skjerpa. Under samtaler med tilsette i offentlege hydrokarboninstitusjonar kom det fram at høge skattar ikkje nødvendigvis kjem staten til gode. Høge skattar vert fyrst ein suksess når skattane faktisk vert innkravde og betalte. Skatteinnkrevjande institusjonar er ifølgje desse samtalane prega av korrupsjon.

Samanliknar ein dei statlege inntektene frå gass- og olje sektoren under Goni regimet med det sitjande regimet ser ein ei radikal endring av statens inntekter frå sektoren. I 2004 var skatteinntektene til den bolivianske stat (Ministerio de Hidrocarburos y Energía 2007b) i

underkant av 2 milliardar NOK samanlikna med i overkant av 8 milliardar NOK i 2006¹⁸. I 2006 låg den økonomiske veksten på 4.6 prosent, ei fordobling av veksten i 2000¹⁹. Rundt 1. mai dekretet oppstod det mykje debatt både nasjonalt og internasjonalt om kor vidt det nye regimet sin gass- og oljepolitikk ville skade sektoren. Åtvaringa var at TNS ville trekkje seg ut og at YPFB verken er teknologisk eller økonomisk i stand til å ta over. Debatten var meir å rekne som politisk propaganda enn som eit reelt problem. Selskapa let seg ikkje skremme av verken høgare skattar eller omdefinering av eigedomsrett. Selskapa blei verande og nye omfattande avtaler er gjort. Samanlikna med Noreg sitt skattenivå på opp mot 90 prosent (Olje- og energidepartementet 2002), er Morales si skatteinnkrevjing heller beskjeden.



Figur 5: Statens skatteinntekter frå gassektoren.

Note: Inntekter oppgitt i amerikanske dollar.

Kjelde: Ministerio de Hidrocarburos y Energía 2007a

Skatteinntekter frå gassektoren²⁰ utgjer ein betydeleg del av offentlege budsjett. Ser me på statsbudsjettet for 2007 utgjer skatteinntektene frå sektoren omlag 32 prosent²¹ av statens inntekter. Som eg vil gjere greie for i neste underkapittel går ein stor del av desse inntektene

¹⁸ Talla er i kjelda oppgitt i amerikanske dollar. Rekna med gjennomsnittleg valuttakurs for amerikanske dollar i 2004 vert 278 millionar dollar om lag 1.9 milliardar NOK. Rekna med gjennomsnittleg valuttakurs for amerikanske dollar i 2006 vert 1299 millionar amerikanske dollar om lag 8.3 milliardar NOK. Dei historiske valuttakursane er henta frå www.dnb.no 15.03.08

¹⁹ <http://devdata.worldbank.org> 31.03.08

²⁰ Med omgrepet *gassektor* refererar eg til gass- og olje sektoren

²¹ www.imf.org 10.06.08

til kommunar og fylkeskommunar. I bykommunen El Alto utgjer skatteinntektene frå gassressursen omlag 8-9 prosent av kommunebudsjettet (intervju rådmann El Alto Kommune Gustavo Adolfo Morales). Storparten av skatteinntektene går til dei gassproduserande fylkeskommunane. El Alto ligg i ein ikkje-produserande fylkeskommune og er såleis ein kommune som får lite inntekter frå gasskatten samanlikna med kommunane som ligg i gassproduserande fylkeskommunar.

Skatten frå gassektoren er altså ei viktig inntektskjelde både for stat, fylkeskommunar og kommunar. Inntektene frå gassektoren utgjer eit politisk handlingsrom, men kva og kven har skapt dette handlingsrommet? Kritiske NGOar åtvarar regjeringa mot å basere statlege inntekter på internasjonale marknadsprisar. Så lenge næringa er eksportorientert vil staten sine inntekter variere med pris på den internasjonale marknaden (Observatorio boliviano de industrias extractivas 2006), men blant fagfolk som er eller har vore tilsett i sektoren råder det ei forståing av at forbetringa av gassprisen skuldast politiske forhandlingar. Regjeringa og YPFB hevdar det er forhandlingar mellom presidentar og ministrar dei to siste åra som har bore fram prisaukinga. Mauricio Medinaceli, tidlegare tilsett i YPFB, hevdar imidlertid at det var forhandlingar mellom YPFB og transnasjonale selskap på 1990-talet som la grunnlaget for dagens prisauke²². Det er vanskeleg å sei om det er prisutviklinga på den internasjonale marknaden, politiske forhandlingar i YPFB på 1990-talet eller forhandlingar ført av sitjande regime som har resultert i prisauke for boliviansk gass. Denne usemja er interessant i seg sjølv fordi den illustrerar eit politisk landskap der regjeringa pressast av ulike interesser. På den eine sida ynskjer regjeringa å oppfylle veljaranes krav, på den andre sida møter dei politisk motstand frå opposisjonen. Opposisjonen sitt mål er å redusere oppslutninga om dagens regjeringsparti MAS. Det å skape debatt om kor vidt det er den sitjande regjering som har forhandla fram gode gassprisar er ein måte å redusere MAS si oppslutning. Sett frå eit økonomisk perspektiv vil det nok vere enklare å heve skattenivået i sektoren i periodar då prisane på gass og olje er høge fordi selskapa med høge prisar vil profittere godt på verksemda uavhengig av høgt skattenivå. Prisutviklinga på boliviansk gass og olje har imidlertid auka stabilt det siste tiåret. Etter ei prissenking på 1990-talet, vart prisen fordobla frå 1999 til 2000 og ytterlegare fordobla i 2005 (Centro de Documentación e Información Bolivia 2006b). Utifrå eit prisperspektiv representerte såleis året 2000 ein moglegheit for

²² Konferanse på Universitetet i Sucre 26.04.08

auking av skattenivået, men skatteauke i gassektoren var ikkje eit tema for dåverande regjering. Skattelegging er eit politisk spørsmål, høg skattlegging av gasselskapa bryt med prinsippet om marknadsliberalisme og var derfor uaktuelt for det nyliberale regimet.

Med skattelegging av sektoren som skal gå direkte til YPFB er regjeringa i gang med å bygge opp at det statlege olje- og gasselskapet. I dag er denne skatten for liten til at den kan utgjere det store løftet for selskapet, men ifølgje kontraktane skal skattesatsen aukast etter kvart. Ifølge lov 3058 og 1. mai dekretet skal YPFB delta i heile produksjonskjeda: utforsking av reserver, utvinning, produksjon, industrialisering og kommersialisering. Viseminister i hydrokarbondepartementet William Donaire (intervju) understrekar at det vil ta tid å bygge opp att det statlege selskapet, men at dei er godt på veg. YPFB vart under liberaliseringa redusert til eit lite selskap på 200 tilsette og svært lite kapital. “YPFB som stod still, har byrja å gått og etterkvart vil det kunne springe og konkurrere med andre selskap, som eit av fleire selskap” (intervju viseminister William Donaire, Ministerio de Hidrocarburos). Staten kjøper også tilbake sentral verksemd som vart privatisert på 1990-talet. 1. mai 2007 kjøpte staten tilbake to av dei raffinaria som Petrobras hadde kjøpt av YPFB. Regjeringa betalte halvparten av den totale prisen raffinaria var vurdert til (Rochlin 2007). Kjøpet var resultat av forhandlingar mellom den bolivianske og brasilianske regjering. 1. mai 2008 kjøpte staten tilbake dei delane av YPFB som vart privatisert og selt til British Petroleum, Repsol og Ashmore Energy (viseminister Ministerio de Hidrocarburos, William Donaire). Ifølgje viseministeren har YPFB inngått kontraktar med Petróleos de Venezuela S.A (PDVSA), Enarsa, Nitrocorp-Acron og andre TNS for å bygge anlegg for vidareforedling av gass i Bolivia. Ifølgje viseministeren skal partnerane dele investeringsutgifter og overskot 50-50 prosent. Anleggskonstruksjonane skal påstartast i 2008. Dei utanlandske samarbeidspartnarane vil då stå for alle utgifter, medan YPFB skal betale tilbake sin del av investeringsutgiftene så fort selskapet bygger opp kapital. For å mogleggjere vidareforedling lokalt i Bolivia må det førekome ei utvinningsauking. Argentina og Brasil får omlag 20 millionar kubikk meter (MKM) gass dagleg. I 2007 produsera Bolivia 45 MKM gass. Det vil sei at bare 5 MKM dagleg går til internt marknad. Industrialisering av gassektoren vil avhenge av ei dagleg utvinningsauke på 20 MKM. Utvinningsauka vil ta tid, og departementet forventar å kome i gang med vidareforedling fyrst i 2009 eller 2010 (intervju viseminister William Donaire, Ministerio de Hidrocarburos).

Det er konstruert eit betydelege finansielle verdiar for staten som følgje av nasjonaliseringsprosessen. Nye former for skatt, nye kontraktar og gjenreising av det statlege gasselskapet gjev betydelege inntekter og politisk handlingsrom til staten..

5.3 Kven får dei største gåvene og kven vinn den store skatten?


Dei finansielle verdiane som går til staten som følgje av nasjonaliseringa kan brukast til sosioøkonomisk utvikling og representerar såleis ein moglegheit til demokratisk utvikling då sosiale og økonomiske rettar står i gjensidig avhengigheitsforhold til den demokratiske grunnsteinen sivile og politiske rettar. Sidan eg allereie har gjort greie for utviklinga av den bolivianske gassindustrien vil eg her fokusere på forvaltning av skatteinntektene.

18 prosent av overskotet i sektoren går til gåver. I 2006 utgjorde gåvene i overkant av 2,5 milliardar NOK²³ (Ministerio de Hidrocarburos y Energía 2007b). Gåvene fordelast mellom dei gass- og olje produserande fylkeskommunane, statskassa og dei to fattigaste fylkeskommunane i landet. Figur 6 viser fordelinga mellom dei ulike styringsnivåa. Utgreiinga om fordeling av gåver og skatteinntekter er basert på intervju med Fernando Loyaza, inntektssjef på Finansdepartementet i La Paz. Dei gassproduserande fylkeskommunane får like stor del av gåvene som den delen dei produserar av landets olje- og gassproduksjon. Tarija er den klart største gassproduserande regionen og vert derfor den store vinnaren i fordeling av gåvene. Santa Cruz og Cochabamba får ein mindre del, medan Chuquisaca er den gassproduserande regionen som får minst av gåvene. Omlag ein tredjedel av gåvene tilfell statskassa, og dei to fattigaste fylkeskommunane Pando og Beni får til saman 6 prosent av gåvene som kompensasjon.

Som figur 7 viser får fylkeskommunane også størsteparten av skatteinntektene. Sjølv om skatteinntektene i motsetnad til gåvene delast mellom alle dei bolivianske fylkeskommunane, får dei gassproduserande fylkeskommunane dobbelt så mykje skatteinntekter som dei fylkeskommunane som ikkje produserar gass. Om lag ein tredjedel går til statskassa og ein femtedel til kommunane, universiteta får ein tiendedel og 5 prosent går til eit urfolksfond. I dei tre folkerikaste fylkeskommunane får kommunar og universitet


²³ Talla er i kjelda oppgitt i amerikanske dollar. Gjennomsnitt valutakurs for amerikanske dollar i 2006 var 6.41(www.dnb.no). 394 mill dollar utgjorde derfor omlag 2.525 milliardar NOK i 2006. historiske valutakursar henta frå www.dnbnor.no 15.03.08

tilleggsmidlar frå statskassa så delen som går til sentrale prosjekt på statleg nivå er i praksis mindre enn ein tredjedel.



Figur 6: Fordeling av gåver ifølgje Lov 3058

Kjelde: Offisielt dokument frå Finansdepartementet som eg fekk under intervju.



Figur 7: Fordeling av skatt ifølgje Lov3058

Kjelde: Offisielt dokument frå Finansdepartementet som eg fekk under intervju.

Midlane som går til statskassa vert bruka til ulike formål. Ein større del går til krisesituasjonar. I 2007 vart til dømes 1 prosent av statens inntekter frå gass sektoren bruka

under den humanitære katastrofen som ramma Bolivia som følgje av el Niño²⁴. Skatteinntektene som går til kommunar og fylkeskommunar er ifølgje lov 3058 øyremerkt helse, utdanning og infrastruktur (Parlamento 2005). Universiteta skal i hovudsak investere midlane i infrastruktur. Urfolksfondet disponerast fritt av dei fem største grasrot-organisasjonane²⁵ (intervju CEADES), så lenge dei har ein utviklingsplan å følgje (intervju CIDOB). Organisasjonane har imidlertid ikkje einast i noko forvaltningsplan, så midlane står etter 2 år urørt på bank.

5.4 Interessekamp om ressursane

Det politiske handlingsrommet vil bare kunne føre til demokratisk utvikling dersom sivile og politiske rettar vert respektert. Respekt for sivile og politiske rettar inneber å vere lydhor overfor sivilsamfunnet. Eg vil no diskutere korleis interessekampen om forvaltning av gassressursen føregår i det organiserte sivilsamfunnet. Sivilsamfunnet er verken homogent eller demokratisk. Under feltarbeidet la eg vekt på å tileigne meg forståing av kven dei ulike sektorane i sivilsamfunnet var og kva dei ville med ressursen. Basert på felldata og enkelte akademiske artiklar har eg kategorisert dei ulike interessene i forhold til kva styringsnivå og sektor dei ulike organisasjonane ynskjer å prioritere. Skiljet mellom fyrste og siste kategori er noko flytande då organisasjonane eg har plassert i fyrste kategori også støttar opp om forslaga til organisasjonane i tredje kategori, sjølv om dei ynskjer å prioritere forvaltninga slik den er skissert i fyrste kategori.

5.4.1 Desentralisert forvaltning til lokal utvikling

Me ynskjer nasjonalisering for at det [gassressursen] skal kome alle folk til gode. Desse inntektene skal vere for folket, ikkje for nokon få. Me er veldig godt nøgde med nasjonaliseringa som kamerat Evo Morales har realisert (intervju Bartolina Sisa)

Det overordna målet til grasrotorganisasjonane er å bryte med den eksisterande samfunnsorden. Dei kjempar for lokal sjølvråderett og kulturell autonomi, med mål om å

²⁴ La Razon 08.03.07

²⁵ CSUTCB, CONAMAQ, FMCBBARTOLINA SISA, CIDOB og CSCB.

bryte med den vertikale maktstrukturen til staten for å byggje opp ein ny stat som er styrt nedanfrå og opp. Fem prinsipp står sentralt for alliansen: eining, mangfald, likskap, resiprositet og solidaritet (Asamblea Nacional de Organizaciones Indígenas, Originarias, Campesinas y de Colonizadores de Bolivia. 2007). Desse verdiane står i sterk kontrast til dei eigenskapane rørsle meiner kjenneteiknar kapitalismen: individualisme, egoisme og kannibalisme (Ejdesgaard Jeppesen 2002). Ressursforvaltning bør også ifølgje grasrotorganisasjonane styrast nedanfrå. Folkeleg kontroll og sjølvråderett står sentralt i deira meining om gassforvaltning:

Lokalbefolkning skal delta i avgjersler i forhold til leiting, utvinning, industrialisering og kommersialisering av ikkje-fornybare ressursar. Dei sosiale rørslene skal konsulterast og/eller ha vetorett når det gjeld leiting og utvinning av ikkje-fornybare ressursar (Asamblea Nacional de Organizaciones Indígenas, Originarias, Campesinas y de Colonizadores de Bolivia. 2007: 9. Mi oversetjing).

Under det nyliberale regimet opplevde grasrotorganisasjonane i dei gassrike områda at lokalbefolkninga verken vart konsultert eller fekk refusjon ved utvinning. Tvert imot miste lokalbefolkninga rundt gassfeltene sitt livsgrunnlag som følgje av forureining og såg aldri noko til rikdommen som låg i deira lokale ressurs. Grasrotorganisasjonar og NGOar kjempa for å lovfeste lokalbefolkningas rettar rundt gassutvinning. Ifølgje NGOen CEADES har Bolivia no ein av dei naturressurslovene i verda som best tek vare på urfolk sine rettar (intervju CEADES). Ifølgje lov 3058 (2005) skal lokalbefolkninga konsulterast ved leiting og utvinning, og dei skal refunderast tapte verdiar. I kva grad lova vert fylgt opp i praksis er eit anna spørsmål. Organisasjonane ser nasjonaliseringa som eit rettvisst og demokratisk alternativ til ein sektor eigd og forvalta av TNS. Med nasjonaliseringa håpar dei på å få ta del i den rikdommen naturressursen representerar.

I forhold til forvaltning av gassressursane er det forvaltning av skatteinntektene frå sektoren som vert mest omdiskutert og nedanfrå-og-opp perspektivet gjeld også i denne samanhengen. Grasrotorganisasjonane meiner inntektene må forvaltast lokalt ved kommunale myndigheiter eller lokale organisasjonar. Det er imidlertid ueinigheit om kor vidt midlane bør øyremerkast til spesifikke prosjekt eller ei. Ulike grasrotorganisasjonar har forskjellige meiningar om dette.

Bondeorganisasjonen CSUTCB, bondekvinneorganisasjonen Bartolina Sisa og nabolagsorganisasjonen FEJUVE, som stod sentralt i gasskrigen i 2003, meiner utdanning og helse bør vere hovudsatsingsområde og at kommunale myndigheiter bør forvalte desse

midlane (intervju CSUTCB, Bartolina Sisa og FEJUVE). Utdanning og helse er sentrale sosioøkonomiske faktorar då allmenn rett til utdanning og helse vil bidra til sosial og økonomisk utjamning. Representant i grunnlovgivande forsamling understrekar at kommunale myndigheiter bør forvalte meir av skatteinntektene enn fylkeskommunale myndigheiter:

Kommunen bør vere kjernen. [...] no får dei eit minimum, 20 prosent. Eg meiner det er eit minimum, veldig knapt, når mesteparten går til fylkeskommunane. Fylkeskommunane har aldri gjort noko, dei skaper ikkje utvikling. Fylkeskommunane gjer det bare for personlege politiske formål. Me kan sjå at dei har bygd vegar til huset sitt, men ikkje til butikken eller liknande (intervju Angelica Síles, grunnlovgivande forsamling).

Nabolagsorganisasjonen FEJUVE meiner imidlertid at kommunen El Alto bør få ein større del av midlane enn andre kommunar. ”Sidan El Alto har kjempa for endring av naturressursane i forhold til den bolivianske stat, så er det El Alto som må få den største fortenesten, men det er motsatt. Distrikt som ikkje har kjempa for dette vil få den største fortenesten.” (intervju FEJUVE).

Urfolksorganisasjonen CIDOB (intervju) meiner ein større del av skatteinntektene bør forvaltast av lokale organisasjonar. Lokale samfunn veit best kva dei treng og ynskjer. Dess mindre dei forvaltande organa er, og dess nærare forvaltarane er målgruppa, dess sikrare kan ein vere på at pengane når fram til prosjekta dei er tiltenkt (intervju Nelida Faldín, grunnlovgivande forsamling). Delen fylkeskommunale myndigheiter forvaltar bør derfor reduserast til omlag 20 prosent, medan sivilsamfunnsorganisasjonane bør forvalte meir enn dei 5 prosent av skatteinntektene dei i dag forvaltar gjennom urfolksfondet. Nokre stader er skule og legesenter viktigast, nokre stader vil utvikling av turisme vere essensielt, medan andre stader har folk mest behov for ein betre marknadsplass. CIDOB meiner folk sjølv best veit kva dei har behov for og kva som bør prioriterast, derfor bør skatteinntektene distribuerast etter søknadar frå lokale organisasjonar (intervju CIDOB). Det bør også leggast til rette for at lokale organisasjonar lettare kan søkje om kommunale midlar.

Det rådar stor diskusjon mellom dei fem organisasjonane om korleis urfolksfondet bør forvaltast. Urfolksorganisasjonen CIDOB meiner fondet bør separerast i fem ulike fond fordi det vil redusere byråkratiet og gjere fondet meir brukarvenleg (intervju CIDOB), men urfolks- og bondeorganisasjonane CSUTCB og Bartolina Sisa er ueinige i ei slik splitting (intervju Bartolina Sisa). Dei fryktar at CIDOB vil krevje å få ein større del av fondet enn dei andre

organisasjonane. CIDOB understrekar at dei er godt skikka til å forvalte offentlege midlar då dei har eit velutvikla system for lokale utviklingsplanar. Med detaljerte utviklingsplanar vil lokale organisasjonar eller lokalsamfunn kunne søkje organisasjonane sentralt om støtte (intervju CIDOB). Etter nærare samtale med dei ulike organisasjonane ser det ut til at konflikten handlar om kva organisasjonar som representerar urfolk eller ei. CIDOB ber namnet urfolksorganisasjon, medan CSUTCB og Bartolina Sisa søker å mobilisere bønder og bondekvinne uavhengig om dei definerar seg som urfolk eller ei. 60 prosent av befolkninga identifiserar imidlertid seg som urfolk og det er derfor vanskeleg å skilje mellom kven som er "ekte" urfolksorganisasjonar eller ei.. Til tross for usemje om visse forvaltningsprinsipp samlast imidlertid organisasjonane ofte for å diskutere framtidig forvaltning av fondet og dei ulike partane ser positivt på samarbeidet (intervju CIDOB og CSUTCB). Usemja om forvaltning av urfolksfondet illustrerer mangfaldet og spenningane mellom organisasjonar som har samla seg bak partiprojektet MAS. Sjølv om desse organisasjonane står samla bak mange krav er dei likevel enkeltstående organisasjonar med ulike interesser.

5.4.2 Regional gassressurs og økonomisk autonomi

Den regionale sivilsamfunnsorganisasjonen Comité Pro Santa Cruz (CPSC) meiner gassressursen tilhøyrer regionane der gassen er lokalisert og at fylkeskommunale myndigheiter i desse regionane bør forvalte inntektene frå sektoren. Dette kravet må sjåast i forhold til organisasjonen sitt ynskje om økonomisk autonomi på regionalt nivå. Informasjonssjefen i organisasjonen har under intervju med Rochlin (2007) uttrykt at fylkeskommunale myndigheiter bør kunne forvalte skatteinntekter og statlege midlar slik dei ynskjer. CPSC motset seg altså ei naturressursforvaltning der staten spelar ei omfordelende rolle. For desse folka er ikkje naturressursane å sjå som eit nasjonalt, men eit regionalt gode. Ein stor del av befolkninga i Santa Cruz støttar opp om CPSC og kravet om økonomisk autonomi. I Juni 2004 og januar 2005 fylte tusenvis av demonstrantar gatene i byen Santa Cruz for å krevje regional autonomi, og demonstrasjonen i januar som talde 350 000 demonstrantar, vert rekna som den største demonstrasjonen i boliviansk historie (Eaton 2007). Demonstrantane hadde to krav: direkteval av fylkesordførarar og folkeavstemning om regional autonomi. Demonstrasjonane vart fylgt opp med underskriftskampanje og streik. Til slutt innsette CPSC sin eigen president som guvernør i Santa Cruz, ei grunnlovsstridig handling som vakte oppstand i militære rekkjer (Eaton 2007). Massemobiliseringa gav

resultat. President Mesa proklamerte eit dekret som tilsa at fylkeskommunale ordførarar skulle rekrutterast ved val og ikkje ved tilsetjing av presidenten. Guvernørane skulle veljast parallelt med parlamentsval i 2006.

Politisk makt ville imidlertid ikkje vere verdt stort utan økonomiske midlar. Då president Mesa skreiv Lov 3058 om Hydrokarbon la han opp til at storparten av inntektene skulle tilfalle dei gassproduserande fylkeskommunane. Debatten dreia seg i stor grad om skattenivået, medan fordeling av skatteinntektene i mindre grad vart debattert. Til tross for at det venstreradikale partiet MAS fekk regjeringsmakt, sikra opposisjonen seg politisk og økonomisk makt i fylkeskommunane Santa Cruz, Tarija, Cochabamba, Pando og Beni. Mesa sørgja også for folkeavstemning over spørsmålet om autonomi samstundes med valet av representantar til grunnlovgivande forsamling. I Santa Cruz stemte 71 prosent for autonomi (Rochlin 2007), og også i dei andre gassrike fylkeskommunane var det stemning for regional autonomi.

5.4.3 Statleg forvaltning og industrialisering

Fagrørsla og delar av dei utviklingsfaglege miljøa meiner inntektene frå sektoren må reinvestrast i det statlege gasselskapet YPFB slik at staten kan bygge opp ein boliviansk gassindustri. ”Fyrst og fremst må det produktive apparatet styrkast og reaktiverast” (intervju COB). Gjenoppbygging av det statlege gasselskapet vil ifølgje landsorganisasjonen COB skape sårt tiltrengte arbeidsplassar. COB meiner nasjonaliseringa ikkje er fullendt før Bolivia har bygd opp ein nasjonal gassindustri. NGOen Cedla (intervju) etterlyser også ein holistisk plan og politisk visjon om utvikling av intern marknad. Elektrisitet er kjernesektoren for utvikling. Organisasjonen meiner at elektrisitet vil ikkje bare forbetre folk sin kvardag i hus og heim, men også mogleggjere industrialisering på lokalt og nasjonalt nivå. Dei sentrale akademikarane i den gasspolitiske debatten, professor Mirko Orgaz og professor Roberto Fernandez (intervju), hevdar regjeringa vidarefører den utviklingsstrategien Bolivia har vore utsett for dei siste hundre åra, ein strategi der vegen til utvikling går gjennom eksport av råvarer. Ifølgje professorane vil bare industrialisering kunne gjere landet uavhengig (intervju professor Mirko Orgaz).

Mars 2007 reiste grunnlovgivande forsamling rundt i landet og samla inn forslag til paragrafar og tema. Eg deltok på møtet kommisjonen for hydrokarbon hadde i El Alto²⁶. Møtet var prega av ei rekkje enkeltpersonar og organisasjonsrepresentantar som vektla viktigheita av å reinvestere skatteinntektene i gass- og olje sektoren. Ein representant frå nabolagsorganisasjonen i El Alto, FEJUVE, ynskte industrialisering av sektoren og fekk støtte av ein ingeniør som understreka kor stort sysselsettingspotensiale det ligg i å kanalisere skatteinntektene direkte inn i YPFB. Andre påpekte at lov 3058 må endrast då den ikkje opnar for industrialisering og vanskeleggjer kommersialisering til internt marknad. Oljearbeidarforeininga Federacion Sindical de Trabajadores Petroleras Bolivia (FSTPB) påpeikar også denne svakheita ved Lov 3058. Dei kjempar for at ein større del av skatten skal gå til YPFB (intervju FSTPB). Foreininga meiner industrialisering av gass og oljeressursen vil kunne skape 4000 arbeidsplassar. I dag er det bare 1000 bolivianarar sysselsette i sektoren. TNS sysselset for det meste utanlandske arbeidarar (intervju FSTPB). Til grunne for denne industripolitiske utviklingsstrategien ligg ein tanke om at staten er den rette forvaltar av gassressursane i sin heilskap. Staten skal ikkje bare omfordele skatteinntekter frå sektoren, men også spele ei aktiv rolle i industrialisering av landet. Denne haldninga er ikkje ei marginal haldning. Heile 73 prosent av den bolivianske befolkning meiner gassen bør forvaltast av sentrale myndigheiter (PNUD 2007).

5.5 Oppsummering: Statleg kontroll gjev politisk handlingsrom

Det er med nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane skapt eit politisk handlingsrom. Bolivia nyttar seg no av utviklingspolitiske verkemiddel som skattlegging og oppbygging av boliviansk gassindustri, verkemiddel som bryt med marknadsliberale prinsipp. Med liberaliseringa av sektoren vart ressursforvaltning avpolitisert. Renasjonaliseringa har igjen gjort ressursforvaltninga til eit politisk spørsmål. Med nasjonaliseringa er forvaltningsmakta flytt frå marknad og byråkratiske institusjonar (utan politisk leiing) til folkevalde institusjonar. Nasjonalisering gjev rom for regulering av ein sektor som er utsett for internasjonalt dereguleringspress. Internasjonale forhold har imidlertid ikkje bare vanskeleggjort statleg kontroll over ressursforvaltning, den venstreradikale bølga som har

²⁶ Opent møte med grunnlovgivande forsamling i El Alto 17.03.07

prega Latin-Amerika siste åra har skapt eit politisk handlingsrom for land i regionen som ynskjer auka statleg intervensjon. Det regionale gass- og oljesamarbeidet har gjort det enklare for Bolivia å nasjonalisere gassressursane. Ein kan sei at det globale nyliberale hegemoniet har innsnevra Bolivia sitt politiske handlingsrom, medan den politiske klimaet på regionalt nivå har skapt eit politisk handlingsrom. Internasjonale politiske forhold påverkar altså Bolivia sitt utviklingspolitiske rom.

Regjeringa har nytta seg av dette politiske handlingsrommet ved å skape betydelege skatteinntekter og ein gryande nasjonal gassindustri. Nasjonaliseringa har likevel ikkje resultert i radikale endringar, det har ikkje føregått noko ekspropriering. Sjølv om dei nye kontraktane mellom den bolivianske stat og TNS gjev staten større inntekter, inneber ikkje kontraktane forpliktingar som bruk av lokale underleverandørar, lokal vidareforedling og bruk av lokal arbeidskraft. TNS får fortsett ein stor del av overskotet i sektoren, langt meir enn selskapa gjere i Noreg. 1. mai dekretet er ikkje implementert i dei nye kontraktane, noko som har vekt stor frustrasjon i delar av sivilsamfunnet. Uansett har dei offentlege inntektene auka betydeleg grunna nye former for skatt, auka gassprisar og nye utvinningsavtaler. Ein nasjonal gassindustri vert bygd opp og Bolivia ligg såleis godt ann til å danne ein produksjonsvennleg gassektor som ifølgje Mehlum et al. (2006) er viktig for at ressursrikdom skal bidra til utvikling.

Det politiske rommet vart skapt som resultat av interessekamp og prosessen vidare vil formast av interessekamp. Det er i hovudsak tre ulike interesser som utspelar seg rundt gassforvaltninga: grasrotorganisasjonar som kjempar for lokal forvaltning for lokal utvikling; CPSC som kjempar for at fylkeskommunale myndigheiter i dei fylka der gassressursane er lokalisert skal forvalte skatteinntektene fritt; og fagrørslar, forskingsbaserte NGOar og akademikarar som etterlyser ei statleg forvaltning av inntektene til fordel for eit statleg vidareforedling av edelgassen. I neste kapittel vil eg diskutere forholdet mellom dei ulike interessene og demokratisk utvikling.

6. Nasjonalisering og demokratisk utvikling

Eg har diskutert omgrepet demokrati, forholdet mellom sivile og politiske rettar og sosiale og økonomiske rettar, og forholdet mellom demokratisk og sosioøkonomisk utvikling i boliviansk kontekst. Vidare har eg diskutert kva som kjenneteiknar nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane, korleis det politiske handlingsrommet nasjonaliseringa representerar vart skapt og korleis interessekampen om ressursane utspelar seg. Kva har diskusjonen om demokratisk utvikling å gjere med diskusjonen om nasjonalisering, kvifor er det interessant å sjå desse diskusjonane i forhold til kvarandre? Eg vil i dette kapitlet svare på det tredje forskingsspørsmålet og diskutere korleis nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane er knytt til demokratisk utvikling.

6.1 Folkeleg kontroll og sosioøkonomisk utvikling

Nasjonalisering av strategiske naturressursar er knytt til demokratisk utvikling på to måtar: direkte ved at statleg styring mogleggjer folkeleg kontroll over ressursane, og indirekte ved at ressursrikdomen omsett i finansielle verdiar kan brukast til å finansiere sosioøkonomisk utvikling.

Med statleg styring kan folk gjennom sine folkevalde representantar påverke ressursforvaltninga. I kva grad folk kan påverke sine politiske representantar avheng sjølvst av vertikal ansvarlegheit. Det er mange døme på statleg styrde sektorar som ikkje har kome befolkninga til gode, men som snarare har styrkt det nasjonale oligarkiet. Manglande gjennomsiktigheit og manglande politisk styre har også i mange tilfelle resultert i at olje- og gassektoren har blitt ein slags stat i staten. Nyleg historie har imidlertid vist at har Bolivia eit sterkt og mangfaldig organisert sivilsamfunn og sosiale rørsler som ikkje ser ut til å la ressursrikdomen gå til spille. Det var ikkje statleg kontroll i seg sjølv dei sosiale rørsle mobiliserte for i 2003, men ei ressursforvaltning som skulle kome folket til gode. Nasjonalisering er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit verkemiddel for oppnå ei forvaltning som majoriteten av befolkninga einast om. Det var folkelege protestar som førte til nasjonalisering. Med den debatten som føregjeng om forvaltninga av ressursen er det lite som tyder på at regimeskifte, ny lov om hydrokarbon og nye kontraktar med gasselskapa fungerer som ei kvilepute for sivilsamfunnet. Sosiale rørsler har med gasskrigen vist at dei ikkje tillet

frårøving av ressursar, og at dei med tilstrekkeleg mobilisering vinn fram med sine krav. Det same har CPSC og rørsla for regional autonomi i dei gassrike fylkeskommunane.

Nasjonalisering som moglegheit for folkeleg kontroll over ein ressurs avheng ikkje utlukkande av sosiale rørsler si emne til å mobilisere, men også av vertikal ansvarlegheit. Som eg diskutert i kapittel 4 så er regjeringspartiet MAS organisert på ein nedanfrå-og-opp måte som sikrar vertikal ansvarlegheit mellom grasrotbaserte organisasjonar og regjering. Ei rekkje forhandlingsrundar mellom leiarane i CPSC og sentrale myndigheiter illustrerar også at regjeringa er lydhor overfor sivilsamfunnsorganisasjonar som står i opposisjon. Med eit aktivt sivilsamfunn som er opptatt av forvaltninga av den strategiske ressursen og eit regjeringsparti som er forankra i grasrotorganisasjonar, ser det ut til at statleg styring representerar ein reell moglegheit for folkeleg kontroll over forvaltninga av gassressursane.

Nasjonalisering av strategiske naturressursar er også indirekte knytt til demokratikonseptet, fordi slike ressursar kan gje staten finansielle verdiar og fordi statleg kontroll mogleggjer oppbygging av nasjonal gassindustri. Statleg styring av strategiske ressursar kan gje staten betydelege inntekter som staten kan bruke til å finansiere sosiale reformer og stimulere sosioøkonomisk utvikling. Nasjonal gassindustri kan skape sårt tiltrengte arbeidsplassar og økonomisk vekst gjennom vidareforedling. Sosioøkonomisk utvikling står sentralt i skilje mellom minimalistisk og substansielt demokrati, fordi sivile og politiske rettar står i gjensidig avhengigheitsforhold til sosiale og økonomiske rettar.

Spørsmålet er imidlertid om dei to faktorane som kjenneteiknar forholdet mellom nasjonalisering og demokratisk utvikling, folkeleg kontroll og sosioøkonomisk utvikling, verkar gjensidig forsterkande eller om dei utelukkar kvarandre? Regjeringa kan bruke ressursane som er skapt som følgje av nasjonaliseringa til sosioøkonomisk utvikling utan å ta omsyn til sivilsamfunnet, Sosiale reformer kan setjast i verk utan offentleg debatt. Det vil i så fall vere eit døme på ei udemokratisk tilnærming til sosiale og økonomiske rettar. Dersom dei nasjonale gassressursane skal bidra til vidare demokratisk utvikling må sivile og politiske rettar respekterast samstundes som ressursane brukast til sosioøkonomisk utvikling. Myndigheiter som er lydhor overfor sivilsamfunnet er ein føresetnad for garantering av sivile og politiske rettar. Det fører oss til det andre dilemmaet i forhold til nasjonalisering og demokratisk utvikling, nemleg at demokratisk forvaltning i form av sivile og politiske rettar ikkje nødvendigvis vil føre til sosioøkonomisk utvikling. Sivilsamfunn er verken homogent eller demokratisk. Ulike grupper har ulike interesser og alle er ikkje nødvendigvis for statleg initiert omfordeling. Dette er også tilfellet i Bolivia. Som eg gjorde greie for i førre kapittel

utspelar det seg i hovudsak tre ulike interesser i forhold til forvaltning av gassressursane i Bolivia. Eg vil no diskutere sosioøkonomisk utvikling og folkeleg kontroll i forhold til desse tre forvaltningsalternativa.

6.2 Interessekamp og sosioøkonomisk utvikling

Grasrotorganisasjonane meiner skatteinntektene frå gassektoren skal investerast i helse og utdanningssektoren og at lokalbefolkninga skal kunne søkje om støtte til lokale utviklingsprosjekt; CPSC meiner midlane ikkje skal øyremerkast, men at dei gassrike fylkeskommunane skal forvalte ressursane fritt, og fagrørsla og dei utviklingsfaglege miljøa ynskjer at ressursane skal reinvestrast i sektoren. Korleis korresponderar desse forslaga med målet om sosioøkonomisk utvikling?

Investering i sosiale sektorar som helse og utdanning er ein føresetnad for sikring av sosiale og økonomiske rettar. Særleg er investering i skulesystemet viktig for at folk skal lære og lesa og skrive og slik kunne nyte sivile og politiske rettar, men som Mehlum et al. (2006) seier er det viktig å byggje produksjonsvenlege institusjonar for at olje og gassressursar skal bidra til utvikling. Med kontroll over den strategiske naturressursen har Bolivia moglegheit til å bygge opp ein nasjonal gassindustri og leggje opp til vidareforedling av ressursen i landet. Reinvestering i sektoren vil kunne skape høgare inntekter og arbeidsplassar. Vidare kan ei rekkje tiltak for sosioøkonomisk utvikling inkluderast i konsesjonsavtalene. Ifølgje fagforeininga FSTPB er bare 1000 bolivianarar tilsett i sektoren i dag, då dei utanlandske selskapa for det meste sysselset utanlandsk arbeidskraft (intervju FSTPB). Bør konsesjonsavtalene forplikte utanlandske selskap til å bruke boliviansk arbeidskraft eller bolivianske underleverandørar? Ei slik ordning vil kome godt med i eit land der det er stor arbeidsløyse, fleirtalet av befolkninga arbeider i uformell sektor, og småskala lokalindustri slit med leveransar. Det synast fornuftig å satse på ein blanding av desse to forvaltningsmodellane; reinvestering i sektoren og vidareforedling vil skape sosioøkonomisk utvikling i form av økonomisk vekst og arbeidsplassar, men økonomisk vekst betyr lite utan sosiale velferdsgodar som legetenester og skulegang. Ut frå eit demokratisk perspektiv vil sosiale reformer og industrialisering vere ein god måte å investere inntektene frå gassressursen på.

Forholdet mellom sosioøkonomisk utvikling og den tredje forvaltningsmodellen med forslag om at myndigheitene i dei fylka der gassen er lokalisert skal forvalte inntektene etter

eigne behov, er meir kompleks. Denne forvaltningsmodellen vil ikkje føre til sosioøkonomisk utvikling på nasjonalt nivå, då ressursane utelukkande vil gå til enkelte regionar. På 1950- og 60-talet naut jordbruksnæringa i Santa Cruz godt av statlege midlar som kom frå gruve-sektoren i det vestlege høglandet (Rochlin 2007). Store delar av utanlandslåna vart også kanalisera til denne regionen for å bygge opp eksportjordbruket. Dersom denne interessegruppa vinn fram i debatten om forvaltninga av gassressursane, vil altså ressursrikdomen tilfalle den regionen som har mottatt mest finansiell støtte dei siste tiåra. Det er klare linkar mellom guvernørane i dei gassrike fylkeskommunane og den økonomiske eliten. Denne politiske og økonomiske eliten har uttrykt at dei ynskjer å fortsetje den nyliberale politikken som ikkje har levert i forhold til fattigdomsreduksjon. Autonomistatuttane som guvernøren i Santa Cruz og sivilsamfunnsorganisasjonen CPSC har presentera har ein rasistisk karakter og internasjonale observatørar har uttrykt si bekymring for at økonomisk autonomi i desse regionane vil føre til ytterlegare skilje mellom mestis og urfolk. FN sin spesialrapportør for urfolks rettar, Rodolfo Stavenhagen, uttrykkjer si bekymring for utviklinga i Bolivia:

Det er med bekymring eg noterar meg autoritetane i Fylkeskommunen Santa Cruz sin intensjon om å gjennomføre ei unilateral folkeavstemning om regional autonomi i strid med statens grunnlov. Utkastet til autonomistatuttane inneber ei rekkje tiltak med rasistisk karakter, inkludert artikkel 161, som vil vere til stor skade for urfolk i regionen (UNHCHR 2008:1. Mi oversetjing).

Kor vidt dei statleg kontrollerte gassressursane vil bidra til sosioøkonomisk utvikling avheng altså av kva interesser i sivilsamfunnet som vinn fram. Myndigheitene står overfor ei demokratisk utfordring: frå eit demokratisk perspektiv må både sosiale og økonomiske rettar og sivile og politiske rettar sikrast, men kva om sivilsamfunnet mobiliserar for ei forvaltning av ressursane som ikkje fremjar sosioøkonomisk utvikling? På mange måtar er det dette scenarioet som utspelar seg i Bolivia no. Statlege myndigheiter ynskjer å bruke inntekter frå sektoren på å finansiere pensjonsreforma Bono Dignidad²⁷. Reforma inneber at alle frå ein alder av 62 skal kunne gå av med pensjon. No kan ein diskutere kor vidt denne reforma vil fungere i praksis, om pengane vil nå fram til folk, men den politiske intensjonen med reforma er i alle fall at velferd for eldre skal vere allmenn og ikkje eksklusiv for den urbane delen av befolkninga som i snitt lever lengre enn den rurale befolkninga. Hittil har pensjonsordninga så

²⁷ www.latinamerika.nu 22.11.07

å seie vore eksklusiv for den urbane delen av befolkninga fordi den rurale delen i snitt ikkje overlever pensjonsalderen²⁸. Regjeringa har foreslått at reforma skal finansierast ved å ta midlar frå fylkeskommunale budsjett. CPSC som meiner at skatteinntektene frå gassektoren skal distribuerast fritt av fylkeskommunane der gassressursen er lokalisert, har mobilisert kraftig mot reformforslaget. Dette er eit døme på at aktørar i sivilsamfunnet kan mobilisere mot sosioøkonomisk utvikling; folkeleg kontroll kan undergrave staten sin moglegheit til å fremje sosiale og økonomiske rettar. Dersom ikkje sivilsamfunnet lykkast i å mobilisere for ei gassforvaltning som fremjar sosioøkonomisk utvikling, så vil ikkje nasjonaliseringa føre til demokratisk utvikling. Nasjonaliseringa vil heller ikkje føre til demokratisk utvikling dersom myndigheitene fører ein gassforvaltning for sosioøkonomisk utvikling på trass av krav og ynskje frå sivilsamfunnet. utfordringa for bolivianske myndigheiter vert å fremje sosiale og økonomiske rettar på eit demokratisk vis.

6.3 Styringsnivå og demokratisk utvikling

Bolivia kjem dårleg ut på Transparency International si korrupsjonsindeksliste²⁹. Alle styringsnivå har vore prega av korrupsjon. Ordførarar og guvernørar prioriterar valkamp og personleg vinning framfor rettvis fordeling når pengesekken skal tømast. Kommunar og fylkeskommunar er også kritisert for å bruke skatteinntektene frå gassektoren til andre ting enn dei øyremerkte sektorane utdanning, helse og infrastruktur³⁰. Vidare brukar kommunale og fylkeskommunale myndigheiter bare halvparten av inntektene dei får frå skatteinntektene, samstundes som dei låner pengar frå internasjonale finansinstitusjonar (intervju professor Roberto Fernandez). På den andre sida kan Bolivia sjåast på som eit føregangsland når det gjeld sosial kontroll. Praktisering av sosial kontroll i Bolivia går tilbake til 1950- og 60-talet då gruvearbeidarane organiserte forsamlingar og utøvde kontroll over kor mykje dei store selskapa tente og investerte (intervju professor Mirko Orgaz). Konseptet om sosial kontroll er basert på trua på at ingenting bestemast individuelt, men kollektivt, og er slik sett synonymt med folkeleg kontroll. I dag er sosial kontroll institusjonalisert på kommunalt nivå gjennom overvakingskomitear, medan kontrollmekanismane på statleg og regionalt nivå er av ein meir uformell karakter. Med desentraliseringsreformene på 1990-talet vart det oppretta såkalla

²⁸ Uformell samtale under feltarbeid.

²⁹ www.transparency.org 15.03.08

³⁰ La Razon 13.03.07

overvakingskomitear. Erfaringa med desse overvakande komiteane er varierende. Nokre stader har det fungert bra, medan komiteane andre stader er korruperte. Rådmann Gustavo Adolfo Morales i El Alto Kommune meiner at sosial kontroll er fundamentalt dersom forvaltning av skatteinntektene skal kome befolkninga til gode, men ser ikkje den eksisterande kontrollmekanismen som utelukkande positiv. I El Alto er det ikkje lokalbefolkninga eller sivilsamfunnsorganisasjonane som utøver kontroll, men leiarane i nabolagsforeininga FEJUVE. Rådmannen meiner kontrollmekanismen opnar for at andre organ enn det folkevalde kommunestyret dikterer kva pengane skal brukast til og at dette utgjør eit demokratisk problem (intervju rådmann El Alto Kommune, Gustavo Adolfo Morales).

Kvar gong dei har lyst på noko dreg dei, 20 naboar, til ordføraren og seier "Høyr her..."og ordføraren gjer det [som dei seier]. [...] FEJUVE, COR, ikkje dei sosiale rørslene, men sjefane i desse rørslene, bestemmer i dag og ordføraren er ein slags bodbringer. [...] Dette er ikkje sosial kontroll (intervju rådmann El Alto Kommune, Gustavo Adolfo Morales).

Ordninga med ein sosial kontrollinstans er i utgangspunktet eit godt tiltak for å hindre korrupsjon på kommunalt nivå; dess fleir som har innsyn i budsjett og rekneskap dess vanskelegare er det å unndra pengar, men ordninga må vidareutviklast og komiteanes mandat må avgrensast til overvaking av forholdet budsjett og rekneskap. Budsjettering må ligge til det demokratisk valde kommunestyret.

På fylkeskommunalt og statleg nivå opererer grasrotorganisasjonane som uformelle kontrollinstansar. Bondeorganisasjonen CSUTCB har leiarar i alle fylka som kontrollerar ordførarar og fylkesordførarar (intervju CSUTCB). Sosial kontroll over forvaltninga av skatteinntektene avheng imidlertid av transparens, fyrst når organisasjonane får innsikt i myndigheitenes budsjett kan dei kontrollere at pengane går til dei lovpålagte formåla (intervju parlamentsmedlem Julia Ramoz). "Me forlangar å få informasjon frå ministrane. Med denne [informasjonen] har me samanlikningsgrunnlag for kommunane og fylkeskommunane" (intervju CSUTCB). NGOane CEADES og Cedla skal kartlegge pengestraumane for å sjå kor skatteinntektene frå gassektoren går (intervju CEADES). Som eg allereie har nemnt er grasrotorganisasjonane godt representert i statlege organ, representantane er forplikta til å rapportere til organisasjonane sine. Dette er også ein uformell måte å drive sosial kontroll på. Sosial kontroll føregår altså på alle styringsnivå sjølv om mekanismen har ein meir formell karakter på kommunalt enn statleg og regionalt nivå. Når det kjem til disponering av midlar

skil imidlertid det kommunale styringsnivået seg ut som meir demokratisk enn statleg og regionalt nivå. Kommunane er institusjonelt knytt til lokalsamfunna gjennom nabolagskomitear. Desentraliseringslovene legg fast at nabolag kan organisere seg og søkje kommunen om støtte til lokale utviklingsprosjekt. Utviklingsprosjekt får såleis ein "nedanfrå-og-opp" karakter. Det ligg eit stort potensiale i denne organiseringa som per i dag ikkje har blitt fylgt opp med finansielle midlar. Måten regjeringspartiet er organisert på gjev også regjeringa ein "nedanfrå-og-opp" karakter. Forvaltning på fylkeskommunalt nivå er i større grad karakterisera av ein "ovanfrå-og-ned" praksis. Folk kan kome med innspel til måten fylkeskommunen forvaltar inntektene på, men det er det fylkeskommunale styret, og ikkje befolkninga som definerar, planlegg og implementerar prosjekta.

6.4 Aust mot vest eller rik mot fattig?

Det synast umogleg å bruke ressursane til sosioøkonomisk utvikling på eit demokratisk vis, fordi visse sivilsamfunnsaktørar ikkje ynskjer at ressursane skal brukast til økonomisk omfordeling på nasjonalt nivå. CPSC, ein av dei interessegruppene som deltek i debatten om forvaltninga av gassressursane, ynskjer å kanalisere ressursane til det styringsnivået med størst demokratisk underskot og er uklare i sitt ynskje om kva sektor som skal prioriterast. Den pågåande debatten om finansiering av pensjonsreforma er eit døme på at målet om sosioøkonomisk utvikling og målet om å vere lydhor overfor sivilsamfunnet vanskeleg kan kombinerast. Foreløpig er dette dilemmaet løyst med at ressursane delast – det går litt midlar til oppbygging av nasjonal gassindustri, litt midlar til helse og utdanning gjennom kommunar og organisasjonar og litt midlar til dei gassproduserande regionane. Sidan mest går til sistnemnte kan ein sei at CPSC har fått størst gjennomslag for sine krav, sjølv om fylkeskommunane ikkje står fritt til å disponere midlane, men må prioritere helse, utdanning og infrastruktur. Kvifor har CPSC fått så stort gjennomslag for sine krav? Sidan organisasjonen i stor grad påverkar forholdet mellom sosioøkonomisk utvikling og folkeleg kontroll på den eine sida og forvaltning av gassressursane på den andre sida, vil eg diskutere CPSC sin posisjon i sivilsamfunnet.

Dei gassrike regionane vert kalla for Halvmånen fordi dei på det bolivianske kartet utgjer ein figur som liknar på ein halvmåne. Halvmånen er ikkje bare eit omgrep, men ein diskurs som er sentral for å forstå den strategiske posisjonskampen i Bolivia. Diskursen teiknar eit bilete av vest mot aust, lågland mot høgland. Diskursen har vunne terreng i lokale,

nasjonale og internasjonale media og den formar i stor grad dagens forvaltning av skatteinntektene frå gasssektoren. Det austlege låglandet ynskjer autonomi for å verne om sine ressursar. Regjeringa vert presentert som høglandets representant og Evo Morales som ein røvar som vil ta ressursrikdomen vekk frå dei den rettmessig tilhøyrrer. Innan denne diskursen vert nasjonale løysingar sett på som autoritære overgrep mot lokal befolkning, medan regionalt styresett vert presentert som eit demokratisk alternativ³¹. Santa Cruz er rikt på gassreserver og har med gode klimatiske forhold og finansiell støtte frå staten bygd opp eit eksportretta jordbruk. Santa Cruz står i dag for 40 prosent av landets eksportinntekter og skatteinntekter (Rochlin 2007). Eksportjordbruket er basert på storskala produksjon og jorda er konsentrert på få familiar (Eaton 2007). 85 familiar eig 64 prosent av jorda (New Internationalist 2008). Regionen husar store delar av den økonomiske eliten i Bolivia. Ifølgje Eaton (2007) har eliten vore godt representert blant myndigheitene fram til regimeskiftet 2006. Då dei folkelege protestane eskalerte i 2003 og dei tradisjonelle partia sin presidentkandidat, Goni, vart kasta, var det mykje som tyda på at den venstreradikale opposisjonen ville vinne presidentvalet og den økonomiske eliten byrja å frykte dårlegare vilkår. Debatten omkring folkeavstemninga og nasjonaliseringa av gassressursane, nederlaget til president Mesa og eit stadig veksande venstreradikalt parti, fekk den økonomisk elite til å protestere (Carvajal 2006). Eaton (2007) hevdar at det var den nye politiske kursen som fekk eliten i Santa Cruz til å endre strategi frå nasjonal politisk påverking til regional autonomi. Med val av guvernørar forsikra eliten seg moglegheiten til ei viss politisk makt sjølv om opposisjonen skulle vinne presidentvalet. Vidare påpeikar Eaton (2007) at leiinga i CPSC overlappar med leiinga i dei regionale næringslivsorganisasjonane og dei regionale avdelingane av dei tradisjonelle partia. Forholdet mellom CPSC og tidlegare regime illustrerer derfor det samansette forholdet mellom sivilsamfunn og stat på same måte som den sitjande regjeringa og CSUTCB, Bartolina Sisa, CONAMAQ, CIDOB gjer det. Regjeringar vil til ei kvar tid gjenspegle interesser i sivilsamfunnet.

CPSC kan seiast å vere ein interesseorganisasjon for den økonomiske eliten i Santa Cruz, men folkeavstemninga over regional autonomi og oppslutninga i CPSC sine demonstrasjonar tyder på at store delar av det sivile samfunn i regionen sluttar opp om organisasjonen sin politikk. Andre sivilsamfunnsorganisasjonar i Santa Cruz forklarar CPSC

³¹ <http://newsvote.bbc.co.uk> 05.05.08

si store oppslutning og folks ynskje om autonomi med at det er den økonomiske eliten som eig og kontrollerar media i regionen. Til dømes er dagsavisa El Nuevo Dia knytt til det transnasjonale oljeselskapet Repsol og den regionale TV stasjonen eigd av ein av dei rikaste familiane i området (New Internationalist 2008). Under fleire samtaler eg hadde i Santa Cruz kom det fram at det rådar ei viss lynsjestemming i byen. Som sosialantropologen Emilia Varela seier:

Det er mykje frykt for dei med makt her i byen. Folk held kjeft. Sjølv om MAS gjer det bra i vala her, føler ikkje folk seg trygge på å stå opp mot høgresa. Det kan vere ei form for sivil død å gjere det. Dersom du ikkje deltek i streikane høgresa arrangerar, vil ikkje butikkane handle med deg (New Internationalist 2008:14. Mi oversetjing)

CPSC si kampanje om gassressursane som regional ressurs møter stor kritikk. Sidan regionen fekk store delar av dei statlege inntektene frå gruvesektoren, meiner mange derfor at det er rett og rimeleg at Santa Cruz no gjev høglandet tilbake verdier i form av gassressursane (intervju FEJUVE). Til trass for at CPSC får stor oppslutning meiner 2/3 av befolkninga i Santa Cruz at regjeringa er den beste forvaltaren (PNUD 2007). Sjølv om dei tradisjonelle partia kom best ut i parlamentsvalet 2005, fekk MAS ein tredjedel av stemmene i Santa Cruz³². Ei undersøking gjort av PNUD (2007) viser at bare 3 prosent meiner naturressursar som gass utelukkande tilhøyrrer dei regionane der gassen er lokalisert, 13 prosent meiner dei tilhøyrrer alle og spesielt dei regionane der gassen er lokalisert, medan heile 84 prosent meiner dei tilhøyrrer alle bolivianarar. Santa Cruz er til tross for store ressursar prega av stor fattigdom då eksportjordbruket følgjer koloniale eigedomsstrukturar. Grasrotorganisasjonane eg intervjuar i Santa Cruz meinte inntektene fylkeskommunen mottek frå dei transnasjonale selskapa ikkje har kome lokalbefolkninga til gode, men at pengane har gått i lomma på dei regionale styresmaktene (intervju Bartolina Sisa). Urfolks- og bondeorganisasjonane som har ei betydeleg medlemsmasse i regionen står i allianse med MAS og meiner vanlege folk i Santa Cruz vil tene meir på omfordeling av ressursar gjennom statleg eigarskap enn regional forvaltning ved guvernørar. For grasrotorganisasjonane går ikkje skiljet mellom aust og vest, lågland og høgland, men mellom fattig og rik. Historikaren José Luis Roca meiner at med regionalismen har den økonomiske og politiske elite lukkast i å usynleggjere klasseinteresser (i Carvajal 2006). "Interessene dei [CPSC] representerar er dominert av både klasse og rase. I

³² www.opendemocracy.net 09.10.07

forhold til velferda i distriktet, har dei som representerar den lokale kapitalen følt seg trua av den omfordelende sosialistiske politikken til Evo Morales si regjering” (Rochlin 2007:1334. Mi oversetjing).

6.5 Oppsummering: Nasjonalisering, folkeleg kontroll og politisk likskap

Nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane er knytt til demokratisk utvikling direkte ved høve til folkeleg kontroll over ressursforvaltninga og indirekte ved høve til sosioøkonomisk utvikling. Makt er flytt frå marknad og byråkratiske institusjonar som ikkje er underlagt politisk leiing, til folkevalde institusjonar. For det andre er det skapt eit politisk handlingsrom som følgje av nasjonaliseringa som mogleggjer sosioøkonomisk utvikling. Den fyrste endringa er viktig i forhold til det demokratiske prinsippet om folkeleg kontroll og den andre endringa er viktig i forhold til det demokratiske prinsippet om politisk likskap. Desse to demokratiske aspekta ved nasjonaliseringa avheng delvis av kvarandre, men det eine følgjer ikkje nødvendigvis av det andre. No er me tilbake til kjernen i Beetham si demokratiforståing, og kjernen av den demokratiske utviklinga i Bolivia. Nasjonalisering av dei bolivianske gassressursane har opna for folkeleg kontroll over ressursane, men folkeleg kontroll over ressursane vil ikkje nødvendigvis løyse Bolivias største demokratiske utfordring – sosiale og økonomiske rettar. Kor vidt naturressursen vil bidra til sosioøkonomisk utvikling avheng av kva interesser som vinn fram. Einkvar demokratisk arena opnar for interessekamp og utfallet av denne vil ikkje nødvendigvis styrke demokratiet. På den andre sida kan nasjonaliseringa av gassressursane føre til sosioøkonomisk utvikling ved udemokratisk forvaltning. Regjeringa kan bruke gassressursane til sosiale reformer og skape nye arbeidsplassar utan å ta omsyn til interessene i sivilsamfunnet. Dei nasjonaliserte gassressursane kan imidlertid bare bidra til demokratisk utvikling dersom dei bidreg til å sikre sosiale og økonomiske rettar på eit demokratisk vis. Demokratisk forvaltning av ressursrikdomen føreset at forvaltninga utviklast i samsvar med interessene i sivilsamfunnet. Bolivia har tradisjonelt vore eit mindretalsdiktatur, og det er ei utfordring for det sitjande regimet å ikkje bli eit fleirtalsdiktatur. ”Dersom dei kan oppnå positiv endring utan å ekskludere motstridande meiningar frå offentleg debatt, kan landa i denne regionen bli dei mest autentiske demokratia i verda” (Martinez 2007:22. Mi oversetjing). Den yngste kvinna i grunnlovgivande forsamling Nelida Faldín som representerte grasrotorganisasjonen Pueblo Indígena del Tierra Bajo, har skjønt den demokratiske utfordringa: ”Me veit at det finns tre livsstilar i Bolivia i dag: individuell

kapitalisme, produktiv kooperativ sosialisme og kommunitarisme. [...] Det må vere ein måte å samordne desse tre.”(intervju Nelida Faldín, grunnlovgivande forsamling). Krav om autonomi og gassressurs som regional eigedom kjem frå eit mindretal av desse regionanes befolkning. Likevel må også denne delen av befolkninga garanterast sivile og politiske rettar. Samstundes er det naturleg at dei interessene som står sterkast i sivilsamfunnet får størst gjennomslag. Det gjenstår å sjå om staten nyttar seg av det demokratiske handlingsrommet som er skapt med nasjonaliseringa og kva interesser som vinn terreng i det bolivianske sivilsamfunnet.

7. Demokratisk handlingsrom

Formålet med denne oppgåva har vore å studere korleis statleg kontroll over naturressursar påverkar forholdet mellom ressursriktom og demokratisk utvikling. Eg valde Bolivia som case fordi dette landet er eit fyrårn i forhold til mobilisering for og implementering av ein utviklingspolitikk som vektlegg statleg kontroll. Empiriske studier viser at ressursrike statar kjem dårlegare ut enn land som ikkje er rike på naturressursar i forhold til velferd, økonomisk vekst, fred og demokrati. Bolivia er ikkje noko unntak. Bolivia har dei nest største reservane av naturgass i Sør-Amerika, samstundes som det er det landet i regionen med lågast BNP og eit land der majoriteten av befolkninga lever i fattigdom. Det var dette paradokset som fekk tusenvis av bolivianarar til å mobilisere for nasjonalisering av den strategiske ressursen i 2003. Opprøret gav resultat og dei siste åra har forvaltningspolitikken endra seg i form av statleg kontroll og styring.

Eg har diskutert kva desse gasspolitiske endringane har å sei for landets demokratiske utvikling. Eg har strukturert diskusjonen rundt tre forskingsspørsmål og eg vil her oppsummere diskusjonen i forhold til desse forskingsspørsmåla i form av empiriske og teoretiske funn. Utifrå konklusjonen min vil eg kort kommentere det norske bistandsprogrammet Olje for Utvikling sitt engasjement i Bolivia. Når ein arbeider med ei slik oppgåve kjem ein over problemstillingar ein gjerne skulle ha studera, men som ligg utanfor oppgåvas rammer. Avslutningvis vil eg presentere tre slike forskingsprosjekt og korleis eg har bidrege til desse.

7.1 Statleg kontroll over naturressursar mogleggjer demokratisk utvikling

Eg har med denne oppgåva diskutert kva nasjonalisering har å sei for forholdet mellom ressursriktom og utvikling. Med ei demokratiteoretisk tilnærming til utvikling har eg svara på følgjande problemstilling: korleis er det med nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane skapt eit demokratisk handlingsrom? For å svara på denne problemstillinga var det naudsynt å bryte den ned i meir konkrete forskingsspørsmål. Eg vil her oppsummere diskusjonen rundt dei tre spørsmåla.

1. Kva er demokrati og kva kjenneteiknar forholdet mellom sivile og politiske rettar på den eine sida og sosiale og økonomiske rettar på den andre sida?

Demokrati betyr folkestyre og byggjer på prinsippa om folkeleg kontroll over kollektive avgjersler og politisk likskap mellom folk. Desse prinsippa kan bare ivareta dersom borgarane er garanterte sivile og politiske rettar som ytringsfridom, organisasjonsrett og røysterett. I Bolivia er demokrati institusjonalisert gjennom liberaldemokratiet. Liberaldemokratiet skal sikre prinsippet om folkeleg kontroll ved at folkevalde representantar tek kollektive avgjersler. Slik har befolkninga indirekte kontroll over offentleg politikk. Ei slik operasjonalisering av det demokratiske prinsippet, føreset eit breitt spekter av politiske parti, allmenn røysterett og at den politikken partia fører samsvarar med partiprogramma. Den bolivianske befolkning har i dag eit spekter av politiske parti å velje mellom og allmenn røysterett er grunnlovfest.

Det andre demokratiske prinsippet om politisk likskap er operasjonalisert i liberaldemokratiet med sivile og politiske rettar. Sivile og politiske rettar refererar til røysterett, men også ytringsfridom og organisasjonsrett. Desse rettane er i Bolivia grunnlovsfeste som allmenne rettar. Det store mangfaldet av sivilsamfunnsorganisasjonar tyder på at folk i praksis nyt organisasjonsrett. I kva grad bolivianarane nyt ytringsfridom er eit meir kompleks spørsmål. På den eine sida er landet prega av demonstrasjonar, vegblokkader og sveltestreikar, noko som tyder på at retten er ivaretatt, men på den andre sida er det mange sivilsamfunnsorganisasjonar som ikkje kjem til orde i mediekanalane.

Liberaldemokratiet er imidlertid ei minimalistisk institusjonalisering av demokrati. Den liberaldemokratiske stat sikrar borgarane sivile og politiske rettar medan sosiale og økonomiske rettar er overlevert til den enkelte borgar. Sivile og politiske rettar vert sett på som eit offentleg ansvar medan sosiale og økonomiske rettar blir sett på som ei privat sak. I Bolivia lever majoriteten av befolkninga i fattigdom. Kvar fjerde innbyggjar er underernært, 70 prosent arbeidar i uformell sektor og 13 prosent av den vaksne befolkninga kan ikkje lese og skrive. Folk som ikkje kan lese har ikkje same tilgang til informasjon som er grunnleggande for politiske val som leseføre folk. Dei som ikkje kan skrive nyt ikkje ytringsfridom i same grad som skriveføre. Gateseljarar som kjem heim seint om kvelden til sine underernærte barn med ei dagleg inntekt som så vidt dekkjer kjøpet av ein pose med ris, har eit heilt anna ressursgrunnlag for organisering og partipolitisk arbeid enn folk med fast tilsetjing og god lønn. Fattige bolivianarar viser med sine utallige demonstrasjonar og organisasjonar emne til å nyte sivile og politiske rettar til trass for deira vanskelege sosioøkonomiske situasjon, men det er mykje meir ressurskrevjande å nyte sivile og politiske

rettar for folk som lever på marginane, enn for velstående innbyggjarar. Bolivianarane nyt i ulik grad sivile og politiske rettar. I kva grad ein som borgar nyt sivile og politiske rettar avheng altså av den sosioøkonomiske situasjonen. I kva grad borgarar nyt sivile og politiske rettar avheng av sosiale og økonomiske rettar. På den andre sida kan sosiale og økonomiske rettar best ivaretakast dersom sivile og politiske rettar er garanterte. Det er eit gjensidig avhengigheitsforhold mellom sivile, politiske, sosiale og økonomiske rettar. I land som Bolivia, der majoriteten av befolkninga lever i fattigdom og ulikskapen er stor, vil ivaretaking av det demokratiske prinsippet om politisk likskap avhenge av sosioøkonomisk utvikling.

2. Korleis er det med nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane skapt eit politisk handlingsrom, korleis blir dette handlingsrommet nytta og korleis utspelar interessekampen om den strategiske ressursen seg?

Dei bolivianske gassressursane vart nasjonalisert som følgje av folkeleg mobilisering. Sosiale rørsler samla seg om kravet om nasjonalisering, fordi gassressursane under marknadliberalistisk forvaltning ikkje kom majoriteten av den bolivianske befolkninga til gode. Nyliberale reformer innført på 1980- og 90-talet innskrenka nasjonale myndigheiter sitt politiske handlingsrom, fordi tradisjonelle utviklingspolitiske verktøy som omfordeling via skattlegging braut med marknadliberale prinsipp om fri flyt. Med nasjonaliseringa har den bolivianske stat tatt tilbake eit politisk handlingsrom.

Med høgare skattlegging av gasselskapa og betre prisar på råvara er det skapt betydelege inntekter for den bolivianske stat. I løpet av to år vart dei statlege inntektene frå sektoren firedobla og inntektene frå gassektoren utgjorde i 2007 om lag ein tredjedel av statens inntekter. Desse midlane kan brukast til å finansiere sosiale reformer. Stordelen av inntektene frå sektoren går gjennom kommunale- og fylkeskommunale myndigheiter og er øyremerkte infrastruktur, utdanning og helse. Ein del av midlane har også gått til eit alfabetiseringsprogram og ei pensjonsreform. Dette er investeringar som vil kunne skape sosioøkonomisk utvikling. Vidare vert det med nasjonaliseringspolitikken bygd opp ein statleg gassindustri. Ein del av inntektene frå sektoren går til å gjenreise det statlege gasselskapet YPFB. Selskapet har kjøpt tilbake raffineri og inngått joint ventures med andre statlege selskap i regionen. Ein nasjonal gassindustri vil kunne gje staten ytterlegare inntekter ved vidareforedling og sårt tiltrengte arbeidsplassar. Med 70 prosent tilsett i uformell sektor er sysselsetting ein av dei viktigaste tiltaka for fattigdomsreduksjon i Bolivia.

Nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane illustrerer at ressursforvaltning og statens politiske handlingsrom ikkje er gjeve, men skapast på grunnlag av interessekamp. Den bolivianske stat sitt politiske handlingsrom vart endra som følgje av mobilisering for og oppslutning om sosiale rørsler si forståing av staten som den sentrale forvaltningsaktøren som kunne sikre at den strategiske naturressursen kom befolkninga til gode gjennom skatt og lokal vidareforedling. Det politiske handlingsrommet som er skapt med nasjonaliseringa er imidlertid ikkje endeleg. Akkurat som ressursane vart nasjonalisert som resultat av interessekamp i sivilsamfunnet, vil forvaltningspolitikken til ei kvar tid gjenspegle den interessekampen som føregår i sivilsamfunnet. Eg har definert tre interesser rundt forvaltninga av dei bolivianske gassressursane: (i) dei store grasrotorganisasjonane mobiliserar for ei desentralisert forvaltning av skatteinntekter og prioritering av utdanning og helse; (ii) fagrørsla, enkelte NGOar og kritiske akademikarar mobiliserar for oppbygging av nasjonal gassindustri for å skape vidareforedling i landet; og (iii) den økonomisk eliten i dei regionane der gassen er lokalisert mobiliserar for regional forvaltning.

3. Korleis er nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane knytt til demokratisk utvikling?

Nasjonaliseringa er knytt til demokratisk utvikling direkte ved at kontroll og styring av ressursforvaltninga er flytt frå marknad og byråkratiske institusjonar (utan politisk leiing) til folkevalde institusjonar. At makt ligg til folkevalde institusjonar er ein føresetnad for det demokratiske prinsippet om folkeleg kontroll. Nasjonaliseringa er også indirekte knytt til demokratisk utvikling gjennom moglegheiten for sosioøkonomisk utvikling. Med nasjonaliseringa får den bolivianske stat betydelege inntekter som kan brukast til sosioøkonomisk utvikling, ein føresetnad for vidare demokratisk utvikling i det fattige landet.

Sosioøkonomisk utvikling er i Bolivia ein føresetnad for å ivareta det demokratiske prinsippet om politisk likskap, og offentleg styring ein føresetnad for folkeleg kontroll over ressursforvaltninga. Sjølv om desse demokratiske prinsippa heng saman, kan dei også vere gjensidig utelukkande. Dersom bolivianske myndigheiter skal etterleve prinsippet om folkeleg kontroll, må dei vere lydøre overfor sivilsamfunnet. Sjølv om fleire av dei bolivianske sivilsamfunnsorganisasjonane som har stor oppslutning mobiliserar for å bruke gassressursane til sosioøkonomisk utvikling, er det ikkje alle som gjer det. Den økonomiske eliten i Santa Cruz mobiliserar for regional autonomi. Kravet inneber at gassressursane skal forvaltast av

fylkeskommunale myndigheiter der ressursane er lokalisert. Sidan storparten av denne ressursrikdomen er lokalisert i Santa Cruz og naboregionen Tarija som også er prega av organisasjonar som krev regional autonomi, vil ikkje gassressursane kome den bolivianske befolkning til gode gjennom sosioøkonomisk utvikling dersom desse interessegruppene vinn fram med sine krav. Den venstreorienterte regjeringa kan oversjå desse krava og nytte ressursane til sosioøkonomisk utvikling. Det vil i så fall vere eit døme på ei udemokratisk tilnærming til sosioøkonomisk utvikling. Bolivia står derfor med statleg kontroll over gassressursane overfor både ein demokratisk moglegheit og ei demokratisk utfordring. Det er med nasjonaliseringa skapt eit politisk handlingsrom til demokratisk utvikling.

Konklusjonen er derfor at det med nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane er skapt eit demokratisk handlingsrom, fordi naturressursen med nasjonaliseringa forvalta av folkevalde institusjonar, og fordi nasjonaliseringa gjennom skattlegging og oppbygging av nasjonal gassindustri representerar ein moglegheit for sosioøkonomisk utvikling. Frå eit demokratisyn som vektlegg eit gjensidig avhengigheitsforhold mellom sivile og politiske rettar og sosiale og økonomiske rettar, er sosioøkonomisk utvikling grunnleggande for vidare demokratisk utvikling i Bolivia.

7.2 Kontekstuelle analyser av ressursforvaltning

At land rike på naturressursar kjem dårlegare ut i forhold til velferd, økonomisk vekst, fred og demokrati enn land utan slike ressursar, vert ofte forklara med prissvingingar, og landas manglande insentiv til å vidareforedle ressursane og investere i andre sektorar. Slike forklaringar er relativt teknokratiske. Eg har med denne oppgåva argumentera for politiske analyser av forholdet mellom ressursrikdom og utvikling. Ressursrikdom er kjelde til interessekamp og ressursforvaltning vil derfor alltid gjenspegle enkelte grupper sine interesser. Sjølv om mange ressursrike land slit med manglande utvikling er det også ei rekkje land rike på naturressursar som gjer det godt i forhold til velferd, økonomisk vekst, fred og demokrati. Naturressursar er altså ikkje ei forbanning. Tvert imot har strategiske naturressursar vore kjelde til utvikling for mange land. Noreg er eit av fleire døme. Spørsmålet er ikkje kor vidt eit land har naturressursar eller ikkje, men korleis ressursane forvalta. Nasjonalisering er eit uttrykk for ynskje om ei offentleg styrt forvaltning. Fleire

land vel å ta naturressursane tilbake på offentlege hender etter ein periode med deregulering. Dette forvaltningsskiftet frå ein marknadsliberal modell til ein statleg reguleringsmodell påverkar forholdet mellom ressursrikdom og utvikling.

Frå eit demokratiteoretisk perspektiv på utvikling står menneskerettane sentralt. For å ivareta sosiale og økonomiske rettar er staten avhengig av finansielle ressursar. Strategiske naturressursar kan omsetjast i finansielle verdiar, men desse kjem ikkje nødvendigvis den enkelte stat til gode. Ressursforvaltning verda over har dei siste tiåra vore prega av eit nyliberalt utviklingsparadigme. Nyliberale reformer vart utover 1980- og 90-talet innført i Sør gjennom internasjonale finansinstitusjonar med mål om å stagge inflasjon og skape økonomisk vekst. I marknadsliberalistisk ånd vart offentleg sektor nedbygd, statleg selskap privatisert og skattesatsar og tollmurar redusert. TNS overtok ressursforvaltninga og med låge skattesatsar forsvann storparten av inntektene ressursrikdomen representerte ut av dei landa ressursane var lokalisert. Under eit slikt regime har dei ressursrike statane verken hatt finansielle midlar til å finansiere fattigdomsreduksjon eller politisk handlingsrom til å bruke midlar på omfordeling. Marknadsliberalisme og eit demokratisyn som vektlegg eit gjensidig avhengigheitsforhold mellom sivile, politiske, sosiale og økonomiske rettar kan ikkje foreinast fordi den eine tilnærminga vektlegg nedbygging av staten medan den andre vektlegg staten si rolle som utviklingspolitisk aktør. Under det nyliberale utviklingsparadigmet er staten sitt politiske handlingsrom innsnevra. Frå eit globaliseringskritisk perspektiv vert staten sett på som taparen av liberaliseringa av internasjonal økonomisk politikk.

Staten sitt politiske handlingsrom vert imidlertid ikkje utelukkande bestemt av overnasjonale diskursar, men i spenninga mellom desse diskursane som kjem ovanfrå, diskursar som utfordrar dette dominerande synet og fysiske strukturar. Hegemoniomgrepet illustrerar forholdet mellom dominerande interesser og interesser som utfordrar det etablerte. Hegemoni refererar til økonomisk, politisk, kulturell og moralsk kontroll. Mohegemonisk praksis tek ofte form av sosiale rørsler, nettverk av organisasjonar og enkeltpersonar som mobiliserar saman mot ein felles fiende og for eit felles mål ved å ta i bruk ulike aksjonsformer. Interessekampen, eller kampen om hegemoniet, føregår i sivilsamfunnet og forplantar seg oppover i systemet til ulike politiske nivå. Regjeringspolitikk gjenspeglar slik den interessekampen som føregår i sivilsamfunnet og ressursforvaltning må derfor studerast ut ifrå den debatten som føregår i sivilsamfunnet. Sivilsamfunnet er imidlertid ikkje autonomt, men må studerast i forhold til staten. Det bolivianske caset illustrerar korleis statsapparatet blir brukt som eit politisk verktøy av det organiserte sivilsamfunnet. På den andre sida vert dei

ulike sivilsamfunnsorganisasjonane påverka av statsforvaltninga. Interessekampen om naturressursar er langt frå demokratisk. Sivilsamfunnet er kjenneteikna av skeive maktrelasjonar, og dei dominerande interessegruppene gjenspeglar ikkje nødvendigvis fleirtalet sine interesser, men kva midlar den dominerande gruppa har til å overbevise andre. Interessekampen tek ofte form av sosiale rørsler, noko som var tilfellet i Bolivia der nettverk av organisasjonar og enkeltindivid stod saman bak kravet om nasjonalisering.

Nasjonalisering av strategiske naturressursar kan vere ein måte å skaffe til vegs inntekter som staten kan bruke til å finansiere sosiale reformer. Frå eit demokratiteoretisk perspektiv som vektlegg eit avhengigheitsforhold mellom sivile, politiske, sosiale og økonomiske rettar skapast det derfor med nasjonalisering eit politisk handlingsrom for demokratisk utvikling – eit demokratisk handlingsrom.

7.3 Olje for Utvikling

Det norske bistandsprogrammet Olje for Utvikling inngjekk samarbeid med bolivianske myndigheiter i 2006. Ideen bak bistandsprogrammet er at Noreg skal dele sine oljepolitiske erfaringar med olje- og gassnasjonar i Sør. Olje for Utvikling synast å vere påverka av litteraturen om ressursforbanning som vektlegg statleg kapasitet som avgjerande for forholdet mellom nasjonal utvikling og olje- og gassressursar. ”Olje for Utvikling byggjer på tre integrerte hovudtema: ressursforvaltning, inntektsforvaltning og miljøvern. Godt styresett, som inkluderar gjennomsiktighet og ansvarlegheit, er overordna”³³, medan spørsmål om nasjonal styring og politisk handlingsrom knapt vert nemnt. Det er ganske rart med tanke på at det var statleg kontroll og styring som kjenneteikna norsk oljepolitikk dei fyrste tiåra. I 1971 vedtok eit einstemmig Storting dei 10 oljeboda som la til rette for at all verksemd på norsk sokkel skulle føregå under nasjonal styring og kontroll, at det skulle opprettast eit statleg oljeselskap som skulle ivareta den norske stat sine økonomiske interesser, at oljen skulle ilandførast Noreg, og at ressursane skulle utnyttast slik av Noreg blei sjølvforsynt med råolje³⁴. Med Olje for Utvikling vil me dele våre erfaringar som oljenasjon med andre olje- og gassrike land. Statleg kontroll har vore ein essensiell del av den norske forvaltningsmodellen.

³³ www.norad.no 12.03.08

³⁴ www.museumsnett.no 30.01.08

Meddeling av våre erfaringar må derfor innebere forståing og anerkjenning av at statleg kontroll skaper eit politisk handlingsrom. Det er imidlertid ikkje denne historia Noreg gjennom sin utanrikspolitikkk meddelar oljenasjonar i Sør. Tvert imot legg Noreg gjennom Verdas Handelsorganisasjon press på andre statar til å liberalisere olje- og gassektoren (ForUM for utvikling og miljø 2008). Politisk og økonomisk liberalisering har utdefinert staten som utviklingsaktør. Som følgje vert utviklingsland fråråda å bruke dei utviklingspolitiske verktya me har nytta oss av i Nord. Noreg sitt utviklingspolitiske råd er altså "Gjer som me seier, ikkje som me gjorde". Eg har med denne oppgåva argumentert for at statleg kontroll over strategiske naturressursar skaper eit demokratisk handlingsrom. Olje for Utvikling står imidlertid i fare for å undergrave det demokratiske handlingsrommet som er skapt som følgje av nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane dersom programmet ikkje anerkjenner ressursforvaltning som ei politisk sak og nasjonaliseringa som ein moglegheit for demokratisk utvikling.

7.3 Upløgd jord - nye innfallsvinklar

I løpet av arbeidet med oppgåva har det dukka opp mange interessante tema og spørsmål som eg gjerne skulle ha fylgt opp, men har måtta latt bli for halde oppgåva så spissa som mogleg. Eg vil her presentere tre av dei.

7.3.1 Sivilsamfunn som politisk arena

Som eg har diskutert i denne oppgåva illustrerar det bolivianske caset det samansette forholdet mellom stat og sivilsamfunn. Struktura til regjeringspartiet MAS der grasrotorganisasjonar utgjer ein stor del av partiet, men også den klare linken mellom CPSC og dei tradisjonelle partia illustrerar at verken stat eller sivilsamfunn er autonome einingar, men påverkar kvarandre gjensidig. Eit studie av forholdet mellom regjeringspartiet og grasrotorganisasjonane hadde vore interessant. Korleis fungerer denne organiseringa? Følgjer partiet ein harmonimodell eller er det rom for usemje i partiet? Kva følgjer har regjeringsprosjektet på grasrotorganisasjonane? Eg har i denne oppgåva sett på ulike interessegrupper i forhold til gassforvaltning og diskutert mangfald, samarbeid og konflikter i det organiserte sivilsamfunnet. Eit studie av alliansar og konflikter i sivilsamfunnet på tvers av regionar og sektorinteresser ville ha vore veldig interessant i forhold til perspektivet på sivilsamfunn som

arena for politisk kamp. Kva type organisasjonar samarbeider og kva saker står dei saman om? Er det saker som verkar splittande på alliansar? Kven representerar dei ulike organisasjonane og kor stor oppslutning har dei?

7.3.2 Elitekamp

Eg har definert Halvmånediskursen som ein klassekamp snarare enn ein regionskamp. Spørsmål eg gjerne skulle ha arbeida vidare med er: Kor representative er CPSC? Kor stor oppslutning har dei i Santa Cruz? Kor stor oppslutting har dei fattige urfolks organisasjonane i denne regionen? Kva sosiale grupper er det dei ulike organisasjonane mobiliserar? Kva er alliansane i regionen? Studier av CPSC og kampen for regional autonomi er viktig for å forstå dynamikken i det politiske landskapet regionalt, men også i Bolivia som heilskap. Interessekampen i Santa Cruz spelar ei avgjerande rolle i forhold til Bolivias framtid, fordi store delar av landets ressursar er lokalisert i denne regionen, og fordi utfallet av autonomidebatten vil få store politiske følgjer for landets utvikling. Halvmånediskursen har fått godt feste i internasjonalt og norsk media. Som eg har argumentert for er denne diskursen misvisande i forhold til dei interessekampane som faktisk utspelar seg. Eg har karakterisert CPSC som den økonomiske eliten sin organisasjon. Likevel har organisasjonen og deira krav om regional autonomi fått stor oppslutning blant folk frå ulike sosiale lag. Diskursanalysar av halvmånediskursen vil vere essensielt for å auke internasjonal forståing av den bolivianske maktkampen.

7.3.3 Regional integrering

Frå eit avhengigheitsperspektiv kan regional integrering verke som utviklingsstrategi i ein globaliseringskontekst. I forhold til energisektoren er dette eit brennande tema i Latin-Amerika. Joint Ventures mellom statlege gass- og oljeselskap i regionen, handelsavtaler og handelskontraktar sikrar forsyning og gode prisar innan regionen. Med dei nest største gassreservane i regionen spelar Bolivia ei viktig rolle i forsyning av gass. Eit døme er dei store forsyningsavtalane Bolivia har med Argentina, men eit slikt regionalt energisamarbeid er ikkje utelukkande positivt. Planer om gassrørledning frå Venezuela til Brasil har møtt stor motstand blant miljørørsla i regionen. Er oljeåra som går mellom Bolivia, Peru og Ecuador kjelde til konflikt? Kven skal oljen tilfalle? I dag vann ikkje Bolivia ut særleg med olje, men

har eit stort potensiale for det. Rochlin(2007) teiknar eit skilje mellom blokkane Brasil, Chile og Peru på den eine sida og Bolivia, Argentina, Venezuela og Ecuador på den andre. Han understrekar at sjølv om den fyrste blokken er venstreorientert i den grad at dei støttar opp under velferdspolitisk omfordeling som bryt med den nyliberale modellen, følgjer desse landa "mainstream" global kapitalisme. Bolivia, Argentina, Venezuela og Ecuador på den andre sida motkjempar transnasjonal kapital og søker å gje staten makt til å vere hovudaktør i økonomiske saker.

7.3.4 Mitt bidrag

Denne oppgåva gjev nyttige perspektiv til desse temaa. Nasjonalisering av dei bolivianske gassressursane hadde vore vanskelegare å gjennomføre utan eit regionalt politisk klima for statleg regulering. På same måte som nasjonaliseringa har skapt eit politisk handlingsrom for bolivianske myndigheiter, har den venstreorienterte bølga i Latin-Amerika skapt eit politisk handlingsrom for Bolivia og andre land som ynskjer å ta ressursforvaltning tilbake til offentleg hender. Eg har gjort greie for det bolivianske gasselskapet YPF sine samarbeidsavtaler med andre gasselskap i regionen og korleis den bolivianske gassressursen representerar ei viktig energikjelde for nabolanda Argentina og Brasil. Oppgåva mi er derfor eit bidrag til studier av regional integrering i Latin-Amerika.

Eg har i denne oppgåva diskutert oppslutninga om CPSC sitt krav om at gassressursane skal forvaltast av fylkeskommunale myndigheitene der naturgassen er lokalisert. CPSC mobiliserte fleire hundretusen til å demonstrere for økonomisk autonomi på regionalt nivå, og fleirtalet av dei som deltok i folkeavstemninga stemte for autonomi. På den andre sida viser undersøkinga gjort av UNDP at 2/3 av befolkninga i regionen meiner at sentrale myndigheiter best kan forvalte naturressursen. Med desse forholda har eg illustrert meiningsmangfaldet i regionen, eit nyttig poeng for studier av eliten sitt krav om regional autonomi.

Med eit stat-i-samfunn perspektiv har eg vektlagt interessekampen slik den utspelar seg i sivilsamfunnet i studiet av forholdet mellom demokratisk utvikling og nasjonaliseringa av dei bolivianske gassressursane. Oppgåva er eit bidrag til studier av bolivianske sivilsamfunnsorganisasjonar og deira politiske kanalar. Dei skildringane eg har gjeve av dei ulike organisasjonane sine synspunkt, strategiar og alliansar og konflikhtar i sivilsamfunnet, vil vere nyttige for framtidige studier av sivilsamfunn og politikkutvikling i Bolivia.

Referanseliste

- Agnew, J. & S. Corbridge. 1995. *Mastering Space. Hegemony, territory and international political economy*. Routledge, London & New York.
- Albro, R. 2005. The Indigenous in the Plural in Bolivian Oppositional Politics. *Bulletin of Latin American Research*, Vol. 24, No. 4. 433-453.
- Alvarez, S. E. et al. (eds). 1998. *Cultures of Politics. Politics of Cultures*. Westview, Oxford.
- Asamblea Nacional de Organizaciones Indígenas, Originarias, Campesinas y de Colonizadores de Bolivia. 2007. *Propuesta para la nueva constitución política del estado*. La Paz.
- Beetham, D. 2000. *Democracy and Human Rights*. Polito Press, Cambridge.
- Blum, J. 2005. National Oil Firms Take Bigger Role: Governments Hold most of World's Reserves. *Washington Post*, 3 Aug.
- Castells, M. 2004. *The Power of Identity*. Second edition. Blackwell Publishing, Oxford.
- Carvajal, J. Q. 2006. *Bolivia en la Agenda Mundial. Recursos Naturales, Empresas Transnacionales y Derechos Humanos*. Mágica Editores, La Paz.
- Centro de Documentación e Información 2006a. *Bolivia Press*. No. 12. Cochabamba.
- Centro de Documentación e Información 2006b. *Base de datos sobre Recursos Naturales – Bolivia. Estadísticas del sector hidrocarburiífero*. Cochabamba.
- Centro de Estudios Superiores Universitarios. 2006. *Ojo Energetico*. Cochabamba.
- Chase, J. (ed.). 2002. *The Spaces of Neoliberalism. Land, Place and Family in Latin America*. Kumarian Press, Connecticut.
- Cox, R. W. 2005. Gramsci, hegemony and international relations. An essay in method. In: Louise, A. (ed.). *The Global Resistance Reader*. Routledge, London & New York.
- Crook, R. C. & J. Manor. 1998. *Democracy and Decentralisation in South Asia and West Africa. Participation, Accountability and Performance*. Cambridge University Press, Cambridge.
- Della Porta, D. & M. Diani. 1999. *Social Movements. An Introduction*. Blackwell Publishing, Oxford.
- Dickens, P. 1998. *Global shift. Transforming the world economy*. Third Edition. SAGE, London.

- Eaton, K. 2007. Backlash in Bolivia: Regional Autonomy as a reaction against Indigenous Mobilization. *Politics & Society*, Vol. 35, No. 1. 71-102.
- Ejdesgaard Jeppesen, A. M. 2002. Reading the Bolivian Landscape of Exclusion and Inclusion: The Law of Popular Participation. In: *Webster, N. & L. Engberg-Pedersen. (eds). In the name of the poor.* Zed Books, London.
- Flyvbjerg, B. 2006. Five Misunderstandings About Case-Study Research. *Qualitative Inquiry*, Vol. 12, No. 2. 219-245.
- ForUM for utvikling og miljø. 2008. "Gjør som vi sier, ikke som vi gjorde". *Norske krav til liberalisering av energitjenester under WTO.* Oslo.
- Garat, M. 2007. Å skille klinten fra hveten. *Kvinner Sammen.* No. 2. 20-21.
- Graham, P.M. 2005. Socio-Economic Rights: Cornerstone or Capstone of Democracy? In: *Jones, P & K. Stokke. (eds). Democratizing Development. The Politics of Socio-Economic Rights in South Africa.* Martinus Nijhoff Publishers, Netherlands.
- Gwynne, R.N. & C. Kay (eds). 2004. *Latin America Transformed. Globalization and Modernity.* Hodder Arnold, London.
- Harvey, D. 2000. *Spaces of Hope.* Edinburgh University Press, Edinburgh.
- Hesselberg, J. 1998. *Spørreundersøkelse og intervju i utviklingsland. En guide for hovedfagsstudenter.* Occasional Paper 25. Institutt for Sosiologi og Samfunnsgeografi, Universitetet i Oslo.
- Jones, P. & K. Stokke. (eds). 2005. *Democratizing Development. The Politics of Socio-Economic Rights in South Africa.* Martinus Nijhoff Publishers, Netherlands.
- Karl Lynn, T. 2004. Oil-Led development: Social, Political and Economic Consequences. *Encyclopaedia of Energy*, Vol. 4. Elsevier, New York.
- Kiely, R. 2007. *The New Political Economy of Development. Globalization, Imperialism, Hegemony.* Palgrave, New York.
- Kohl, B. & L. Farthing. 2006. *Impasse in Bolivia. Neoliberal Hegemony and Popular Resistance.* ZedBooks, London.
- Kohl, B. 2006. Challenges to Neoliberal Hegemony in Bolivia. *Antipode*, Vol. 38, No. 2. 304-326.
- Kohli, A. & V. Shue. 1994. State power and social forces: on political contention and accommodation in the Third World. In: *Migdal, J. S. et al. (eds). State Power and social Forces. Domination and Transformation in the Third World.* Cambridge University Press, Cambridge.

- Kvale, S. 1996. *InterViews. An Introduction to Qualitative Research Interviewing*. SAGE Publications, USA.
- Lazar, S. 2006. El Alto, Ciudad Rebelde: Organisational Bases for Revolt. *Bulletin of Latin American Research*, Vol. 25, No. 2. 183-199.
- Lefebvre, H. 1991. *The Production of Space*. Blackwell Publishing, Oxford.
- Linné Eriksen, T. 2006. Globalisation: Myth, Miracle, Monster? In: *Banik, D. (ed.) Poverty, Politics and Development. Interdisciplinary Perspectives*. Fagbokforlaget, Bergen.
- Luckham et al. (eds). 2003. Democratic Institutions and Democratic Politics. In: *Bastian, S. & R. Luckham. Can Democracy be designed? The politics of institutional choice in conflict-torn societies*. Zed Books, London.
- Martinez, N. 2007. Latin America's New Petro-Politics. *Multinational Monitor*, Vol. 28, No.1. 19-22.
- McNeish, J. A. 1999. *Pueblo Chico, Infierno Grande: Globalisation and the Politics of Participation in Highland Bolivia*. Doktorgradsavhandling i antropologi, Goldsmith College, London.
- McNeish, J. A. 2006. Stones on the Road: The politics of Participation and the Generation of Crisis in Bolivia. *Bulletin of Latin American Research*, Vol. 25, No. 2. 220-240.
- Mehlum, H. et al. 2006. Institutions and the Resource Curse. *The Economic Journal*, Vol. 116, No. 515. 1-20.
- Migdal, J.S. et al. (eds). 1994. *State Power and Social Forces. Domination and Transformation in the Third World*. Cambridge University Press, Cambridge.
- Ministerio de Hidrocarburos & Energía. 2007a. *YPFB. Setenta años*. La Paz.
- Ministerio de Hidrocarburos y Energía. 2007b. *Nueva Política Hidrocarburífera del País. Distribución de I.D.H., Regalías y Participaciones*. La Paz.
- New Internationalist. 2008. *Journey to the half moon*. April. No. 410.
- Observatorio boliviano de industrias extractivas. 2006. Contratos que Consolidan la Viaja Política Neoliberal. *El Observador*. Vol. 1, No. 3. La Paz.
- Olje- og energidepartementet. 2002. *Fakta 2002- Norsk Petroleumsverksemd*. Oslo.
- Parlamento. 2005. *Nueva Ley de Hidrocarburos. Ley No. 3058*. La Paz.
- Perreault, T. 2006. From the Guerra Del Agua to the Guerra Del Gas: Resource Governance, Neoliberalism and Popular Protest in Bolivia. *Antipode*, Vol. 38, No. 1. 150-172.

- Petras, J. & H. Veltmeyer. 2005. *Social Movements and State Power. Argentina, Brazil, Bolivia, Ecuador*. Pluto Press, London.
- PNUD. 2007. *Informe Nacional sobre Desarrollo Humano 2007. El estado del Estado en Bolivia*. La Paz.
- Radcliffe, S.A. 2004. Civil society, grassroot politics and livelihoods. In: *Gwynne, R.N. & C. Kay (eds). Latin America Transformed. Globalization and Modernity*. Hodder Arnold, London.
- Rivero, S. 2006. *El Poder de las Luchas Sociales. 2003: Quiebre del discurso neoliberal*. EDOBOL, La Paz.
- Rochlin, J. 2007. Latin America's Left Turn and the New Strategic Landscape: the case of Bolivia. *Third World Quarterly*, Vol. 28, No. 7. 1327-1342.
- Sachs, J.D. & A.M. Warner. 1995. *Natural Resource Abundance and Economic Growth*. Working Paper 5398. National Bureau of Economic Research. Cambridge.
- Salman, T. 2006. The jammed Democracy: Bolivia's Troubled Political Learning Process. *Bulletin of Latin American Research*, Vol. 25, No. 2. 163-182.
- Singer, M.M. 2007. The presidential and parliamentary elections in Bolivia, December 2005. *Electoral Studies*, Vol. 26, No. 1. 200-205.
- Smith, D.A. et al. (eds). 1999. *States and Sovereignty in the Global Economy*. Routledge, London & New York.
- Spronk, S. & J. R. Webber. 2007. Struggles against accumulation by Dispossession in Bolivia The Political Economy of Natural Resource Contention. *Latin American Perspectives*, Vol. 34, No. 2. 31-47.
- Stake, R. E. 2000. The Case Study Method in Social Inquiry. In: *Gomm, R., Hamersley, M & Foster, P. (eds). Case Study Method*. SAGE Publications, London.
- Stake, R. E. 2005. Qualitative Case Studies. In: *Denzin, N. K. & Y. S. Lincoln. (eds). The SAGE Handbook and Qualitative Research 2005*. SAGE Publications, London.
- Stokke, K. 1999. *Politisk Geografi*. Tano Aschehoug, Otta.
- Sundstøl Eriksen, S. 2002. Staten, markedet og globaliseringen: Maktutredningen om globaliseringen og nasjonalstaten. *Agora*, Vol. 20, No 3-4. 81-110.
- Sundstøl Eriksen, S. & K. Nordhaug. 2006. The Politics of Survival in the Making of Weak and Strong States. *Forum for Development Studies*, Vol. 33, No. 2. 237-265.
- Thagaard, T. 2003. *Systematikk og Innlevelse*. Fagbokforlaget, Bergen.

- Tedesco, L. 2007. *The Latin American State: 'Failed' or Evolving?* Working Paper 37. Fundación para las Relaciones Internacionales y el Diálogo Exterior. Universidad Autónoma de Madrid.
- Turner, M. & D. Hulme. 1997. *Governance, Administration & Development. Making the state work.* Palgrave, New York.
- UNDP. 2006. *Human Development Report 2006. Beyond scarcity: power, poverty and the global water crisis.* New York.
- UNHCHR. 2008. *Press Release: UN Special Rapporteur expresses concern regarding recent events in Bolivia.* 10. April.
- Van Cott, D.L. 2005. *From Movements to Parties in Latin America. The evolution of ethnic politics.* Cambridge University Press, New York.
- Wade, R. 2003. What strategies are viable for developing countries today? The WTO and the shrinking of development space. *Review of International Political Economy*, Vol. 10, No. 4. 621-644.
- Wantchekon, L. 2002. *Why do Resource Abundant Countries have Authoritarian Governments?* Yale University. Lasta ned frå:
www.afea-jad.com/2002/Wantchekon3.pdf
- Wantchekon, L. 2006. Demokrati med olje i. Et intervju med Leonard Wantchekon. I: *Sigurd Jorde (red.). Oljespill. Jakten på Afrikas svarte gull.* Solidaritet Forlag, Oslo.
- Weiss, L. (ed.). 2003. *States in the Global Economy. Bringing Domestic Institutions Back In.* Cambridge University Press, Cambridge.
- Winther Jørgesen, M. & L. Phillips. 1999. *Diskursanalyse som teori og metode.* Roskilde Universitetets Forlag, Fredriksberg.

Nettsider

www.dagbladet.no/nyheter/2007/12/16/521361.html 16.12.07

<http://devdata.worldbank.org/external/CPProfile.asp?SelectedCountry=BOL&CCODE=BOL&CNAME=Bolivia&PTYPE=CP> 31.03.08

www.dnbnor.no/markets/valuta_og_renter/valutakurser/historiske/2004.html 15.03.08

www.dnbnor.no/markets/valuta_og_renter/valutakurser/historiske/2006.html 15.03.08

[www.globalis.no/Land/Bolivia/\(show\)/indicators](http://www.globalis.no/Land/Bolivia/(show)/indicators) 08.04.08

www.imf.org/external/pubs/ft/scr/2007/cr07248.pdf 10.06.08

www.latinamerika.nu/kategorier/politik-samh-lle/konflikt-kring-pensioner 22.11.07

http://memory.loc.gov/cgi-bin/map_item.pl?data=/home/www/data/gmd/gmd5/g5321/g5321f/ct001886.jp2&style=gnrlm ap&itemLink=D?gmd:5:./temp/~ammem_Nxzd:.&title=Bolivia,%20administrative%20divisions 14.04.08

www.musemsnett.no/ntm/no/utstillingene/Jakten_oljen/historie.htm 30.01.08

<http://newsvote.bbc.co.uk/mpapps/pagetools/print/news.bbc.co.uk/2/hi/americas/7383>
05.05.08

www.norad.no/default.asp?V_ITEM_ID=10049 12.03.08

www.npd.no/cgi-bin/MsmGo.exe?grab_id=27&EXTRA_ARG=&CFGNAME=MssFindNO%2Ecfig&host_id=

[42&page_id=7736320&query=skatt&hiword=SKATTE+SKATTENS+skatt+SKATTER+SKATTEN+SKATTAR+SKATTENE+](#) 18.09.07

www.opendemocracy.net/democracy-protest/morales_3210.jsp 09.10.07

www.transparency.org/policy_research/surveys_indices/cpi/2007 15.03.08

<http://web.worldbank.org/WBSITE/EXTERNAL/COUNTRIES/LACEXT/BOLIVIAEXTN/0,,menuPK:322289~pagePK:141132~piPK:141107~theSitePK:322279,00.html> 25.02.08

Vedlegg 1

Liste over intervju

Sivilsamfunnsorganisasjonar

<u>Akronym</u>	<u>Organisasjon</u>	<u>Dato</u>	<u>By</u>	<u>Informant, stilling i organisasjon</u>
ADHB	Asamblea De derechos Humanos Bolivia	12.04.07	La Paz	Guillermo Villelas, president
CEADES	Colectivo de Estudios Aplicados al Desarrollo Social	21.03.07	Santa Cruz	Henry Tito
CEDIB	Centro de Documentación e Información Bolivia	27.02.07	Cochabamba	Gustavo Rodriguez
CEDLA	Centro de Estudios para el Desarrollo Laboral y Agrario	19.02.07	La Paz	Pablo Poveda
CEJIS	Centro de Estudios Jurídicos e Investigación Social	25.03.07	Santa Cruz	Leonardo Tamburini, direktør
CfD	Center for Democracy	26.02.07	Cochabamba	Aaron Luoma
CIDOB	Confederación de Pueblos Indígenas de Bolivia	20.03.07	Santa Cruz	Adolfo Chavez, generalsekretær
CIPCA	Centro de Investigación e Promoción del Campesinado	22.03.07	Santa Cruz	Eduardo Mendoza, direktør
COB	Confederación Obrera Bolivia	03.05.07	La Paz	Pedro Montes, president
CSJ	Café Semilla Juvenil	12.04.07	La Paz	Isabel Miscara, ansvarleg
CSUTCB	Conf. Sindical Única de Trabajadores y Campesinos Bol.	10.03.07	La Paz	Isac Avalo, generalsekretær
FEJUVE	Federación de Juntas Vecinales	13.04.07	El Alto	Potugal Cabana, visepresident
FSMC-BS	Federación Sindical de Mujeres Campesinas – Bartolina S	07.03.07	La Paz	Gruppeintervju
FSMCSC	Federación de Mujeres Campesinas Santa Cruz	21.03.07	Santa Cruz	Segundina Flores
FNMCB	Federación Nacional de Mujeres Campesinas Bolivia	07.03.07	La Paz	Hilda, Luisa m.fl.

FSTPB	Federación Sindical de Trabajadores Petroleras Bolivia	10.03.07	La Paz	David Reynoso Cuenca
PNUD	Programa de las Naciones Unidas para el Desarrollo	07.03.07	La Paz	Antonio Aranibar

Offisielle politikarar

<u>Informant</u>	<u>Institusjon</u>	<u>Dato</u>	<u>By</u>	<u>Verv</u>
Angelica Siles	Asamblea Constituyente	25.04.07	Sucre	Kommisjonen for Økonomi og Finans
Carlos Cuasace	Senado	18.04.07	La Paz	Senator for MAS, Santa Cruz
Fernando Loayza,	Ministerio de Hacienda	02.03.07	La Paz	Inntektssjef
Gustavo A. Morales	Consejo Municipal, El Alto	12.04.07	El Alto	President
Ines Avalos	Superintendencia de Hidrocarburos	06.03.07	La Paz	Direktør
Jose Bailaba	Asamblea Constituyente	25.04.07	Sucre	Kommisjonen for jord og fornybare ressursar
Juan Enrique Jurabe	Asamblea Constituyente	24.04.07	Sucre	President i Kommisjonen for hydrokarbon
Julia Ramoz	Parlamento Nacional	16.04.07	La Paz	Folkevald for MAS, Tarija
Nelida Faldín	Asamblea Constituyente	24.04.07	Sucre	Kommisjonen for statens nye struktur
Victor Hugo Sainz	Ex superintendente	05.03.07	La Paz	Tidlegare president i Superintendencia
William Donaire	Ministerio de Hidrocarburos	09.03.07	La Paz	Viseminister

Akademikarar

<u>Informant</u>	<u>Institusjon</u>	<u>Dato</u>	<u>By</u>	<u>Stilling</u>
Mirko Órgaz	UMSS Universidad Mayor de San Simon- La Paz	11.04.07	La Paz	Forskar
Roberto Fernandez	UMSS Universidad Mayor de San Simon- Cochabamba	27.02.07	Cochabamba	Forskar

Intervjuguide

Sivilsamfunnsorganisasjonar:

1. Er du einig i hypotesen mi om at nasjonaliseringa av gassressursane har skapt eit demokratisk handlingsrom?
2. Korleis kan ein sikre at ressursane bidreg til demokratisk og sosioøkonomisk utvikling?
3. Korleis bør skatteinntektene investerast?
4. Er det nokon offentleg debatt om forvaltninga av gassressursane?
5. Finnast det kanalar mellom stat og sivilsamfunn i forhold til dette temaet?
6. Korleis søker din organisasjon å påverke forvaltninga?
7. Kva rolle skal dei sosiale rørslene spele i forvaltning av ressursane?
8. Korleis sikre sosial kontroll over forvaltninga?

Offisielle politikarar:

1. Er du einig i hypotesen mi om at nasjonaliseringa av gassressursane skaper eit demokratisk handlingsrom?
2. Korleis kan ein sikre at ressursane bidreg til demokratisk og sosioøkonomisk utvikling?
3. Korleis kan skatteinntektene frå sektoren best investerast?
4. Finnast det kanalar mellom stat og sivilsamfunn i forhold til dette temaet?
5. Kva rolle skal dei sosiale rørslene spele i forvaltning av ressursane?
6. Korleis sikre sosial kontroll over forvaltninga?

Akademikarar:

1. Er du einig i hypotesen mi om at nasjonaliseringa av gassressursane skaper eit demokratisk handlingsrom?
2. Kva veit du om nasjonaliseringsprosessen?
3. Korleis kan skatteinntektene frå sektoren best investerast?
4. Kva meiner du om at universiteta får ein relativ stor del av inntektene?
5. Korleis sikre sosial kontroll over sektoren?